



**SFE**

**ÅRSRAPPORT  
2022**

# Innhold



SIDE	KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA
3	Konsernsjefens ord
6	Om SFE
8	Samfunnsansvar og berekraft
10	Hendt i 2022
12	Nøkkeltal
18	Årsmelding
29	<b>Rekneskapstal konsern</b>
34	Notar konsern
81	<b>Rekneskapstal mor</b>
86	Notar mor
100	Erklæring om årsrekneskap
101	<b>Erklæring frå revisor</b>
106	Samfunnsrekneskap
107	Presentasjon av konsernstyret
109	Presentasjon av konsernleiringa



## KONSERNSJEFENS ORD

Vi skaper  
den fornybare  
framtida

Krigen som braut ut i Ukraina i 2022 ga oss eit nytt, mørkt kapittel i europeisk historie. Følgjene dette har fått for folk og samfunn i Ukraina er hjarteskerjande og fortvilande. Sjølv om konsekvensane for resten av Europa bleiknar samanlikna med dei som er direkte råka, har konflikten ført til viktig lærdom på ei rekke område. Ein av dei er viktigeita av energitryggleik og tilstrekkeleg sjølvforsyning av energi. Sjølv om SFE er ein liten aktør i det store biletet, er det samla bidraget frå selskap som oss viktig for at samfunnet skal ta nye steg i retning tilstrekkeleg tilgang på energi, og ikkje minst rein, fornybar energi.

### 565 GWh ny kraftproduksjon

Vi er derfor stolte over å ha bidratt med mykje ny fornybar energiproduksjon i året som gjekk. Både åleine og saman med gode partnarar opna vi tre nye kraftverk i 2022. Østerbø kraftverk i Høyanger og Jølstra kraftverk i Sunnfjord har vi utvikla i samarbeid med Eviny, og samla gir dei nye 415 GWh ny fornybar energi, eller tilsvarannde forbruket til 22 000 husstandar. Hausten 2022 opna vi vårt første, heilegde vindkraftanlegg på Lutelandet i Fjaler kommune, med ein venta årleg produksjon på 150 GWh.

Frå Enova fekk vi og samarbeidspartnarar i 2022 innvilga 132 millionar kroner i støtte til HyFuel-prosjektet som omfattar produksjonsanlegg for hydrogen i tilknyting til Fjord Base i Florø. Nettselskapet Linja har dei gjennom året bygd og renovert over 100 km straumnett, og sikra både auka forsyningstryggleik og meir kapasitet til næringsutvikling og fornybar kraftproduksjon.

Samla er dette nokre av prosjekta som er drive fram av kompetente og engasjerte tilsette, i tråd med samfunnsoppdraget vårt.

#### Føreseielege rammevilkår avgjerande

Men skal vi og andre fornybarselskap forvalte samfunnsoppdraget på best mogleg måte, bidra til ei grøn energiomstilling og reduserte klimautslapp, er vi avhengige av stabile og føreseielege rammevilkår. I 2022 foreslo regjeringa ein betydeleg grunnrenteskatt på vindkraft, samstundes som dei innførte ein kraftig auke i grunnrenteskatten på vasskraft. Det vart også frå 28.09.22 innført ei heilt ny avgift på kraftproduksjon, den såkalla høgprisavgifta.

Vi er på ingen måte i mot at verdiskaping basert på naturressursar kjem fellesskapet til gode gjennomskattar og avgifter. Men samla sett er skattetrykket no så høgt at mange samfunnsøkonomiske kraftutbyggingar kan bli skrinlagt. Dette samsvarar ikkje med dei ambisjonane som er på energifeltet nasjonalt og internasjonalt.

Når rammevilkår stadig blir skjerpa, og i tillegg får tilbakeverkande kraft, øydelegg det tilliten som må vere tilstades om ein skal evne å tiltrekke seg kapitalen, frå både norske og internasjonale aktørar, som trengs for å oppnå målet om meir fornybar kraftproduksjon.

#### Nettselskapet Linja vart styrka i 2022

Svekka rammevilkår hindrar oss likevel ikkje i å framleis ha sterke ambisjonar om å vere ein aktør som aktivt tek del i det grøne skiftet. 2022 var eit år der vi tok nye steg i å styrke organisasjonen og verksemndene for framtida. Tidlegare har vi slått saman straumsalsverksemda vår med andre aktørar i regionen og danna selskapet Wattn. Etter mange månadar med intensivt arbeid med å utgreie fusjon, vart det på tampen av 2022 vedteke å slå saman nettverksemda Linja med naboselskapet Mørenett. Samstundes reindyrkar vi den delen av verksemda som driv med kraftproduksjon.

Vi trur tida for dei tradisjonelle, vertikalintegrerte kraftkonserna er forbi, og at det er rett å la dei ulike verksemndene stå på eigne ben framover. Dette gir dei ulike verksemndene tydelegare formål, sterke og fokuserte organisasjonar, kraftigare finansielle musklar og auka konkurransekraft. Vi gler oss til neste kapittel, og er svært motiverte til å jobbe vidare for å realisere visjonen vår – å skape den fornybare framtida! Men dette krev at styresmaktene gir oss rammevilkår som gjer dette mogleg!

*- Johannes Raubøe*



# VISKAPER DEN FORNYBARE FRAMTIDA


# Om SFE



Gjennom bruk av lokale naturressursar produserer og distribuerer vi fornybar energi. Vi må utnytte naturen på ein skånsam og ansvarleg måte, som bidreg til ei balansert, berekraftig og verdiskapande utvikling av verksemdene våre. Dette er SFE:



SFE Produksjon AS er operatør for 28 av 33 heil- eller deleigde kraftverk, og selskapet produserte 2 246 GWh i 2022. Dette tilsvarar straumbruken i 130 000 heimar.



Linja AS er 100% eigd av SFE og har ansvaret for overføring av elektrisk kraft til 25 300 kundar i seks kommunar i Nordfjord og Sunnfjord. Linjenettet vårt strekk seg meir enn 4 000 km, det tilsvarar ein biltur frå Sogn til Vadsø og tilbake.

## EIGARSKAPSTABELL

### 100% offentleg eigarskap

Sogn og Fjordane Holding AS	49,51%	Bremanger kommune	2,47%*
Eviny AS	36,80%	Stad kommune	1,57%
Kinn kommune	4,64%	Askvoll kommune	1,48%
Gloppen kommune	3,45%	Sunnfjord kommune	0,08%

\* gjennom Bremanger Eigedom AS



## KONSERNSTRUKTUR

### Sogn og Fjordane Energi AS



# Samfunnsansvar og berekraft

Vi er stolte over at kjerneverksemda vår er eit viktig bidrag i kampen mot klimaendringane. Samstundes har vi og eit ansvar for at drifta av vårt eige selskap er berekraftig, anten det gjeld arbeidet med å drifta kraftstasjonar og straumnett, etablering av nye anlegg eller alle støttefunksjonane.



FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål består av 17 mål og 169 delmål. Måla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.\*

SFE har valt ut åtte av berekraftsmåla som vi prioriterar å jobbe med. Som kraftprodusent bidreg vi til å auke mengda av rein energi. I det arbeidet er det viktig å ta omsyn til det vi sjølv forbrukar for å lage energien og kva konsekvensar det har for dyreliv og klimaendringar.

## Klimapanel

Klimapanelet i SFE er eit rådgjevande organ som har som oppgave å følgje opp arbeidet med miljø, klima og berekraft i SFE-konsernet og bidra til at dette vert forankra i organisasjonen. Panelet har sju medlemmar.

## Klimarekneskap og klímarapportering

Vi fører klimarekneskap. Rekneskapen inkluderer den verksamda som konsernet står for, i tillegg til dei heil- og deleigde produksjonsanlegga som vi er operatør for. Vi nyttar «Klimakost» for føring av klimarekneskap i høve prinsippa i GHG-protokollen (Green House Gas Protocol). Den første offisielle klimarekneskapen vart levert i 2020.

## Klímarapportering

Vi rapporterer på tre ulike kategoriar, også kalla «scopes». I rapporteringsåret 2022 har vi berekna vårt totale klimagassutslepp til å vere 3 075 tonn CO<sub>2</sub>e. Fordelinga er 667 tonn CO<sub>2</sub>e på scope 1, 90 tonn CO<sub>2</sub>e på scope 2 lokasjonsbasert, 0 tonn CO<sub>2</sub>e på scope 2 marknadsbasert og 2 318 tonn CO<sub>2</sub>e på scope 3.

## Miljøsertifisering

Hovudkontoret til SFE på Sandane og Linja sitt kontor i Florø har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2008. I 2021 vart dette utvida, og alle dei åtte montørbasane til Linja er no sertifiserte som Miljøfyrtårn. Ved hjelp av dette miljøstyringssystemet, kartlegg og måler vi aktiviteten vår på arbeidsmiljø, energibruk, transport, innkjøp og avfall.



## Klimapartnere

SFE er medlem av Klimapartnere. Dette er eit landsomfattande klimanettverk for bedrifter og kommunar der er kunnskapsutveksling, samarbeid og inspirasjon til måloppnåing ligg til grunn.

\*<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>



## SPONSOR OG ENGASJEMENT

For oss er det viktig at verdiskapinga vår kjem offentlege eigaraar, lokalsamfunn og andre viktige formål til gode. Dette både gjennom direkte økonomisk verdiskaping, som skattar, avgifter og utbyte, men også gjennom støtte til aktørar og organisasjonar som arbeider for vekst, utvikling og trivsel i samfunnet. Dette spenner frå små, lokale prosjekt i regi av eldsjeler til større internasjonale solidaritetsprosjekt. I fleire år har vi støttat prosjekt som gir reint vatn i Sierra Leone og Zimbabwe saman med Plan Norge. I 2022 bidrog vi med 100 000 kroner til Plan Norge sitt arbeid for kvinner og barn på flukt i Ukraina, i tillegg til at nett-selskapet Linja donerte viktig utstyr og komponentar i arbeidet med å bygge opp viktig infrastruktur i landet.

## Drivprisen

Drivprisen vart etablert i 2019 av SFE i lag med Innovasjon Norge, Sparebanken Sogn og Fjordane, Vestland Fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet. Drivprisen er ein grøn innovasjonspris. Den skal premiere og inspirere idear, teknologi og menneske som siktat på å bli ein viktig del av klimaløysinga. Vinnarane av Drivprisen vert kåra under Kraft i Vest-konferansen på Sandane.

**Kraft i Vest** er vår årlege næringskonferanse på Sandane som samlar 300 engasjerte deltakarar frå bransje og region. I tillegg inviterer vi skuleklasser frå vidaregåande skule og frå Høgskulen på Vestlandet. Vi tek opp aktuelle samfunnstema og berekraft har fast plass på agendaen. Kraft i Vest arrangerer vi i lag med våre partnerar Sparebanken Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Innovasjon Norge og Vestland Fylkeskommune



# Hendt i 2022

## FEBRUAR

HyFuel fekk 132 MNOK i støtte frå ENOVA. Med det var ei viktig brikke på plass i arbeidet med å etablere hydrogenproduksjon i Florø. Anlegget skal etter planen byggast på Fjord Base i Florø, som er ei sentral hamn mellom Ålesund og Bergen med over 2 000 årlege skipsanløp. SFE eig HyFuel i lag med Fjord Base Holding og Gasnor, med ein eigarandel på 33,3% kvar.



## MAI

Atle Isaksen vart tilsett som ny nettdirektør i Linja. Han tok over etter Asgeir Aase som gjekk av med pensjon. Atle kom frå jobben som leiar for nettforvalting og utvikling i BKK Nett, men har 17 år bak seg i tidlegare SFE Nett. Der har han vore både prosjekt-ingeniør, avdelingsleiar og konstituert nettdirektør.



## JUNI

Fylkesordførar Jon Askeland stod for opninga av Østerbø kraftverk i Høyanger kommune. Dette er eitt av dei få, store kraftverka som er bygde i Noreg dei siste åra. Årleg produksjon tilsvrar straumbruken på ei av ferjene mellom Lavik og Oppedal i heile 50 år. SFE er eigar og operatør av Østerbø kraftverk og Eviny Fornybar har medeigarrett til 42% av produksjonen.



## JULI

Knut Arild Flatjord vart tilsett som ny produksjonsdirektør i SFE. Han tok over etter Ola Lingaa som gjekk av med pensjon. Knut Arild kom frå jobben som regionsdirektør for GK på Vestlandet.



## SEPTEMBER

«Når alt er i endring» var tema for årets Kraft i Vest-konferanse på Sandane. Konferansen samla nærmare 300 deltakarar frå næringslivet, det offentlege, akademia og politiske miljø. Brødrene Aa vart kåra som vinnar av DRIV-prisen 2022, for deira utvikling og bygging av låg-og nullutslepps hurtigbåtar med karbonfiber som materiale.



## SEPTEMBER

HyFuel fekk andre plassen i DRIV-priskåringa som gjeikk føre seg under Kraft i Vest-konferansen på Sandane i september. Her representert ved styreleiar Ole Schanke Eikum (til venstre). DRIV-prisen er ein pris som skal fremje grøn innovasjon i Vestland og er eit samarbeid mellom SFE, Sparebanken Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Innovasjon Norge og Vestland Fylkeskommune.



## OKTOBER

Olje- og energiminister Terje Aasland stod for opninga av Lutelandet vindkraftverk i Fjaler kommune. Kraftverket er heileigd av SFE og forsyner kring 9 000 husstandar med straum. Vindkraftverket består av ni vind-turbinar på øya Lutelandet, vest i Fjaler.



## OKTOBER

Lutelandet vindkraftverk har blitt eit mykje brukt turområde. I oktober monterte vi elbil-ladarar ved kraftverket, slik at turgåarar kan lade elbilen sin medan dei går tur.



## NOVEMBER

Statsminister Jonas Gahr Støre stod for den offisielle opninga av Jølstra kraftverk i Sunnfjord kommune. Vasskraftverket er eitt av dei største som er bygd i Noreg dei seinare åra, og det tredje kraftverket SFE opna i 2022. Jølstra kraftverk er eigd av Sogn og Fjordane Energi og Eviny med 50% kvar og forsyner nær 13 000 husstandar med straum.



## DESEMBER

Nettselskap Linja og Mørenett vedtok å slå seg saman og blir med det eitt av dei største nettselskapene i Noreg. Linja er nettselskapet til Sogn og Fjordane Energi, medan Mørenett er nettselskapet til Tafjord Kraft og Tussa Kraft på Sunnmøre. Saman har dei nærmare 100 000 kundar i 18 av kommunane i regionen mellom Askvoll i sør til Ålesund i nord.



# NØKKELTAL 2022

<b>FRÅ RESULTATREKNESKAPEN</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Brutto driftsinntekter	Mill. kr	3 630	1 644	1 090	1 685	1 681	1 287
Brutto driftsresultat (EBITDA)	(1)	Mill. kr	1 264	366	498	820	712
Driftsresultat (EBIT) IFRS	(2)	Mill. kr	1 076	161	252	668	571
Resultat frå investering i tilknytta selskap	Mill. kr	4	7	6	12	8	9
Netto finanspostar	Mill. kr	63	16	32	48	58	14
Resultat før skattekostnad	Mill. kr	1 013	145	220	621	513	365
Konsernresultat	Mill. kr	205	-65	200	433	286	193
Resultat pr aksje (Earnings per share)	(3)	Kroner	23,5	-9,7	22,7	49,3	32,7

<b>FRÅ BALANSEN</b>							
Eigedelar	Mill. kr	11 097	9 520	8 688	8 253	7 527	6 551
Eigenkapital	Mill. kr	2 913	2 961	3 166	3 137	2 919	2 747
Netto renteberande gjeld	(4)	Mill. kr	3 224	3 599	2 855	2 296	1 926
Sysselsett kapital	(5)	Mill. kr	6 137	6 560	6 021	5 433	4 845
Investering i tilknytta selskap	Mill. kr	368	363	353	192	177	120
Anvendt kapital	(6)	Mill. kr	6 505	6 923	6 374	5 626	5 022

<b>FRÅ KONTANTSTRÅM</b>							
Kontantstråm frå operasjonelle aktivitetar	Mill. kr	911	503	217	479	470	222
Betalte skattar	Mill. kr	-140	38	195	263	144	209
Utbetalt utbytte til Sogn og Fjordane Energi AS sine eigarar	Mill. kr	0	75	120	100	63	77
Utbytte pr aksje	Mill. kr	0	9,69	15,46	12,91	8,09	9,97
Av-/nedskriving på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	Mill. kr	188	205	246	152	140	154
Netto investeringar i varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	Mill. kr	356	995	536	623	469	244
Likvide middel	(7)	Mill. kr	861	284	561	620	477

<b>FINANSIERINGSSTØRRELSAR</b>							
EBITDA interest coverage	(8)		9,3	4,4	5,3	6,5	7,4
EBIT interest coverage	(9)		7,9	1,9	2,7	5,3	5,9
FFO interest coverage	(10)		9,9	3,7	2,9	4,0	5,3
FFO/netto renteberande gjeld	(11)	%	41,6 %	8,7 %	9,5 %	22,2 %	26,5 %
Renteberande gjeldsgrad	(12)	%	52,5 %	54,9 %	47,4 %	42,3 %	39,8 %
Eigenkapitalandel	(13)	%	26,2 %	31,1 %	36,4 %	38,0 %	38,8 %

<b>NØKKELTAL REKNESKAP</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
EBITDA-margin	(14)	%	34,8 %	22,3 %	45,7 %	48,7 %	42,3 %
ROACE før skatt		%	16,9 %	2,6 %	4,4 %	13,0 %	12,2 %
ROACE etter skatt	(16)	%	4,0 %	-0,9 %	3,9 %	9,1 %	7,0 %
Avkasting på anvendt kapital	(17)	%	3,8 %	-0,7 %	3,8 %	9,0 %	6,9 %
Totalrentabilitet	(18)	%	3,0 %	0,0 %	3,2 %	6,8 %	5,1 %
Eigenkapitalrentabilitet	(19)	%	7,0 %	-2,1 %	6,3 %	14,3 %	10,1 %
Effektiv Skatteprosent	(20)	%	79,8 %	144,5 %	9,2 %	30,2 %	44,3 %
							47,1 %

**NØKKELTAL KRAFTPRODUKSJON**

Kraftproduksjon middel netto	GWh	2 274	2 004	1 983	1 913	1 883	1 880
Kraftproduksjon faktisk netto	GWh	2 246	1 987	2 100	1 668	1 973	1 985
Installert yting	MW	584	553	398	398	394	398
Magasinbeholdning per 31.12	GWh	571	536	709	558	565	626
Heil- og deleigde kraftverk	antal	33	31	28	28	28	27
Systempris Nord Pool	øre/kWh	137,0	63,4	11,6	38,4	42,3	27,4

**NØKKELTAL NETTVERKSEMD**

NVE-kapital	(21)	Mill. kr	1 959	1 835	1 678	1 542	1 423	1 336
Avkasting på NVE-kapital	(22)	%	4,43%	4,40%	3,04%	5,41%	4,56%	0,70%
Levert energi distribusjonsnett		GWh	764	776	698	731	711	680

**NØKKELTAL SLUTTBruk**

Levert energi sluttkunde		GWh		800	916	783
--------------------------	--	-----	--	-----	-----	-----

<b>NØKKELTAL HMS</b>		<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Årsverk pr. 31.12	antal	245	235	196	245	253	260
Årsverk pr. lærling	antal	38	33	28	22	21	21
Kvinneandel	%	18%	19%	19%	19%	19%	18%
Sjukefråvær	%	4,93%	3,92%	2,49%	3,64%	3,02%	3,51%
Korttidssjukefråvær (1-16 dagar)	%	3,84%	1,56%	1,14%	1,23%	1,39%	1,70%
Langtidssjukefråvær	%	1,09%	2,36%	1,35%	2,41%	1,63%	1,81%
Konsernmål sjukefråvær	%	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
Skadefrånverfrekvens (H1)	(23)	7,8	8,1	5,1	5	4,9	12,02
Skadefrekvens (H2)	(24)	18,2	12,3	12,8	14,9	14,8	19,22

# ALTERNATIVE RESULTATMÅL

Beløp i mill. kroner	2022	2021	2020
<b>Avstemming av driftsresultat (EBIT) mot EBITDA</b>			
<b>Driftsresultat (EBIT) IFRS - sjå note 4 til konsernrekneskap</b>	(2)	<b>1 076</b>	<b>161</b>
Avskrivningar		194	181
Nedskrivningar		-6	24
<b>Brutto driftsresultat (EBITDA)</b>	(1)	<b>1 264</b>	<b>366</b>
Konsernresultat etter skatt		205	-65
Antall aksjar er i tusen		7 746	7 746
<b>Resultat pr aksje (Earnings per share)</b>	(3)	<b>26,45</b>	<b>-8,35</b>
Renteberande langsiktig gjeld		2 938	3 537
Renteberande kortsiktig gjeld		1 127	327
Likvide middel ubundne	(7)	841	265
<b>Netto renteberande gjeld</b>	(4)	<b>3 224</b>	<b>3 599</b>
<b>Balansepostar inkludert i syselsett kapital</b>			
Eigenkapital		2 913	2 961
Netto renteberande gjeld		3 224	3 599
<b>Syselsett kapital</b>	(5)	<b>6 137</b>	<b>6 560</b>
Syselsett kapital		6 137	6 560
Investering i tilknytta selskap		368	363
<b>Anvendt kapital</b>	(6)	<b>6 505</b>	<b>6 923</b>
<b>FINANSIERINGSTORLEIKAR</b>			
Brutto driftsresultat (EBITDA)	(1)	1 264	366
Finanskostnader		136	84
<b>EBITDA interest coverage</b>	(8)	<b>9,3</b>	<b>4,4</b>
Driftsresultat (EBIT) IFRS	(2)	1 076	161
Finanskostnader		136	84
<b>EBIT interest coverage</b>	(9)	<b>7,9</b>	<b>1,9</b>
			<b>2,7</b>









	(1)	1 264	366	498
Brutto driftsresultat (EBITDA)				
Netto finanspostar		63	16	32
Betalte skattar		-140	38	195
<b>FFO</b>	<b>1 341</b>	<b>313</b>	<b>272</b>	
Finanskostnader		136	84	94
<b>FFO / interest coverage</b>	<b>(10)</b>	<b>9,9</b>	<b>3,7</b>	<b>2,9</b>
Netto renteberande gjeld	(4)	3 224	3 599	2 855
<b>FFO / netto renteberande gjeld</b>	<b>(11)</b>	<b>41,6 %</b>	<b>8,7 %</b>	<b>9,5 %</b>
Netto renteberande gjeld	(4)	3 224	3 599	2 855
Eigenkapital		2 913	2 961	3 166
<b>Renteberande gjeldsgrad</b>	<b>(12)</b>	<b>52,5 %</b>	<b>54,9 %</b>	<b>47,4 %</b>
Eigedelar		11 097	9 520	8 688
Eigenkapital		2 913	2 961	3 166
<b>Eigenkapitalandel</b>	<b>(13)</b>	<b>26,2 %</b>	<b>31,1 %</b>	<b>36,4 %</b>
<b>NØKKELTAL REKNESKAP</b>				
Brutto driftsresultat (EBITDA)	(1)	1 264	366	498
Brutto driftsinntekter		3 630	1 644	1 090
<b>Driftsresultat (EBITDA) margin (%)</b>	<b>(14)</b>	<b>34,8 %</b>	<b>22,3 %</b>	<b>45,7 %</b>
Driftsresultat (EBIT) IFRS	(2)	1 076	161	252
Gjennomsnittleg sysselsett kapital		6 348	6 291	5 727
Skatteprosent		22%	22%	22%
<b>ROACE før skatt</b>	<b>(15)</b>	<b>16,9 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>4,4 %</b>
Konsernresultat etter skatt		205	-65	200
Resultat frå investering i tilknytta selskap		4	7	6
Finansinntekter		69	62	56
Finanskostnader		136	84	94
Gjennomsnittleg sysselsett kapital		6 348	6 291	5 727
Skatteprosent		22%	22%	22%
<b>ROACE etter skatt</b>	<b>(16)</b>	<b>4,0 %</b>	<b>-0,9 %</b>	<b>3,9 %</b>
Konsernresultat etter skatt		205	-65	200
Resultat frå investering i tilknytta selskap		4	7	6
Finansinntekter		69	62	56
Finanskostnader		136	84	94
Gjennomsnittleg anvendt kapital		6 714	6 649	6 000
Skatteprosent		22%	22%	22%
<b>Avkasting på anvendt kapital</b>	<b>(17)</b>	<b>3,8 %</b>	<b>-0,7 %</b>	<b>3,8 %</b>

Konsernresultat etter skatt	205	-65	200
Finanskostnader	136	84	94
Gjennomsnittleg totalkapital	10 309	9 104	8 470
Skattekostnad	22%	22%	22%
<b>Totalrentabilitet</b>	<b>(18)</b>	<b>3,0 %</b>	<b>0,0 %</b>
<b>Eigenkapitalrentabilitet</b>	<b>(19)</b>	<b>7,0 %</b>	<b>-2,1 %</b>
Konsernresultat etter skatt	205	-65	200
Gjennomsnittleg eigenkapital	2 937	3 064	3 152
<b>Effektiv Skattekostnad</b>	<b>(20)</b>	<b>79,8 %</b>	<b>144,5 %</b>
<b>Eigenkapitalrentabilitet</b>	<b>(19)</b>	<b>7,0 %</b>	<b>6,3 %</b>
Resultat før skattekostnad	1 013	145	220
Overskotsskatt	230	29	30
Grunnrenteskatt	577	181	-10
<b>Effektiv Skattekostnad</b>	<b>(20)</b>	<b>79,8 %</b>	<b>9,2 %</b>

## DEFINISJONAR

<b>(1)</b>	EBITDA (Brutto driftsresultat)	Driftsresultat + avskrivningar og nedskrivningar
<b>(2)</b>	Driftsresultat (EBIT)	Driftsresultat
<b>(3)</b>	Resultat pr aksje/Earnings per share	Andel av resultat/ Antal aksjer i morselskap
<b>(4)</b>	Netto renteberande gjeld	Renteberande gjeld - Bankinnskot, kontantar o.l.
<b>(5)</b>	Sysselsett kapital	Eigenkapital + netto renteberande gjeld
<b>(6)</b>	Anvendt kapital	Sysselsett kapital + Investering i tilknyttet selskap
<b>(7)</b>	Likvide middel	Bankinnskot og kontantar
<b>(8)</b>	EBITDA interest coverage	EBITDA/ Finanskostnader
<b>(9)</b>	EBIT interest coverage	EBIT/ Finanskostnader
<b>(10)</b>	FFO interest coverage	(EBITDA - Netto finanskostnader - Betalt skatt) / Finanskostnader
<b>(11)</b>	FFO/netto renteberande gjeld	(EBITDA - Netto finanskostnader - Betalt skatt) / Netto renteberande gjeld
<b>(12)</b>	Renteberande gjeldsgrad	Netto renteberande gjeld/ (Netto renteberande gjeld + Eigenkapital)
<b>(13)</b>	Eigenkapitalandel	Eigenkapital/ Egedeler
<b>(14)</b>	EBITDA-margin	EBITDA / Brutto driftsinntekter
<b>(15)</b>	ROACE før skatt	Driftsresultat / Gjennomsnittleg sysselsett kapital
<b>(16)</b>	ROACE etter skatt	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt - Finansinntekter etter skatt - Resultatandel i tilknyttet selskap) / Gjennomsnittleg sysselsett kapital
<b>(17)</b>	Akvasting på anvendt kapital	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt - Finansinntekter etter skatt) / Gjennomsnittleg anvendt kapital
<b>(18)</b>	Totalrentabilitet	(Resultat etter skatt + Finanskostnader etter skatt) / Gjennomsnittleg totalkapital
<b>(19)</b>	Eigenkapitalrentabilitet	Resultat etter skatt / Gjennomsnittleg eigenkapital
<b>(20)</b>	Effektiv Skattekostnad	Skattekostnader / Resultat før skatt
<b>(21)</b>	NVE-kapital	Akvastingsgrunnlag for berekning av inntektsramma. Offentlig på <a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>
<b>(22)</b>	Akvasting på NVE-kapital	Driftsresultat / NVE-kapital
<b>(23)</b>	Skadefråværfrekvens (H1)	Antal skade med fråvær per million arbeidstimar
<b>(24)</b>	Skadefrekvens (H2)	Antal skade med og uten fråvær per million arbeidstimar

# GRAFAR ØKONOMI



# Årsmelding 2022

## SAMANDRAG

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 205 mill. kroner. Dette er 270 mill. kroner betre enn resultatet for 2021. Det meste av SFE sin kraftproduksjon vert levert i prisområde NO3 som hadde ein gjennomsnittleg pris i 2022 på 42,8 øre/kWh. Gjennomsnittleg systempris var 137,0 øre/kWh og NO5, som grenser inntil NO3 i sør, hadde ein gjennomsnittleg pris på 193,4 øre/kWh.

Grunnen til den sterke resultatauknen frå 2021 er hovudsakleg ekstraordinære forhold knytt til 2021 pga dekoplinga mellom systempris og områdepris NO3. Denne dekoplinga førte til at vi måtte kostnadsføre sikringsineffektivitet på sikringskontrakter til systempris for levering i 2022 og seinare. Svært høg kraftpris i NO5 som Mel kraftverk vart flytta til 13.06.22 og normal produksjon for SFE har gitt eit resultat som er langt betre enn i 2021.

Styret si oppfatning er at SFE-konsernet og morselskapet si finansielle stilling er god. SFE sine kraftstasjonar har ein samla reell verdi som overstig bokført verdi, følgjeleg er den verdjusterte eigenkapitalen høgare enn bokført eigenkapital.

SFE-konsernet produserte 2 246 GWh i 2022. Dette er 259 GWh meir enn i 2021. Lutelandet vindkraftverk og Jølstra vasskraftverk hadde sine første heile driftsår i 2022. Dette er hovudforklaringa på produksjonsauken frå 2021 til 2022.

Totale investeringar i fysiske driftsmiddel var på 390 mill. kroner. Dette er ein svært stor reduksjon frå 1.062 mill. kroner i 2021. Investeringsbeløp var svært høgt i 2021 på grunn av bygging av Lutelandet vindkraftverk samstundes som Jølstra vasskraftverk vart sluttført. Totalt er det investert 148 mill. kroner i kraftproduksjon i 2022 og 237 mill. kroner i nettanlegg.

16.12.2022 gjorde generalforsamlingane i SFE sitt 100% eigde nettselskap, Linja AS, og Mørenett AS vedtak om å fusjonere dei to nettselskapa. Fusjonen vart registrert som gjennomført i Einingsregisteret 8. mars 2023. SFE har 33,3% eigarskap i det fusjonerte nettselskapet som har fått namnet Linja AS.

Ved utgangen av året var det 260 tilsette i SFE-konsernet, av desse var det 9 lærlingar. Av tilsette er 210 menn (81%) og 50 kvinner (19%). Totalt inkludert lærlingar, trainee og sommarhjelper vart det utført 245 årsverk.

## VERKSEMDA SI ART OG TILHALDSTAD

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) var i 2022 eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon og kraftoverføring gjennom dei heileigde datterselskapene SFE Produksjon AS og Linja AS. Morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og SFE Produksjon AS har forretningskontor i Gloppen kommune, medan Linja AS sitt forretningskontor er i Kinn kommune.

Generalforsamlinga i Linja AS gjorde 16.12.2022 vedtak om å fusjonere selskapet med Mørenett AS. Fusjonen vart registrert gjennomført i Einingsregisteret 8. mars 2023. Det fusjonerte selskapet har fått namnet Linja AS. SFE eig 33,3% av aksjane i selskapet medan Tafjord Kraft AS eig 33,8% og Tussa Kraft AS eig 32,9% av aksjane.

Covid-19 pandemien ramma Noreg og verden sterkt i 2020, 2021 og første del av 2022. Fysisk og sosial kontakt mellom menneske vart delvis sett på vent og verksemndene tok i bruk digitale løysingar i svært stor grad for å kunne gjennomføre normal aktivitet og nødvendige arbeidsoppgåver. Arbeidsaktiviteten vart i stor grad flytta ut av verksemndene sine lokaler og inn i tilsette sine heimar. Etter at det vart utvikla vaksiner og viruset endra seg gjennom mutasjoner kom Noreg gradvis tilbake til normale tilstander og inngripande tiltak for å avgrense viruset vart avvikla i Noreg. Frå våren 2022 kom samfunnet tilbake til normale tilstander.

SFE vart i mindre grad ramma av pandemien enn mange andre verksemder. Etterspurnaden etter SFE sine hovedprodukt som er sal av og transport av fornybar elektrisitet vart i mindre grad påverka av pandemien.

## DRIFT 2022

### Kraftproduksjon:

SFE produserte 2 246 GWh samanlikna med 1 987 GWh i 2021. SFE sin middelproduksjon for 2022 er berekna til 2 275 GWh.

Oversikt over produksjon og magasin dei siste fem åra er slik:

	2022	2021	2020	2019	2018
Produksjon	2246 GWh	1987 GWh	2100 GWh	1668 GWh	1973 GWh
Magasin 31.12	571 GWh	536 GWh	709 GWh	558 GWh	565 GWh

Svelgen Kraft Holding AS er eit 56% eigd datterselskap av SFE Produksjon AS. Dei andre aksjonærane i Svelgen Kraft Holding AS er Tafjord Kraftproduksjon AS med 34% og Sognekraft AS med 10%. Dette selskapet er holdingselskap for Svelgen Kraft AS, som eig kraftverk i Svelgen.

Året 2022 var prega av svært varierande kraftprisar. I prisområde NO3 der SFE har mesteparten av kraftproduksjonen var gjennomsnittleg spotpris i juli 1,9 øre/kWh medan desember hadde ein gjennomsnittleg pris på 181,5 øre/kWh. I resten av Sør-Norge var ikkje prisskilnadane like store. Tabellen under viser prisane i NO5 (Vestlandet sør for Sognefjorden), NO3 (Vestlandet nord for Sognefjorden og Midt-Norge) og systemprisen (prisen i børsområdet).

	ØRE/KWH	NO3	NO5	SYSTEM	SKILNAD	2018
System-NO3	Skilnad NO5-NO3	1 987 GWh	2 100 GWh	1 668 GWh	1 973 GWh	
Januar	26,4	137,1	93,4	67,0	110,7	
Februar	18,1	120,2	90,8	72,7	102,1	
Mars	17,3	187,0	141,0	123,7	169,7	
April	45,1	174,4	128,8	83,7	129,3	
Mai	15,8	165,0	115,0	99,2	149,2	
Juni	11,8	150,1	119,7	107,9	138,3	
Juli	1,9	166,9	95,6	93,7	165,0	
August	18,9	341,6	218,4	199,5	322,7	
September	75,3	358,7	214,4	139,1	283,4	
Oktober	36,0	131,9	76,7	40,7	95,9	
November	63,8	112,6	113,4	49,6	48,8	
Desember	181,5	269,5	233,1	51,6	88,0	
Gjennomsnitt	42,8	193,4	137,0	94,2	150,6	

SFE har produksjon både i prisområde NO3 og NO5. Østerbø kraftverk ligg i NO5 og frå 13.juni 2022 vart også Mel kraftverk flytta til NO5. Gjennomsnittleg systempris i 2022 på 137,0 øre/kWh var 116% høgare enn gjennomsnittleg systempris i 2021 på 63,3 øre/kWh. SFE leverte i 2022 88% av produksjonen i prisområde NO3. Gjennomsnittleg områdepris NO3 var 42,8 øre/kWh som er 0,8 øre/kWh høgare enn prisen i 2021 på 42,0 øre/kWh. Gjennomsnittleg områdepris NO5 var 193,4 øre/kWh som er ein auke på 155% frå 75,7 øre/kWh i 2021. SFE leverte 12% av produksjonen i NO5 i 2022.

SFE har dei siste åra auka produksjonskapasiteten vesentleg. I 2020 vart Østerbø vasskraftverk med total produksjonskapasitet på 165 GWh ferdigstilt. SFE er eigar av kraftverk og fallrettar medan Eviny har ein medeigarrett til 42% av kraftproduksjonen, slik at SFE har 58% av produksjonen som tilsvavar 96 GWh/år. SFE er 50 % deltar i Jølstra Kraft DA, som omfattar Stakaldefossen kraftverk og Jølstra vasskraftverk (260 GWh) som vart idriftsett i 2021. Lutelandet vindkraftverk vart også idriftsett i 2021. Dette vindkraftverket med forventa årleg produksjon på ca. 150 GWh eig SFE åleine. SFE har i løpet av dei siste åra auka årleg produksjonskapasitet med ca. 375 GWh. SFE sitt bidrag til det grøne skiftet gjennom auka produksjon av fornybar energi er såleis vesentleg.

SFE har konsesjon for bygging av Ommedal kraftverk (18 GWh – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskårvassdraget, (ca. 67 GWh netto ny kraft og inntil 118 MW ny effekt – Bremanger kommune).

SFE eig også Bremangerlandet Windpark AS med konsesjons-gitt prosjekt på 86 MW. SFE har sendt søknad til NVE om forlenging av frist for idriftsetting frå 01.09.2022 til 31.12.2025. NVE har gitt avslag på denne søknaden. SFE har anka avslaget inn for OED.

### Kraftnett:

Kraftforbruket i eige forsyningssområde var på 764 GWh i 2022, ein reduksjon på 12 GWh frå 2021. Nedgongen i levert energi var ikkje venta, men har to ulike forklaringar. Tidleg på året var noko aktivitet i samfunnet redusert som følgje av Covid-restriksjonar som var gjeninnført og innstramma etter at Omicron-varianten fekk god spredning rundt årsskiftet 2021/22. Januar og februar i 2022 hadde lågare forbruk enn tilsvarende periode i 2021. Vidare utover i året var det så god forbruksvekst igjen, med akkumulert 4% auke pr 30. september, før forbruket i distribusjonsnettet vart kraftig redusert gjennom oktober, november og desember. Vi vurderer at dette var ein direkte konsekvens av det nasjonale prisbiletet på straum, og at dei høge prisane i denne perioden etablerte seg også i vårt område.

SFE hadde i 2022 relativt god leveringskvalitet, hensynte geografisk plassering og klimatiske påkjenningar. Leveringskvalitet vert synleggjort ved årleg avbrotsstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppsid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2022 var ILE/LE 0,042%, tilsvarende levert energi 99,96%. Forsyningstryggleik var med det noko lågare enn målsettinga. Gjennom incentivordninga «KILE» har ikkje leverte energien ein økonomisk kostnad for Linja på ca 10,6 mill kroner i 2022.

### Utvikling av transmisjonsnettet

Statnett har gjennom 2022 arbeid med ny områdeplan som dekker vårt nettområde. Denne skildrar status og naudsynt utvikling for å dekke den utviklinga som er venta både på forbruk og produksjon. Planen var ikkje ferdigstilt ved utgangen av 2022, men arbeidet peiker klart på behov for vidare utvikling av løysingar for meir kapasitet i Indre Sogn, og på lengre sikt behov for Grov transformatorstasjon og forsterking av forsyninga langs kysten i «Sogn og Fjordane». Statnett har teke avgjerd om anleggsstart på oppgraderinga av Sogndal-Aurland frå 300 til 420kV. Dette er forventa ferdig og spenningssett i 2025.

### Utvikling av regionalt og lokalt distribusjonsnett

Det har vore investert mykje i ny nettkapasitet dei siste åra, og det er framleis behov for store investeringar i regionalt og lokalt distribusjonsnettet dei komande åra. Den viktigaste grunnen til investeringane dei siste åra har vore ny vasskraft og vindkraft. I komande tidsfase er elektrifisering og industrirekst den klart største årsaka til aukande investeringar.

### Anna verksamhet:

SFE har ei målsetting om å vere ein regionalt leiande aktør i arbeidet med å redusere klimagassutsleppa og elektrifisere samfunnet. Formålet er å delta i og drive fram nye prosjekt og satsingar innan låg- og nullutsleppsløysingar. Dette gjer vi gjerne i samarbeid med andre.

I mai 2021 opna landstraumanlegga til Skipskraft AS, eit samarbeid mellom SFE og Florø Hamn. Selskapet driftar to landstraumanlegg i Florø. Bruken av anlegga gjer at energibehovet til fartøya blir dekka av straum når dei ligg til kai. Dette bidreg til å redusere lokale utslepp og støy, tillegg til å betre luftkvaliteten i Florø. 2022 var fyrste heile driftsår for anlegga. Bruken dette året har bidratt til reduksjon av 947 tonn CO<sub>2</sub>e og 13,4 tonn NOx[1].

HyFuel er eigd av SFE, Fjord Base Holding og Gasnor. Selskapet skal bidra til nullutsleppsløysingar både til lands og til havs i Noreg.

I juni 2022 ble det kjent at HyFuel får 132 millionar kroner i stønad frå Enova. Stønaden skal nyttast til bygging av eit produktionsanlegg for grønt hydrogen på Fjord Base i Kinn kommune. HyFuel var den einaste søkjaren i Vestland fylke som fekk innvilga stønad.

### Tilknytta selskap:

Saman med Tafjord Kraft og Tussa Kraft etablerte SFE i 2020 kraftomsettingsselskapet Wattn AS. Seinare er også kraftomsettingsverksemdu fra andre blitt innlemma i Wattn AS. Wattn AS har over 100.000 kundar og er mellom dei store i den norske marknaden. Selskapet sin ambisjon er vidare vekst for å kunne utnytte skalaverknadane i kraftomsettingsverksemduene. SFE sin eigardel i Wattn AS er 26,5%.

SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. Utover dette er SFE sitt engasjement innan breiband gjennom selskapet Eninvest AS, der SFE har ein eigarskap på 38,7%.

### FoU og Innovasjon:

I tillegg til det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer i selskapet sin eigen regi, deltek SFE i enkelte større FoU-prosjekt saman med andre.

Gjennom prosjektet Opal har SFE sitt nettselskap Linja delteke saman med andre nettselskap og selskapet eSmart Systems med mål om å skape ein open plattform for anvendt kunstig intelligens for nettselskap. «OPAL» står for «Open AI-plattform for Utilities» og har fokus på å skape ein open plattform for anvendt kunstig intelligens for nettselskap. Grunnanken med prosjektet er knytt til ei forventing om at maskinlære og bruk av kunstig intelligens har potensialet til å revolusjonere drift av kraftnettet, og med dette som utgangspunkt er målet å berike Connected Grid-plattforma med meir funksjonalitet. Prosjektet vart avslutta i 2022.

Gjennom «FME CINELDI» har Linja starta ein pilot med Heimdall Power, der ein har installert sensorikk som moglegger løpende overvakning og berekning av overføringskapasitet på HS-linjer (DLR), med spesielt fokus knytt til utveksling mot sentralnett, men også i tilknyting til vindkraftproduksjon. Prosjektet starta januar 2022 og har ein varighet på to år.

SFE deltek mellom anna i FME NorthWind, HydroCen og gjennom direkte bidrag til bransjefinansiert, miljøretta energiforsking organisert gjennom Fornybar Norge. Effektivisering, omstilling og forbetring gjennom digitalisering står sentralt og eigenutvikla system som gir sanntidsinformasjon frå kraftproduksjonsapparatet og løpende oppdaterte marknadsverdiar er viktige element i det dagleg utviklingsarbeid og er i aktivt bruk knytt til arbeidsprosessane.

### ØKONOMI OG FINANS

#### Resultat 2022:

For å kunne finansiere seg i obligasjonsmarknaden har SFE valt å avlegge konsernrekneskapen etter IFRS-reglane. Dette gjer det mogleg å notere SFE sine obligasjonslån på Oslo Børs, noko som gir tilgang til ei brei investormasse. Dette er såleis eit tiltak for å

[1] Regna ut ved hjelp av utsleppsfaktorar til Miljødirektoratet (<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/klima/for-myndigheter/kutte-utslepp-av-klimagasser/klima-og-energiplanlegging/tabeller-for-omregning-fra-energvarer-til-kwh/>)

sikre ei framleis trygg finansiering av SFE til gode lånevilkår. SFE har notert både tradisjonelle obligasjonslån og grønne obligasjonslån på Oslo Børs.

SFE-konsernet hadde i 2022 ei omsetning på 3 630 mill. kroner. Dette er ein auke på heile 1 986 mill. kroner frå 2021. Bruttoinntektene frå sal av kraft er auka med 2 010 mill. kroner og forklarer den svært store inntektsauken. Høg kraftpris og omsetting av kraft for sluttbrukselskapet Wattn forklarer den store omsetnadsauken. Nettoinntekter frå sal av kraft viser ein auke på 980 mill. kroner. Hovudgrunnen til dette er den store auken i spotpris frå 2021. I 2021 gav prissikring av delar av kraftproduksjonen til systempris ein inntektsreduksjon på ca. 190 mill. kroner fordi systemprisen var høgare enn områdeprisen i NO3, som er prisområdet det meste av kraftproduksjonen vart levert i. Prisskilnadane gjorde også at SFE miste sikringseffektiviteten mellom systempris og områdepris NO3 for prisikringskontraktene mot systempris som SFE hadde inngått for levering i 2022 og seinare. SFE kostnadsførte derfor sikringsineffektivitet på 201 mill. kroner som reduserte kraftinntektene for 2021.

Netto sal av overføringstenester på 323 mill. kr er ein auke på 21 mill. kroner frå 2021. Imidlertid er det inntektsført 36 mill. kr under andre driftsinntekter som er flaskehalsinntekter frå Statnett som tilhører nettområdet. Dette er flaskehalsinntekter som normalt ville ha redusert tariffen Linja skulle betalt til overliggende nett for komande år.

Andre driftsinntekter er 89 mill. kroner, som er ein auke med 19 mill. kroner frå 2021. Flaskehalsinntektene nemnt over forklarer 36 mill. kr av auken.

Driftsresultatet er på 1 076 mill. kroner, ein auke på heile 915 mill. kroner frå 2021. Grunnen til dette svært gode driftsresultatet er høge kraftinntekter i 2022 pga normal produksjon og gode prisar i deler av året. Det svake driftsresultatet i 2021 pga kostnadsføring av sikringsineffektive kraftkontrakter på 201 mill. kroner er også med på å forklare den store auken i driftsresultat.

Konsernet har netto finanskostnader på 63 mill. kroner i 2022. Dette er ein auke på 48 mill. kroner frå 2021. Ekstraordinære finanskostnader i 2021 knytt til urealisert verdiauke på aksjepostar og inntektsføring av tidlegare avsett finanskostnad forklarer den svært låge netto finanskostnaden i 2021. Auka rentenivå i 2022 er også ei delforklaring til den store auken i netto finanskostnader.

Total skattekostnad er 808 mill. kroner fordelt med 230 mill. kroner på overskotsskatt og 577 mill. kroner knytt til grunnrenteskatt. Dette er ein auke i skattekostnaden på 598 mill. kroner frå 2021. Grunnrenteskatten er auka med heile 396 mill. kroner i resultatrekneskapen, frå 181 mill. kroner i 2021, medan overskotsskatten er auka med 201 mill. kroner.

Av grunnrenteskatten på 577 mill. kr skriv 302 mill. kroner seg frå betalbar grunnrenteskatt. Den betalbare grunnrenteskatten auka med 54 mill. kroner som konsekvens av auken i effektiv skattesats for grunnrente frå 37% i 2021 til 45% i 2022. Utsett skatt grunnrente som er kostnadsført i resultatrekneskapen er 246 mill. kroner. Av dette skriv ca 110 mill. kroner seg frå auka skattesats.

Avkastinga på anvendt kapital var i 2022 på 3,8% og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt var på 7,0%. Dette er vesentleg betre enn i 2021 då avkastinga på anvendt kapital var – 0,8% og eigenkapitalrentabiliteten etter skatt – 2,2%.

Konsernet sitt resultatet etter skatt er 205 mill. kroner, ei forbetring på 270 mill. kroner frå 2021. I styremeldinga for 2021 vart det signalisert ei vesentleg forbetring av resultatet samanlikna med 2021, og dette vart også tilfellet.

Morselskapets sitt resultatetter skatt (NGAAP) er 342 mill. kroner, dette er 451 mill. kroner betre enn i 2021. Investeringar i datterselskap og tilknytta selskap vert ført etter eigenkapitalmetoden. Inntekt frå investering i datterselskap er 360 mill. kroner høgare enn i fjer. Grunnen til dette er betre resultatbidrag frå SFE Produksjon på grunn av auka kraftinntekter.

#### Investeringar:

Totale investeringar i fysiske driftsmiddel var på 390 mill. kroner. Dette er ein svært stor reduksjon frå 1.062 mill. kroner i 2021. Investeringsbeløp var svært høgt i 2021 på grunn av bygging av Lutelandet vindkraftverk samstundes som Jølstra vasskraftverk vart sluttført. Totalt er det investert 148 mill. kroner i kraftproduksjon i 2022 og 237 mill. kroner i nettanlegg. Tabellen under viser fordelinga fordelt på forretningsområda og korleis investeringane har utvikla seg over tid:

	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Nettverksemrd	237 mill. kr	276 mill. kr	151 mill. kr	208 mill. kr	174 mill. kr
Kraftproduksjon	148 mill. kr	786 mill. kr	310 mill. kr	399 mill. kr	294 mill. kr
Anna verksemrd	5 mil. kr	2 mil. kr	6 mil. kr	16 mil. kr	23 mil. kr
<b>Sum investeringar</b>	<b>390 mill. kr</b>	<b>1 062 mill. kr</b>	<b>467 mill. kr</b>	<b>623 mill. kr</b>	<b>491 mill. kr</b>

Tabellen inneholder SFE sin andel av investeringane i felles prosjekt som til dømes Østerbø og Jølstra. Investeringar i nettanlegg har over lengre tid vore høge.

#### KONTANTSTRAUM, BALANSE OG KAPITALFORHOLD:

##### Kontantstraum:

Konsernet har hatt ein positiv kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på 911 mill. kroner. Dette er 165 mill. kroner lågare enn konsernet sitt driftsresultat på 1.076 mill. kroner. Ein viktig årsak til dette er tilbakeføring av kostnadsavsetting for sikringsineffektivitet av systempriskontrakter med 166 mill. kroner. Dette er kostnadsført i 2021, men kontantstraumsverknaden kom i 2022. I tillegg er driftsresultatet belasta med 188 mill. kroner i avskrivings- og nedskrivningskostnad som ikkje inngår i kontantstraumanalysen og det er betalt 140 mill. kroner i skattar. Netto kundefordringar, med frådrag for leverandørgjeld, har auka med 88 mill. kroner gjennom året og er ein forklaringsfaktor på skilnaden mellom driftsresultat og kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar.

Investeringsaktivitetene i driftsmiddel og kjøp av aksjar gav ein negativ kontantstraum på 389 mill. kroner. Bygging av nettanlegg og rehabilitering av Åskåra I er viktige investeringsaktivitetar i 2022.

Finansieringsaktiviteten gav ein positiv kontantstraum på 56 mill. kroner. Gjennomførte lånneopptak i 2022 på 500 mill. kroner er ein viktig grunn for dette. Det er betalt 327 mill. kr i avdrag og 95 mill. kroner i renter. Til saman gjev dette ein auke i bankinnskot, kontantar og liknande på 577 mill. kroner i høve til 2021.

#### Balanse og kapitalforhold:

Konsernet har ein totalbalanse på 11 097 mill. kroner. Balanseført pensjonsforpliktning er redusert med 9 mill. kroner i 2022 til 45 mill. kroner. Den renteberande gjelda i SFE fråtrekt konsernet sine bankinnskot er 3 204 mill. kroner, av dette er 307 mill. kroner innlån i datter frå minoritetsaksjonærar. Netto renteberande gjeld er redusert med 377 mill. kroner frå 2021. SFE har ein sterk auke i kortsiktig renteberande gjeld frå 327 mill. kroner i 2021 til 1 127 mill. kroner ved utgongen av 2022. Ved fusjonen mellom Linja og Mørenett som vart registrert gjennomført i Einingsregisteret 08.03.2023 er det inngått avtale om at det fusjonerte nettselskapet skal innfri gjeld til SFE på 1 386 mill. kr. Dette er grunnen til at ein større del av lånegjelda til SFE har kortsiktig forfall slik at tilgjengeleg likviditet som kjem frå Linja kan nyttast til nedbetaling av gjeld.

Konsernet sin bokførte eigenkapital pr. 31.12.2022 er på 2 857 mill. kroner og utgjer 25,7% av totalkapitalen. Det er ein reduksjon i bokført eigenkapital på 104 mill. kroner samanlikna med utgående balanse 2021. Positivt resultat på 149 mill. kroner aukar bokført eigenkapital. Kontantstraumsikring av kraftkontrakter reduserer bokført eigenkapital med 169 mill. kroner, medan kontantstraumsikring av valutaterminkontrakter og valutalån reduserer eigenkapitalen med henholdsvis 24 og 4 mill. kroner. Utbetalte utbytte med 22 mill. kroner frå Svelgen Kraft Holding til minoritetsaksjonærar og negativt estimatavvik pensjonar på 18 mill. kroner reduserer også bokført eigenkapital.

Morselskapet har ein bokført eigenkapital på 2 670 mill. kroner. Dette er ein auke på 189 mill. kroner frå 2021. Hovudforklaringsa på denne auken er positivt resultat etter skatt i morselskapet på 342 om overstig avsett utbytte på 125 mill. kroner med 217 mill. kroner.

Styret si oppfatning er at SFE-konsernet og morselskapet si finansielle stilling er god. SFE sine kraftstasjonar har ein samla reell verdi som overstig bokført verdi, følgjeleg er den verdjusterte eigenkapitalen høgare enn bokført eigenkapital.

SFE held fast på målsettinga om å oppretthalde ei kreditrating som sikrar SFE finansiering tilsvarande investment grade nivå også i framtida.

#### Fortsatt drift

Konsernrekneskapen og rekneskapen for morselskapet er sett opp under føresetnad av fortsatt drift og styret stadfestar at desse føresetnadane er til stades for morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og SFE-konsernet samla. Etter styret si vurdering har konsernet og morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare utvikling og vekst.

#### DISPONERING AV RESULTAT - UTBYTE

SFE skal gjennom utbyte og verdiauke på selskapet gje aksjonærane ei konkurransedyktig avkasting samanlikna med alternativ investering med tilsvarande risiko. Ved fastsetting av utbytet tek ein omsyn både til investeringsnivå og resultat. Utgangspunktet er at utbytet vert fastsett slik:

Morselskapet sitt resultat etter skatt x 90%

$$\begin{aligned} & (\text{Årets investeringar} - \text{Årets ordinære avskrivingar}) \times 30\% \\ & = \text{Årets utbyte} \end{aligned}$$

For å sikre tilstrekkeleg stabilitet i utbytet for eigarane vert det årlege utbytet sett minimum til 75 mill. kroner under føresetnad av at styret finn dette forsvarleg.

Styret ønskjer å gjere ei utbytteavsetting som ligg mellom minimumsutbyttet på 75 mill. kroner og utbytte som ordinær utbytte-modell gir. Reduksjon av bokført eigenkapital i konsernrekneskapen, mellom anna grunna negativt utvida resultat, og forhold knytt til SFE sine låneavtaler gjer at utbyttet bør vere lågare enn det ordinær utbytte-modell gir. Konsekvensane av skatteskjerpingane som er innført i 2022 og utryggleiken desse skaper for framtida kombinert med selskapet sine framtidige investeringar for å spele ei rolle i det grøne skiftet tilseier også at utbyttet bør avgrensast noko i denne situasjonen. Styret tilrår generalforsamlinga til å gjere ei utbytteavsetting på 125 mill. kroner, tilsvarande kr 16,13 pr aksje. Dette er det høgaste utbyttet SFE har betalt sidan det ekstraordinært høge utbyttet på 305 mill. kroner i 2008.

Styret har slikt framlegg til disponering av resultatet i morselskapet:

Avsett til utbytte	124,9 mill. kroner
Overført til annan eigenkapital	244,4 mill. kroner
Overført frå fond for vurderingsforskjellar	-27,7 mill. kroner
<b>Sum disponert</b>	<b>341,6 mill. kroner</b>

#### EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjøre rolledeelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgjeving. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding. SFE følger tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing. SFE er ikkje blant selskapene som pliktar å følgje NUES sin tilråding, men vi har likevel valt å følgje denne innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillèt. SFE si foretaksstyringer er innretta for å realisere konsernet sine langsigte målsettingar. Foretaksstyringa er basert på vedtekten og styrevedtekne verdi-grunnlag og styringsprinsipp. Ut frå dette skal etablerte styringsprosessar og organisasjonen skape aktivitetar som sikrar målrealisering og kontroll.

Finansiell informasjon legg grunnlaget for godt funderte avgjørsler både internt i konsernet og for SFE sine interessentar. SFE avlegg rekneskap både etter NGAAP og IFRS. Feil i rekneskap, finansielle prognosar eller prosjekt- og investeringsvurderingar

representerer mellom anna risiko for omdømetap, søksmål, tilleggsskatt og uehdige investeringsavgjørder. Internkontrollen skal bidra til låg risiko for feil i rekneskap og anna finansiell rapportering. Prosessen for finansiell rapportering er dokumentert i konsernet sitt kvalitetssystem. Gjennom SFE sin fullmaktsstruktur og tilvisingsrutiner søker ein å redusere risikoen for økonomisk utruskap.

Det er ikkje gjort vedtak eller gitt fullmakter som gir styret høve til å kjøpe tilbake eller utstede eigne aksjar. SFE har to ulike aksjeklasser der A-aksjane utgjer 2/3 og B-aksjane 1/3 av alle aksjar. A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Utover dette er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemer med like mange personlege varemedlemer. Inntil 6 medlemer skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 1 eller 2 år etter generalforsamlinga si avgjerd. Styremedlemene kan ta attval. Styret har også revisjonsutval som eige styreutval.

Det er gjennomført 8 styremøter i 2022. Nokre av dei viktigaste sakene i 2022 har vore:

- Handtering av risikosituasjonen i samband med dei store prisskilnadane som oppstod frå hausten 2021 mellom systempris og NO3-områdepris som er prisområdet der SFE har sin kraftproduksjon. Finansielle systempriskontrakter som har vore det viktigaste instrumentet for prissikring av kraftproduksjonen er ikkje lenger eit hensiktsmessig sikringsinstrument for SFE. Det er derfor vesentleg å finne hensiktsmessige alternative måtar å handtere prisrisikoene på.
- Vedtak om gjennomføring av fusjon mellom SFE sitt nett-selskap Linja og Mørenett.
- Framtidig organisering av SFE-konsernet etter at Linja ikkje lenger er eit datterselskap.
- Handsaming av budsjett, langtidsprognose og langsiktig kraftprisprognose for investeringsformål.

Styret har stort fokus på HMS, samt strategi for SFE-konsernet i høve til endra rammevilkår.

## FINANSIELLE RISIKOFORHOLD

Morselskapet og SFE-konsernet er eksponert for fleire finansielle risikofaktorar. For å sikre gode resultat og stabile utbytte til eigarane, samt langsiktig verdiskaping, er det etablert ein overordna strategi for styring av risiko knytt til kontantstraum, resultat og verdien av eigendelane. På grunnlag av denne strategien har styret vedteke rammer for risikoeksponeringa innanfor områda krafthandel, finans og valuta.

Kontrollfunksjonane i SFE vert ivareteke av fleire nivå; gjennom styret, revisjonsutvalet, eksternrevisjon og gjennom løpende internkontroll i verksemda. SFE arbeider med ein systematisk tilnærming til internkontroll gjennom prosessar som sikrar samanheng mellom styringssistema, ansvarsdeling, uavhengig kontroll og eit tilstrekkeleg kontrollmiljø i organisasjonen. Konsernet har årleg gjennomgang og oppdatering av internkontroll knytt til finansiell rapportering, der vi har spesiell fokus på større og eller uvanlege transaksjonar og område med stor risiko.

Styret mottekk jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling.

## Marknadsrisiko

Strategien for krafthandel er å sikre ei forutsigbar inntening frå kraftproduksjonen. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er det høve til å prissikre. Denne strategien inneber at ein har etablert kvantumsgrenser med eit fallande sikringsbelte for kraftprissikring for inneverande år og 3 år fram i tid.

Også i 2022 har vi opplevd at kraftprisen for NO3, som er prisområdet som det meste av SFE sin kraftproduksjon er lokalisert i, har vore vesentleg lågare enn kraftprisen i resten av Sør-Noreg og også vesentleg lågare enn systemprisen som er prisreferansen som finansielle terminavtaler historisk har blitt inngått mot. SFE sluttar derfor våren 2021 å prissikre kraftproduksjonen mot systempris og prissikrar istaden gjennom fysiske eller finansielle kraftkontrakter i NO3 og NO5 (same prisområde som kraftverka er lokalisert). Sikringsgraden ved utgangen av 2022 er lågare enn ved tidlegare år grunna innføring av høgprisbidrag og auka grunnrenteskatt som medfører eit lågare skattenøytral sikringsgrad, samt at tilgjengelegheta på kontrakter med levering i NO3 eller NO5 er mykje dårlegare enn kontrakter med systempris som referanse.

## Valutarisiko

SFE handlar kraftterminkontraktar i Euro på NASDAQ OMX Commodities og gjennom bilateral handel med SEB. Dette representerer ein valutarisiko for konsernet. I tillegg vert kraftproduksjonen omsett på Nordpool spot notert i Euro. For å redusere og kontrollere denne valutarisikoen har styret vedteke ein valutastrategi der det er høve til å valutasikre ein del av forventa Euro-kontantstraum fram i tid for å redusere risikoen knytt til varierande valutakursar NOK/Euro.

## Kredittrisiko

SFE sitt fysiske kraftsal er på Nordpool spot og gjennom bilateralt sal til Wattn AS. Det er derfor avgrensa kredittrisiko knytt til denne delen. SFE er også aktør i spotmarknaden på vegne av Wattn AS som er eit tilknytt selskap til SFE-konsernet. Ved høge kraftprisar og store leveransevolum kan uteståande beløp hos Wattn vere vesentleg. Utifra Wattn sin soliditet og eigarskuktur oppfattar vi kredittrisikoen som liten. Nettelskapet Linja har fordringar mot sluttkunde eller kraftomsettingsselskap. Dersom sluttkunde ikkje betaler har nettelskapet rett til å stenge straumen. Dette er eit kraftig verkemiddel som reduserer tap på fordringar sterkt. Kraftomsettingsselskapet som gjennomfakturerer nettleiga stiller bankgaranti for dette mot Linja AS. Øvrig kredittrisiko i SFE-konsernet vert også vurdert til å vere avgrensa.

## Likviditetsrisiko

Likviditeten til konsernet er god med 860 mill. kroner som bankinnskot. SFE har i tillegg ein kassakreditt på 200 mill. kroner samt unytta trekkrett på 300 mill. kroner som likviditetsbuffer.

Renteberande gjeld spesifisert på forfallstidspunkt og trekkrettar 31.12.2022:

Beløp i 1000 kr	2023	2024	2025	2026	2027	ETTER 2027
Sum langsigkt gjeld	1 127 238	441 575	355 912	805 912	255 912	1 078 525
Beløp i 1000 kr	Total trekkrettar og kassekredittar	Trekt 31.12.2022	Unytta trekkrettar og kassekredit 31.12.2022			
Totalt	700 000	200 000	500 000			

SFE sine obligasjonslån inneheld ikkje covenantskrav knytt til eigenkapitalstørleik eller kontantstraumsmessige nøkkeltal. Låneavtalane med den Nordiske Investeringsbanken og Danske Bank har covenantskrav. Store investeringar og auka lånegjeld dei siste åra medfører ei svekking av desse nøkkeltaula. Marginen ned til covenantskrava i låneavtalane har difor blitt mindre i 2022.

SFE sitt nettselskap Linja vil i 2023 fusjonere med Mørenett AS. Det nye fusjonerte nettselskapet vil betale tilbake si lånegjeld til SFE på 1.300 mill. kroner. I tillegg vil Linja betale ut eit utbytte på 86,45 mill. kroner. SFE vil nytte denne likviditeten til nedbetaling av lånegjeld i løpet av 2023 og 2024, samt til finansiering av investeringar. Dette medfører ein kraftig reduksjon av SFE si lånegjeld som vil betre SFE sine finansielle nøkkeltal vesentleg. Marginen ned til covenantskrava i låneavtalane vil såleis også bli vesentleg forbetra. SFE sine innlån skal ha ein diversifisert forfallsstruktur der maksimalt 40 % av samla lån forfall i ein 12 månaders periode. Summen av SFE sine likviditetskjelder definert som likviditetsbeholdning pluss kommiterte trekkrettar og kassakreditt skal minimum vere like stor som konsernet sitt totale likviditetsbehov dei komande 6 månadane.

### Renterisiko

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og egedomsskatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding, plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa gjennom aktiv styring av renterisikoen. For å avgrense refinansieringsrisikoen set også finansstrategien rammer for kor stor del av lånegjelda som kan ha forfall innanfor ein 12-månaders periode.

### HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Visjonen for HMS-arbeidet i SFE er «Like heil både inni og utanpå». Det ivaretaket det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet og at HMS-arbeidet er eit målretta og langsiktig arbeid for å skape tryggleik og arbeidsglede. HMS-strategien er knytt til verdiane våre Stolt, Frisk, Ekte. Tydeleg og einheitleg leiing er sentralt i HMS-arbeidet vårt. For å kunne måle status og utvikling gjennomfører vi ei årleg spørjeundersøking knytt til korleis tilsette opplever tryggleiksklimaet. Oppfølging knytt til resultata går inn i HMS-handlingsplan for komande år.

Det har vore arbeidd med omfattande endringsprosessar som har omfatta alle tilsette i konsernet i heile 2022. Dette har skapa usikkerheit hos mange, noko som også påverkar det psykososiale arbeidsmiljøet. I tida framover, når ny organisasjon tek form og arbeidsinnhaldet blir avklara for den einskilde, vil det

vere viktig med fokus på utvikling av ein felles kultur og filosofi for leiing i SFE. Dette er naudsynt for å oppnå målet om at alle skal koma heim «like heil både inni og utanpå».

Det vert rapportert skadar knytt til det fysiske arbeidsmiljøet. Skadefrekvens H1-verdi (tal fråværsskadar pr 1 million arbeidstimar) var på 7,8 i 2022. Andre HMS-nøkkeltal i 2022 er skadefrekvens H2-verdi (tal skadar, med eller utan fråvær, pr 1 million arbeidstimar) på 18,2 og skadefråvær F-verdi (tal fråværsdagar grunna skadar pr. 1 million arbeidstimar) på 112.

Vi har hatt sju skadar totalt i 2022, tre av desse har medført fråvær. Fråværsdagar knytt til skadar er 43. Skadar med fråvær er på same nivå som i 2021, medan skadar utan fråvær har auka. Vi har ikkje nådd våre målsettingar knytt til skadar i 2022, og sjølv om skadane vi har hatt ikkje er alvorlege, er det likevel sju skadar for mykle. Vi kjem framleis til å ha stor fokus på å nå vår O-visjon.

Samla sjukefråvær i 2022 var 4,93%. Dette er høgare enn det har vore dei siste åra. Ein opna opp at på starten av året etter at dei nasjonale covid-restriksjonane vart fjerna. Tilsette kom tilbake på kontora og vi fjerna restriksjonane kring organisering av prosjekt og arbeidslag. Som resten av samfunnet så har smitte og fråvær grunna viruset halde fram. I tillegg har det vore fleire runder med influensa. Tilsette har også blitt meir medvitne på å halde seg heime om ein ikkje kjenner seg friske. Samla sett har dette truleg resultert i eit sjukefråvær over normalen. Vi følgjer sjukefråværet og oppfølginga av sjukmelde tett. I tillegg har vi retta eit særskilt fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. I ei tid med store endringar i organisasjonen er det naturlig at dette skapar noko uro og usikkerheit.

Vi har hatt to arbeidstreningsprosjekt i samarbeid med NAV dette året. Etter gjenopninga etter covid har det blitt enklare å ta inn eksterne personar og gjennomføre slike prosjekt. Ein like viktig del av arbeidet med å redusere fråfallet frå arbeidslivet må også gjerast i dei enkelte bedriftene. SFE har gjennom mange år hatt fokus på å legge til rette/endre arbeidsoppgåver for dei som av helsemessige årsaker har fått utfordringar med å halde fram i stillingane sine. Vi har slike tilretteleggingar også i 2022.

### LIKESTILLING, MANGFALD OG INKLUDERING

Ved utgangen av 2022 var det 260 tilsette i SFE-konsernet, av desse var det 9 lærlingar. 210 (81%) av dei tilsette var menn, og 50 (19%) var kvinner. Totalt inkludert lærlingar, trainee og sommarhjelper vart det utført 245 årsverk.

Samansettinga av heiltid og deltid mellom kvinner og menn i konsernet var i 2022 slik som tabellen under viser:

Det er ingen som jobbar ufrivillig deltid i SFE.

Av totalt 245 årsverk i konsernet var 4,5 årsverk midlertidig tilsette – 3 årsverk kvinner og 1,5 årsverk menn. Dette er 0,3 årsverk kvinner i morselskap av totalt 29,1 årsverk, 0,2 årsverk kvinner i Linja av totalt 141 årsverk, og 2,5 årsverk kvinner i SFE Produksjon av totalt 74,8 årsverk.

I konsernet er det to kvinner som har hatt 23 veker foreldrepermisjon i gjennomsnitt i 2022, medan det er åtte menn som i gjennomsnitt har hatt 9,5 veker. Dette er basert på uttak av

permisjon i 2022, og det kan vere permisjonar som startar i 2021 eller vert avslutta i 2023.

Konsernstyret har totalt ni medlemmer samansett av seks akjonærvalde og tre vald mellom dei tilsette. Styret har to kvinnelege medlemmer vald av aksjonærane. Dei to heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS og Linja AS har fire styremedlemmer kvar. I Linja AS er det eitt kvinneleg styremedlem. I konserten si leiargruppe er det ei kvinne.

SFE har ei medviten haldning til å sikre likeløn mellom kvinner og menn. Under lønsoppgjeren i 2022 hadde ein eit særskilt fokus på lønnskilnader mellom kvinner og menn, og gjorde tiltak på utjamning ved framkomne skeivheiter. Dette fokuset vil halde fram i 2023.

SFE har inga form for bonusordning.

Å styrke mangfaldet, og jobbe aktivt for likestilling og inkludering, er ein sentral del av SFE-konserten sin gjeldande strategiplan. Der mangfaldsarbeid handlar om å gi alle ein likestilt plass rundt bordet, uavhengig av forskjellar mellom folk som til dømes kjønn, alder, funksjonsevne, etnisitet, seksuell orientering, yrkesfagleg bakgrunn, eller personlegdom, handlar inkludering om å sikre at alle blir hørt og verdsett – for den dei er. Det handlar om å sjå mangfald som ein styrke.

Som ei ansvarleg verksemde skal SFE følgje opp når det gjeld likestillings- og diskrimineringslova sine intensjonar, rettar og plikter. Leiinga og tillitsvalde har ei felles målsetting, og jobbar tett og aktivt saman, i eit planlagt, aktivt og målretta arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering i SFE. Dette inneber mellom anna at vi arbeider aktivt for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremming og utviklingsmogleigheter, tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar, kombinasjonen arbeid og familieliv, og arbeidsmiljøet (spesielt det psykososiale). Kartlegging og undersøking, vurdering av årsaker, treffen tiltak og evaluere er sentralt for dette arbeidet.

SFE har eit eige Likestillingsutval med representantar både frå arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet har i 2022 bestått av tre kvinner og tre menn, og førestår og koordinerer likestillings- og diskrimineringsarbeidet i SFE.

Med den kjønnssamsetning ein har i SFE-konserten, er det å auke kvinneandelen ei naturleg og iaugefallande målsetting i arbeidet med mangfald. Dette gjeld både for å få fleire kvinnelege tilsette, og fleire kvinnelege leiarar. Tiltak i denne retning har t.d. vore å oppmøde kvinner om å søkje når vi annonserer nye stillingar, samt å legge til rette for og sikre bevisstheit rundt at SFE skal vere, og framstå som ein god og attraktiv arbeidsplass også for kvinner. SFE har tilsett 21 personar i 2022, av desse er 7 kvinner.

SFE-konserten har ei målretta satsing på å auke delen av kvinnelege leiarar. Døme på dette er deltaking i leiarutviklingsprogram, og fokus på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering av leiarar.

Ulik handsaming av kvinner og menn er eit område der SFE-konserten har nulltoleranse. Dette er tema i alle medarbeidar- og utviklingssamtaler. Det er også eit sentralt område i våre

organisasjonsmessige kartleggingar og undersøkingar, og er ein del av oppfølginga av desse.

Ubevisste haldningar er noko alle menneske har, og som påverkar åferda vår og avgjerdene våre. Ikkje alle ubevisste haldningar kjem til uttrykk på ein positiv måte sett opp mot eit mangfalds- og inkluderingsperspektiv, og dette kan vere ei utfordring i eit arbeidsmiljø. I SFE har ein over tid jobba med utvikling av positive haldningar i organisasjonen gjennom eit verkty vi kallar RAUS-plakaten. Denne vert tatt opp i ulike samanhengar, og heng fysisk rundt i lokala som i møterom, kantine mv. På plakaten er det framheva nokre viktige omgrep som skildrar kva haldningar vi skal ha til kvarandre, som til saman utgjer ordet RAUS (relasjon og respekt, anerkjenning, utvikling, smil).

Systematisk haldningsskapande arbeid er noko ein vil halde fram med, både i form av ytterlegare bruk av RAUS-plakaten, og i form av nye tiltak ein vil jobbe fram gjennom Likestillingsutvalet, og ulike leiar- og medarbeidarforum.

SFE er medvitne på universell utforming av våre bygg. For å støtte krava til universell utforming har vi heis og rullestolramper. Vi meiner at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagde for alle.

## SAMFUNNSANSVAR OG BEREKRAFT

Ei berekraftig framtid er avhengig av stadig meir fornybar energi, og som produsent og distributør av elektrisk energi har SFE ei viktig samfunnsrolle. Om vi ikkje har tilgang på tilstrekkeleg fornybar energi til å erstatte dei fossile energikjeldene, vil vi ikkje lukkast i arbeidet med å demme opp for klimaendringane. På same tid er all produksjon og distribusjon av fornybar energi bruk av den unike naturen vi har rundt oss, og vi har eit ansvar for at all vår bruk av naturen er berekraftig.

FN sine berekraftsmål er retningsgjevande for arbeidet vårt med berekraftig utvikling. Mellom anna peikar berekraftsmål nr. 17 på at styresmakter, næringsliv og sivilsamfunnet må samarbeide for å oppnå berekraftig utvikling. Noreg skal redusere utsleppa med minst 50% innan 2030 og Vestland fylke har mål om å bli eit netto nullutslepps fylke innan same år. Dette er ambisjonar vi ønskjer å bidra til å realisere.

I 2022 justerte SFE klimadelen av mål- og strategiplanen, slik at måla samsvarar med forpliktingar til kutt som verda rundt oss også forheld seg til. Målet er no å redusere utslepp i scope 1 og 2 med 50% innan 2030 og 90% innan 2050 med 2020 som basisår.

Miljøforbetrande tiltak: I 2022 har SFE sluttført eit femårig arbeid med å overvake fisk i Vetlefjordselvi ved Mel kraftverk i Sogndal kommune. Sjøaurebestanden i Vetlefjordelvi er påverka av vår kraftproduksjon. Gjennom mange år har vi henta inn kunnskap om vassdraget og kartlagt bestanden, samt utført ei mengde miljøforbetrande tiltak i elva. Dette har gitt positiv effekt.

Kartlegging av fugl: Lutelandet vindkraftverk i Fjaler kommune kom i drift på slutten av 2021. I 2022 starta vi opp eit etterundersøkingsprogram for fugl. Foreløpige resultat etter visuelle observasjonar av hausttrekket viser lite trekkaktivitet i området. Det skal gjennomførast undersøkingar fram til 2025, inkludert radarundersøkingar i 2024.

Ivaretaking av fornybar energiproduksjon: Kraftverket Åskåra 1 i Ålfoten i Bremanger kommune, er med sine 90 MW det største aggregatet til SFE og har vore i drift sidan 1970. I 2022 vart det utført revisjon av aggregatet med mellom anna utskifting av løpehjul, nålservoar, turbinregulator, stator, generatorpolar og tilpassing av kontrollanlegg for betre overvaking. Rehabiliteringa sikrar framtidig energiproduksjon og gir meir energi ut av same vassressursen i form av auka verknadsgrad, utan å medføre nye inngrep i naturen.

Utbygging og oppgradering av linjenett: Dei siste åra har Linja oppgradert mange av dei eldre linjene. I tillegg er det bygd ut nye linjer, blant anna for å få handtere ny fornybar energi produsert av vatn og vind. Det er eit auka behov for linjekapasitet etter kvart som elektrifisering av regionen vår skrir fram.

Berekraftig finansiering: Tilbake i 2021 starta SFE eit arbeid med å kartlegge vasskraftaktiviteten vår i høve EU sin taksonomi for berekraftige investeringar. For å bli klassifisert som ein berekraftig aktivitet må SFE sin vasskraftaktivitet bidra positivt til minimum eit miljømål og ikkje gjere vesentleg skade på dei tre andre miljømåla som er relevante for vasskraft. Ut ifrå dagens metodikk knytt til utrekning av energitettleik kan vi vise til at anlegga vi er operatør for i all hovudsak kjem krava i møte, og at SFE dermed bidreg positivt til avgrensing av klimaendringar.

SFE har i lag med ekstern bankforbindelse arbeidd fram eit rammeverk for grøn finansiering. Det er verifisert av CICERO (Centre for International Climate and Environmental Research) og fekk kategorien mørk grøn i klassifiseringssystemet i 2021. Rammeverket og CICERO sin tredjepartvurdering er tilgjengeleg på SFE si nettside.

Tilbakefører til fellesskapet: Vi skaper verdiar av produksjon og overføring av elektrisk energi basert på bruk av vår felles natur. Å gi tilbake til fellesskapet er ein viktig del av samfunnsansvaret vårt. I tillegg til avbøtende tiltak, sponsormiddel og utbytte, er skatteinntekter frå kraftproduksjon ein måte kraftkommunane og samfunnet får ta del i verdiskapinga på. Totalt fekk verkskommunane våre nær 217 MNOK i form av skattar og avgifter i 2022. Vi er stolte av å bidra til ei berekraftig framtid med utviklinga av fornybar energi, samtidig som vi skaper verdiar til våre offentlege eigarar og lokalsamfunna våre. Dei siste 15 åra har vi betalt utbytte til eigarane på over ein milliard kroner.

I ti år har vi støtta prosjekt som gir reint vatn i Sierra Leone og Zimbabwe saman med Plan Norge. I 2022 bidrog vi med 100 000 kroner til Plan Norge sitt arbeid for kvinner og barn på flukt i Ukraina, i tillegg til at nettselskapet Linja donerte viktig utstyr og komponentar i arbeidet med å bygge opp sentral infrastruktur i landet.

Vi har saman med partnarar etablert ein grøn innovasjonspris som heiter DRIV-prisen, og det er SFE som administrerer denne prisen som kvart år blir delt ut under Kraft i Vest. Målet med prisen er å inspirere og fremje idear og premierer nyestablerte selskap som satsar på grøn teknologi. Møteplassar er viktig for å lære, inspirere og diskutere. Difor samlar vi lokalt næringsliv og andre viktige partnarar til næringskonferansen vår Kraft i Vest der klima og berekraft alltid er sentrale tema. Vi inviterer kvart år skuleklassar både frå Firda vidaregåande skule og Høgskulen på

Vestlandet til konferansen vår, slik at dei kan lære, få inspirasjon og ikkje minst vere med i dei viktige diskusjonane.

Miljøsertifisering: Hovudkontoret til SFE på Sandane og Linja sitt kontor i Florø har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2008. I 2021 vart dette utvida, og alle dei åtte montørbasane til Linja er no sertifiserte som Miljøfyrtårn. Ved hjelp av dette miljøstyringssystemet, kartlegg og måler vi aktiviteten vår på arbeidsmiljø, energibruk, transport, innkjøp og avfall. SFE er medlem av Klimapartnere. Dette er eit landsomfattande klimanettverk for bedrifter og kommunar der kunnskapsutveksling, samarbeid og inspirasjon til måloppnåing ligg til grunn. Vi deltek i ulike møter og forum der vi både hentar og delar kunnskap.

Klimarekneskap: Vi fører klimarekneskap i SFE, og rekneskapen omfattar heile verksemda vår i tillegg til dei heil- og deleigde kraftproduksjonsanlegga som vi er operatør for. Vi nyttar «Klimakost» for føring av klimarekneskap i høve prinsippa i GHG-protokollen (Green House Gas Protocol).

Berekrftsrapport: I 2021 lagde vi vår første berekrftsrapport. Berekrftsrapporten for 2022 er å finne på våre nettsider, og her kan ein lese meir om mange av tema som er nemd her.

Etikk i SFE: Verdi- og etikkplattforma er sjølve berebeljenken for SFE sitt virke. Her tydeleggjer vi det som skal prege miljø og prosessar internt, og kva som skal kjenneteikne våre verdiar, haldningar og adferd. SFE har eit etisk utval som skal vere ei støtte for vurderingar kring etiske problemstillingar, og ein stad der tilsette fortruleg kan henvende seg med spørsmål rundt etikk, drøfte løysingar og få råd. Ved behov tek utvalet ansvar for vidare handsaming av saker og problemstillingar.

Gjennom mellom anna styreforankra innkjøpsstrategi og etisk plattform for tilsette skal vi sikre at SFE si verksemd er i samsvar med eigarar og samfunnet sine etiske forventingar. Openheitslova som vart innført 01.07.2022 er også med på å auke fokus på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos våre leverandørar og i vår verdikjede. SFE skal etter openheitslova gje ei utgreiing for arbeidet med grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold innan 30.06.2023. Denne utgreiinga vil verte tilgjengeleg på [www.sfe.no](http://www.sfe.no)

## YTRE MILJØ

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er mellom dei mest miljøvennlige former for energiproduksjon vi har, og medfører i svært liten grad klimautslepp eller forureining av det ytre miljøet etter at anlegget er bygd. Aktivitetar i SFE som medfører direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet er mellom anna knytt til reiseverksemd med bilar og helikoptertransport i samband med drift og vedlikehald av anlegg. Andre tiltak for vedlikehald og drift av nettanlegg og produksjonsanlegg kan også påverke miljøet. Bygging av nye anlegg kan medføre både CO<sub>2</sub> utslepp og endring av naturmiljøet gjennom bruk av betong, masseforflyttingar og tilrettelegging for produksjonsanlegg i naturen.

I høgspent-koblingsanlegg har SF<sub>6</sub>-gass (svovelheksafluorid) vore brukt av alle leverandørar fordi gassen har svært gode slokke-eigenskapar for lysbue og dermed egner seg godt i høgspentbrytarar. Gassen er derimot giftig og er ein svært potent

klimagass. Ved lekkasje eller havari på anlegg tilsvavarar utslepp av ein kilo SF<sub>6</sub>-gass over 20.000 kilo CO<sub>2</sub>. På nye anlegg kan SF6 no erstattast av meir klimariktige gassblandingar, og Linja vel slike alternativ på alle anlegg kor det er kommersielt tilgjengeleg.

Linja har fokus på bruk av andre materialar i linjebygging enn dei tradisjonelle kreosotimpregnerte trestolpane. Dei seinare åra har vi difor både bygd linjer i stål og i kompositt. Det er i 2022 også tatt i bruk trestolpar med alternative (mindre giftige) impregnéringsmetodar, og kreosot er i ferd med å verte faså heilt ut i bruk på nyanlegg.

SFE legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar. Oppfølging av reguleringsføresegner, som minstevassføring, samt frivillige og pålagde ferskvassbiologiske undersøkingar og avbøtande habitat- og kultiveringstiltak for fisk i regulerte vassdrag er døme på dette. Ved bygging av nye anlegg vert moglege miljøkonsekvensar grundig vurdert. SFE har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg og eigen Fagleiar miljø som følgjer systematisk opp tilstand, tryggleik og miljøforhold på anlegga.

EU sitt vassdirektiv er godkjent og implementert i Noreg og set krav om miljømål for alle vassdrag. Målet er å betre den økologiske tilstanden i vassdraga gjennom tiltak, og endeleg frist for å oppnå miljømåla er i 2033. Fylkeskommunen er forvaltingsmynde. Regional plan vart vedteken av Fylkestinget i mars og godkjend av Klima- og miljødepartementet i oktober 2022.

Planen vil påverke SFE ved at det kan verte opna opp for vilkårsrevisjon i Vetlefjordvassdraget. Vassdraget er med bakgrunn i Miljødirektoratet og NVE sine innspel og vurderinger i planprosessen, prioritert for vilkårsrevisjon framfor Stongfjordvassdraget (som i førre planperiode hadde høgare prioritet enn Vetlefjordvassdraget). Dette står likevel i motsetning til dei regionale vedtaka i vassregionutvalet og Fylkestinget. Slepp av minstevassføring vil i så fall bli nærmere utgreidd, noko som kan medføre produksjonstap. SFE har dei siste åra arbeidd proaktivt og utført fleire avbøtande miljøtiltak som ikkje har gått ut over kraftproduksjonen i vassdraget. SFE legg vekt på god dialog med styremakter, bransje og kunnskapsbasert forvalting av vassdraga i dette arbeidet.

Endringane i klima som medfører oftare situasjonar med ekstremvær påvirkar beredskap og vedlikehald. Førebels har dette avgrensa påverknad på SFE sine finansielle resultat. Større vérvariasjonar kan også medføre at kraftprisen vert meir volatil og dette påverkar SFE si risikostyring.

## FORSIKRING FOR STYRET SINE MEDLEMMER OG DAGLEG LEIAR

SFE har styreansvarsforsikring som er teikna av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS på vegne av alle selskap i konsernet. Forsikringa dekker ansvar for formuestap for krav framsett mot den sikra i forsikringsperioden som følge av ei ansvarsbetinja handling eller unnlating hos sikra i eigenskap av dagleg leiari, styremedlem, medlem av leiing eller tilsvarande styreorgan i konsernet. Forsikringa dekker ikkje skade på personar eller eidegar. Forsikringsavtalen sitt hovudforfall er 1. januar og løper i 12 månader.

Det vert stadfestat at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa SFE sin storleik og omsetnad.

## VESENTLEGE FORHOLD ETTER BALANSEDAGEN

Fisjonsfusjonen av datterselskapet Linja AS vart vedteke i Linja si generalforsamling 16.desember 2022 og gjennomføring vart registrert i Eningsregisteret 8.mars 2023. Fibereigedelar som låg i Linja AS vart verande igjen i SFE-konsernet i selskapet SFE Fiber AS, medan alle øvrige eidegar og gjeldspostar i Linja AS er fusjonert ut og fusjonert inn i Mørenett AS. Det fusjonerte nettselskapet har fått namnet Linja AS.

Utover dette er ikkje styret kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet og konsernet si framtid. Såleis meiner styret at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilet av konsernet og morselskapet sine eidegar, gjeld, finansielle stilling og resultat.

## FRAMTIDSUTSIKTER

Dei store prisskilnadane mellom prisområda i børsområdet har vedvare etter årsskiftet. Dette gjer at det er utfordrande å finne effektive måtar å prissikre kraftproduksjonen framover. Ein vesentleg mindre del av framtidig kraftproduksjon er derfor prissikra enn dei siste åra.

Ved inngangen til 2023 var SFE sin vassmagasin litt under normal i forhold til årstida. Vi har fleire revisjonar gjennom vinter og vår 2023 som krev meir nedtappa magasin enn normalt. Etter nyttår har vi hatt periodar med uvanleg mildt vær, der tilsiget har vore høgt. Kombinert med at fleire kraftverk står har magasina stige til over normalt i veke 10. SFE sine snømagasin er pr veke 10 om lag som normalt.

SFE har mesteparten av produksjonskapasiteten i NO3 er det svært bekymringsfullt at dei store prisskilnadane mellom NO3 og resten av Sør-Noreg varer ved. Manglande overføringskapasitet frå dei nordlege delane av Skandinavia til dei sørlege gjer at gjennomsnittsprisen i NO3 var 42,8 øre/kWh medan gjennomsnittsprisen i NO1 og NO5 var henholdsvis 193,9 og 193,4 øre/kWh. Den største utfordringa for Noreg er ikkje prisen slik den var i NO3, men at prisen i resten av Sør-Noreg var svært høg. Utbygging av betre nettkapasitet nord-sør er det som kan avbøte på dette og redusere prisen i sør. Situasjonen i Europa pga krigen Russland har starta i Ukraina og den situasjonen dette har medført, gjer at det er risiko for at prisskilnadane kan vere vedvarande over lenger tid.

SFE ventar ein kraftproduksjon i 2022 om lag som middelproduksjonen på 2.275 GWh.

Klimautfordringa gjer at dei fleste land i verda har planar og tiltak for å redusere utslepp av klimagassar. EU har store ambisjonar for reduksjon av utslepp og gjennom den varsle taksonomien vil ein også forsøke å påverke finansmarknadane til å styre investeringane i berekraftig og klimavenleg retning. Fornybar energi vil erstatte fossile energibærarar dei komande tiåra, og verdien av fornybar energiproduksjon vil auke. Storparten av den nye fornybare produksjonen i Europa vil vere uregulerbar produksjon i form av vind- og solkraft. Stabil overføringskapasitet innanfor

Noreg og gjennom samband til fastlands Europa og Storbritannia sikrar kraftforsyninga, aukar verdien av energiproduksjonen og bidreg til energiomlegging frå fossile- til fornybare energiberarar i Europa.

Det er anslått at ei storstilt elektrifisering i Noreg vil skape behov for 20-25 % auke i kraftproduksjonen. Noreg har store naturressursar til ein slik auka produksjon både innanfor vass- og vindkraft. Samtidig har det skjedd ei markant haldningsendring til særskilt utbygging av vindkraft dei siste åra. Den auka motstanden mot vindkraft kan gjere det vanskeleg å realisere vindkraftprosjekt dei komande åra. Mogleg auka produksjon innan vasskraft kan bli meir aktuelt.

Den auka skattlegginga av produksjonen av fornybar energi som vart innført i 2022 er svært uheldig for moglegitetene til å få fram ny fornybar energi dei komande åra. Særleg er auken i grunnrenteskatt for stor vasskraft frå ein effektiv skattesats på 37% til 45% uheldig. Dette reduserer vesentleg vasskraftprodusentane si investeringsevne sidan ein større del av verdiskapninga vil bli overført til staten gjennom grunnrenteskatten. Det er også ei vesentleg verdioverføring frå eigarane av stor vasskraft til staten. Det som er like skadeleg er at framleggjet om

innføring av grunnrenteskatt for vindkraft, kombinert med auken i grunnrenteskatt for vasskraft, svekkar både norske og utanlandske investorar si tiltru til stabile føreseielege rammevilkår for investering i fornybar energi i Noreg. Når staten vesentleg skjerpar skattlegginga etter at aktørane har gjort store investeringar i fornybar energi kan dette medføre at både norske og utanlandske investorar ikkje vil våge å investere i nye prosjekt i Noreg fordi rammevilkårsrisikoen er for stor.

Det er aukande forventingar om at energiselskapa, i tillegg til produksjon og distribusjon av fornybar energi, også skal bidra til elektrifiseringa av samfunnet. Nye utsleppsfree løysingar innan transport, næring og industri vil prege tiåret. Det at mykje av den nye energiproduksjonen er uregulerbar vil gjere «smarte nett», og løysingar som sikrar fleksibel produksjon og forbruk viktigare.

#### **Kortsiktige økonomiske utsikter:**

SFE sin prognose for 2023 viser eit resultat som er betre enn 2022.

Styret vil takke alle tilsette og tillitsvalde for god innsats og ikkje minst for det konstruktive samarbeidet i samband med dei store og viktige endringsprosessane som året 2022 har vore sterkt prega av.

Sandane 26.04.2023

**Sigurd Erlend Reksnes**  
-styreleiar-

**Silje Skaar Sunde**  
-nestleiar-

**Henrik Oppen**  
-styremedlem-

**Olin Johanne Henden**  
-styremedlem-

**Arvid Andenæs**  
-styremedlem-

**Jan Helge Dale**  
-styremedlem-

**Kevin Denton**  
-styremedlem-

**Mons Solheim**  
-styremedlem-

**Ragnhild Gundersen**  
-styremedlem-

**Johannes Rauboti**  
-konsernsjef-

**KONSERN**

# Resultatrekneskap

## 2022

# RESULTATREKNESKAP 2022

## SGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Tal etter International Financial Reporting Standards (IFRS)

Beløp i 1000 kr.	Note	2022	2021
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>			
Sal av kraft	4,911	3 040 667	1 030 449
Sal av overføringstenester	4,11	500 191	543 952
Andre driftsinntekter	4,11	88 898	69 370
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>3 629 756</b>	<b>1 643 771</b>

DRIFTSKOSTNADER			
Kjøp av kraft	9,11	1 689 506	659 643
Kjøp av overføringstenester	4	177 088	241 811
Løn og sosiale kostnader	13,14,34	222 587	186 294
Avskrivningar	19,20	194 416	180 674
Nedskrivningar	19,20	-6 201	24 342
Eigedomsskatt/avgifter	15	69 001	64 737
Andre driftskostnader	16	207 801	125 478
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>2 554 198</b>	<b>1 482 979</b>

<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>1 075 558</b>	<b>160 792</b>
-----------------------	------------------	----------------

FINANSIELLE POSTAR			
Resultat frå investering i tilknytta selskap	21	3 977	6 848
Finansinntekter	9,17	68 706	61 608
Finanskostnader	9,17,28	135 729	83 957
<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>		<b>63 047</b>	<b>15 501</b>

<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>1 012 511</b>	<b>145 291</b>
Overskotsskatt	18	230 438
Grunnrenteskatt	18	577 212

<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>204 862</b>	<b>-64 644</b>
Av dette minoritetsandel		22 493
Av dette SFE sin andel		182 369
Resultat pr. aksje (i heile kroner)	23	-9

## UTVIDA RESULTAT – SFE KONSERN

Beløp i 1.000 kr.	2022	2021
Ordinært resultat etter skatt	204 862	-64 644
<b>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</b>		
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt	-168 934	-19 185
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-3 844	29 773
Kontantstraumsikring valutalån etter skatt	-23 552	25 997
<b>Postar som seinare ikke kan reklassifiserast til resultat:</b>		
Estimatavvik pensjoner etter skatt	-17 826	29 912
<b>Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden</b>	<b>-9 294</b>	<b>1 853</b>
Av dette minoritetsandel	18 436	9 772
Av dette SFE sin andel	-27 730	-7 918

# BALANSE 31.12.22

## SØGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr.	NOTE	31.12.22	31.12.21
<b>EIGEDELAR</b>			
Fallrett	19	1 940 390	1 940 257
Øvrige immaterielle egedelar	19	687 418	689 899
Varige driftsmiddel	20	5 418 966	5 183 096
Investering i tilknytta selskap	21	367 724	362 844
Øvrige finansielle anleggsmiddel	22	187 762	179 632
Derivat	9	264 570	46 543
<b>Anleggsmiddel</b>		<b>8 866 829</b>	<b>8 402 272</b>
Varelager	23	20 080	39 115
Fordringar	24	832 669	574 300
Derivat	9	517 019	220 750
Kontanter og bankinnskot	25	860 740	283 657
<b>Omløpsmiddel</b>		<b>2 230 509</b>	<b>1 117 823</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>11 097 338</b>	<b>9 520 095</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Innskoten eigenkapital		1 014 691	1 014 691
Opptent eigenkapital		1 307 313	1 352 497
Minoritetsinteresser		590 866	593 806
<b>Eigenkapital</b>		<b>2 912 870</b>	<b>2 960 993</b>
Pensjonsforplikting	14	45 270	54 575
Utsett skatt	18	1 202 422	900 242
Andre forpliktingar	27	792 519	564 542
Renteberande langsiktig gjeld	28	2 937 525	3 536 923
Derivat	9	106 551	34 946
<b>Langsiktig gjeld</b>		<b>5 084 288</b>	<b>5 091 229</b>
Renteberande kortsiktig gjeld	28	1 127 238	327 238
Betalbar skatt	18	455 128	150 864
Anna rentefri gjeld	29	1 194 394	751 978
Derivat	9	323 419	237 792
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>3 100 180</b>	<b>1 467 872</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>11 097 338</b>	<b>9 520 095</b>

Sandane 26.04.2023

Sigurd Erlend Reksnes  
-styreleiar-Henrik Oppen  
-styremedlem-Arvid Andenæs  
-styremedlem-Kevin Denton  
-styremedlem-Ragnhild Gundersen  
-styremedlem-Silje Skaar Sunde  
-nestleiar-Olin Johanne Henden  
-styremedlem-Jan Helge Dale  
-styremedlem-Mons Solheim  
-styremedlem-Johannes Rauboti  
-konsernsjef-

# OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE-KONSERN SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

(Beløp i 1000 kr.)	Innskutt eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontantstraum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 01.01.2021</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 472 434</b>	<b>-36 960</b>	<b>1 435 472</b>	<b>716 034</b>	<b>3 166 198</b>
Årets resultat		-75 071		-75 071	10 428	-64 644
Utbetalt utbytte i 2021		-75 058		-75 058	-132 000	-207 058
Estimatavvik pensjoner		29 912		29 912		29 912
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			-18 397	-18 397	-788	-19 185
Kontantstraumsikring valutaterminkon- trakter			29 641	29 641	132	29 773
Kontantstraumsikring valutalån			25 997	25 997		25 997
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 352 217</b>	<b>281</b>	<b>1 352 496</b>	<b>593 806</b>	<b>2 960 993</b>
Årets resultat		182 369		182 369	22 493	204 862
Utbetalt utbytte i 2022				0	-22 000	-22 000
Andre endringar av eigenkapital		-16 829		-16 829		-16 829
Estimatavvik pensjoner		-17 826		-17 826		-17 826
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			-168 934	-168 934		-168 934
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-20 119	-20 119	-3 433	-23 552
Kontantstraumsikring valutalån			-3 844	-3 844		-3 844
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 499 931</b>	<b>-192 615</b>	<b>1 307 313</b>	<b>590 866</b>	<b>2 912 870</b>

# KONTANTSTRAUMANALYSE

## SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr.

	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Ordinært resultat før skattekostnad	1 012 511	145 290
Betalte skattar i perioden	-140 356	-37 532
Avskrivningar	194 416	180 674
Nedskrivningar	-6 201	24 342
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	176	-116
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-3 977	-6 847
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	0	-17 757
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-165 647	200 865
Endring varelager	4 782	1 219
Endring i kundefordringar	-183 860	-370 116
Endring i leverandørkjeld	95 021	120 438
Endring i pensjonsforpliktingar	-36 649	-19 047
Endring i andre tidsavgrensingspostar	140 304	282 050
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>910 520</b>	<b>503 463</b>

**KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:**

Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-390 413	-1 061 875
Endring forskotsbetaling til leverandør ved kjøp av varige driftsmiddel	-5 349	65 484
Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel	3 942	1 255
Innbetaling ved sal av aksjer og andelar i andre foretak	0	955
Innbeatling ved reduksjon av langsiktig fordring	906	1 819
Utbetalingar ved kjøp av aksjer og andelar i andre foretak	-2 100	-5 759
Utbetaling ved utlån	-1 700	-4 233
Kontanteffekt avgang datter	0	-849
Innbetaling av utbytte	5 675	1 380
Innbetalte renter	0	2 091
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-389 039</b>	<b>-999 732</b>

**KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:**

Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	500 000	550 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-327 238	-177 238
Utbetalte renter	-95 159	-79 160
Utbetaling av utbytte	-22 000	-75 058
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>55 603</b>	<b>218 544</b>
Netto endring i kontantar og ekvivalentar	577 082	-277 725
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	283 657	561 383
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	860 740	283 657

# NOTAR SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN 2022

## INNHOLD

KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA

<b>NOTE 1</b>	Generell informasjon og samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp	35
<b>NOTE 2</b>	Skjønnsmessige vurderinger, estimat og føresetnader	37
<b>NOTE 3</b>	Hendingar etter balansedagen	37
<b>NOTE 4</b>	Segmentinformasjon	38
<b>NOTE 5</b>	Transaksjonar	40
<b>NOTE 6</b>	Styring av kapitalstruktur	41
<b>NOTE 7</b>	Marknadsrisiko	42
<b>NOTE 8</b>	Kreditrisiko og likviditetsrisiko	44
<b>NOTE 9</b>	Finansielle instrument	46
<b>NOTE 10</b>	Rekneskapsmessig sikring	50
<b>NOTE 11</b>	Salsinntekter	54
<b>NOTE 12</b>	Nedskriving	57
<b>NOTE 13</b>	Lønskostnader og antall årsverk	58
<b>NOTE 14</b>	Pensjon	58
<b>NOTE 15</b>	Eigedomsskatt og konsesjonsavgifter	62
<b>NOTE 16</b>	Andre driftskostnadar	62
<b>NOTE 17</b>	Finanspostar	62
<b>NOTE 18</b>	Resultatskattar	63
<b>NOTE 19</b>	Immaterielle eigedelar	65
<b>NOTE 20</b>	Varige driftsmiddel	66
<b>NOTE 21</b>	Tilknytta selskap og felleskontrollerte ordningar	68
<b>NOTE 22</b>	Øvrige finansielle anleggsmiddel	70
<b>NOTE 23</b>	Behaldningar	71
<b>NOTE 24</b>	Fordringar	71
<b>NOTE 25</b>	Bankinnskot, kontantar og liknand	71
<b>NOTE 26</b>	Aksjekapital og aksjonærinformasjon med meir	72
<b>NOTE 27</b>	Avsetting for forpliktingar	72
<b>NOTE 28</b>	Renteberande gjeld	73
<b>NOTE 29</b>	Anna kortstiktig gjeld	74
<b>NOTE 30</b>	Betinga utfall, tvistesaker m.m.	74
<b>NOTE 31</b>	Pantsetjingar, garantiansvar og forpliktingar	75
<b>NOTE 32</b>	Leigeavtaler	76
<b>NOTE 33</b>	Honorar til ekstern revisor	77
<b>NOTE 34</b>	Ytingar til leiande tilsette og styret	78
<b>NOTE 35</b>	Nærståande partar	80
<b>NOTE 36</b>	Konsoliderte selskap	80

# NOTAR

## SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

### NOTE 1

#### Generell informasjon og samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp

##### GENERELL INFORMASJON

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit norsk aksjeselskap, stifta og heimehøyrande i Noreg. Selskapet er eigd 49,51 % av Sogn og Fjordane Holding AS og 36,80 % av Eviny AS, medan 6 kommunar i Sogn og Fjordane eig til saman 13,69 %. SFE og datterselskapa utgjer til saman SFE-konserten. Konsernet sitt hovudkontor er på Sandane og har adresse Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane.

Konsernrekneskapen for SFE vart vedteken av SFE sitt konsernstyre 26.04.2021, og vil bli presentert for godkjenning på årets generalforsamling 16.06.2023.

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapet SFE sitt konsernrekneskap er avglat i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som godkjent av EU og ytterlegare krav i Rekneskapslova. Datterselskapa sine offisielle rekneskap er utarbeidd etter god norsk rekneskapsskikk, men vert omarbeidd i samsvar med IFRS prinsipp ved konsolidering i konsernrekneskapet. Tilsvarande vert selskapsrekneskapa til tilknytta selskap omarbeidd til IFRS ved innarbeiding etter eigenkapitalmetoden.

Konsernet sin presentasjonsvaluta er NOK. Det same er morselskapet og datterselskapa sin funksjonelle valuta. Alle beløpa i totalresultatet, balansen, oppstilling over endringer i eigenkapital, kontantstraummoppstillinga og notar er ført opp med eitt års samanlikningstal.

Konsernrekneskapen er utarbeida basert på historisk kost-prinsippet med unntak av nokre finansielle instrument, derivat og enkelte element i netto pensjonsmiddel som er vurdert til verkeleg verdi på balansedagen. Historisk kost er generelt basert på verkeleg verdi av vederlaget som er betalt ved ervervet av egedelane og tenestene.

Verkeleg verdi er definert som den pris som ein ville fått ved å selje ein egedel eller betalt for å overføre ei forplikting i en velordna transaksjon mellom markedsaktørar på måletidspunktet. Målinga av verkeleg verdi er avhengig av om det er tilgjengelege markedsprisar eller om andre verdifurderingsteknikkar er lagt til grunn. Ved fastsettjinga av verkeleg verdi skal leiinga bruke estimat som markedsaktørar ville ha brukt i ei tilsvarende vurdering. Varebeholdninger vert målt til det høgaste av anskaffelseskost og netto realisasjonsverdi, og anleggsmiddel vert skrive ned til det høgaste av verkeleg verdi og berekna bruksverdi.

Rekneskapsprinsippa som er gjennomgåande for heile konsernrekneskapen er omtala i denne noten medan dei resterande rekneskapsprinsippa er omtala i dei relaterte notene. Desse prinsippa er nytta på same måte i alle presenterte periodar, dersom det ikkje kjem fram noko anna. Omtale av rekneskapsprinsippa elles i konsernrekneskapen utgjer saman med omtala av prinsippa i denne noten dei totale rekneskapsprinsippa for konsernrekneskapen:

- Oppstilling endringar i eigenkapital
- Kontantstraummoppstilling
- Segmentinformasjon **Note 4**
- Transaksjonar **Note 5**
- Finansielle instrument **Note 9**
- Rekneskapsmessig sikring **Note 10**
- Salsinntekter **Note 11**
- Nedskrivning **Note 12**
- Pensjon **Note 14**
- Resultatskatt **Note 18**
- Immaterielle egedelar **Note 19**
- Varige driftsmiddel **Note 20**
- Behaldningar **Note 23**
- Bankinnskot, kontantar og liknande **Note 25**
- Avsetting for forpliktingar **Note 27**
- Leigeavtaler **Note 32**

## KONSOLIDERINGSPRINSIPP

Konsernrekneskapen består av rekneskapen til morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og datterselskap. Eit datterselskap er ei investering der Sogn og Fjordane Energi AS har makt til å styre både finansielt og operativt (kontroll). Kontroll vert normalt oppnådd gjennom eigarskap, direkte eller indirekte, når ein har meir enn 50 prosent av stemmerettane. For tida har Sogn og Fjordane Energi AS meir enn 50 prosent av stemmeretten i alle datterselskapa.

Dersom det er nødvendig vert datterselskapa sine rekneskap justerte slik at dei er i tråd med konsernet sine rekneskapsprinsipp. Selskapa si interne omsetning og mellomværande, i tillegg til vinst og tap som har oppstått ved transaksjoner mellom selskapa, er eliminerte. Datterselskapa konsoliderast frå og med det tidspunkt konsernet har fått kontroll og vert tekne ut frå konsolideringa når ein ikkje lenger har kontroll.

### Investeringar i felleskontrollerte ordningar og tilknytta selskap

SFE klassifiserer sine investeringar basert på ei analyse av graden av kontroll og dei underliggende fakta. Dette medfører ei vurdering av stemmeandel, eigarstruktur og relative styrkeforhold, kjøps- og salsrettar kontrollert av SFE og andre aksjonærar. Vurderinga vert gjort for kvar investering. Ved endringar av underliggende fakta og forhold må det vurderast korleis investeringa skal klassifiserast.

**Felles drift** er ei ordning der deltararane som har felles kontroll over ei eining og har kontraktsmessige rettar til eideleane samt ansvar for forpliktingane knytta til eininga. Ved felles drift vil beslutningar knytta til relevante aktivitetar krevje einstemmig samtykke frå deltararane som deler kontroll.

Felles drift er innrekna i konsernrekneskapen i samsvar med SFEs eigarandeler i ordninga sine eidelelar, forpliktingar, inntekter og kostnader. Den forholdsmessige delen av vinstar og tap som kjem frå transaksjonar mellom fullt konsoliderte eininger og eininger i felles drift vert eliminerte.

**Felles verksemder** er selskap eller eininger der SFE har felles kontroll med ein eller fleire andre investorar. Ved felles verksemd vil beslutningar knytta til relevante aktivitetar krevje einstemmig samtykke frå deltararane som deler kontroll. Andeler i felles verksemd vert innrekna etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen og vert presentert som investering i selskapa rekna inn etter eigenkapitalmetoden under anleggsmiddel. Konsernet sin del av selskapa sitt resultat etter skatt, korrigert for meiravskrivingar og eventuelle avvik i rekneskapsprinsipp, vert presentert som resultatandel i selskap rekna inn etter eigenkapitalmetoden

**Tilknytta selskap** er selskap eller eininger der SFE har betydeleg påverknad. Andeler i tilknytta selskap vert rekna inn etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen og vert presentert som investering i selskap rekna inn etter eigenkapitalmetoden under anleggsmiddel. Konsernet sin del av selskapa sitt resultat etter skatt, korrigert for meiravskrivingar og eventuelle avvik i rekneskapsprinsipp, vert presentert som resultatandel i selskap rekna inn etter eigenkapitalmetoden.

## SAMANLIKNINGSTAL OG REKLASSIFISERINGAR

Alle beløpsmessige storleikar i resultatet, balansen, oppstilling over endringar i eigenkapital, kontantstraummoppstilling og notar vert vist med fjorårets samanlikningstal.

## KLASSIFISERING SOM KORTSIKTIG/LANGSIKTIG

Ein post i balansen vert klassifisert som kortsiktig når den vert forventa realisert innan 12 måneder etter balansedag. Andre postar vert klassifisert som langsiktig med dei unntaka som er nevnt nedanfor. Enkelte derivat som er sikringsinstrument i eit sikringsforhold vert presentert saman med sikringsobjektet. Første års avdrag på langsiktig gjeld vert presentert som kortsiktig gjeld.

## INNFØRING AV NYE OG ENDRA REKNEKAPSSTANDARDAR

I 2022 er følgande nye og endra rekneskapsstandardar blitt innført:

Det er ingen vedtatte endringar i IFRS-standardar eller fortolkingar som ein forventar har noko vesentleg effekt for konsernreknekapen til SFE.

## STANDARDAR OG ENDRINGER SOM ER VEDTEKNE MEN IKKJE TRÅDT I KRAFT

Standardane om finanzielle instrument (IFRS 9 og IFRS 7) har vorte tilpassa nye referanserenter. Standarden for leigeavtaler (IFRS 16) har blitt midlertidig endra for å ta omsyn til endringar i leigebetalingar som er direkte knytta til Covid-19. Ingen av desse endringane har hatt vesentleg effekt for reknekapet til SFE.

## NOTE 2

### Skjønnsmessige vurderinger, estimat og føresetnader

#### INTRODUKSJON

Bruk av rimelege estimat og utøving av skjønnsmessige vurderinger er eit kritisk element ved utarbeidninga av konsernrekneskapen. På grunn av den ibuande usikkerheten som kjenneteiknar energiselskapa si verksemd vert rekneskapsprinsipp, driftsresultat, kontantstraum og balansestolteikar i årsrekneskapa påverka av leiinga sitt skjønn.

Leiinga baserer sine estimat på historiske hendingar i tillegg til ulike andre føresetnader som verkar å vere rimelege, omstenda tatt i betrakting. Dei viktigaste føresetnadane og estimata er diskutert nedanfor.

#### OMRÅDE MED VESENTLEG SKJØNNMESSIG VURDERING

**Forventa levetid:** Varige driftsmiddel vert avskrive over forventa brukstid og det gjev grunnlaget for årlege avskrivingar i resultatrekneskapet. Forventa levetid vert estimert basert på erfaring, historikk og skjønnsmessige vurderinger og vert justert dersom det oppstår endringar i desse estimata. Det vert tatt omsyn til restverdi ved fastsetting av avskrivingane. Vurderinga av restverdi er og basert på estimat.

**Forventa langsiktig kraftpris:** Ein av dei viktigaste forutsetningane som vert lagt til grunn når leiinga skal fatte forretningsmessige avgjelder er forventing om den langsiktige kraftprisen i tillegg forventinga til utviklinga i marknaden. I tillegg er desse forutsetningane kritisk input for leiinga relatert til prosessar knytta til deler av årsrekneskapen som for eksempel:

Allokering av verkelig verdi ved oppkjøp	<a href="#">Note 5</a>
Vurdering av nedskriving av varige driftsmiddel	<a href="#">Note 12</a>
Vurdering av nedskriving av selskapa innrekna etter eigenkapitalmetoden	<a href="#">Note 12</a>

Verkeleg verdi av bilaterale energikontrakter og frikraftforpliktingar med finansielt oppgjer: Estimert verkeleg verdi av eigedelar og forpliktingar er basert på vederlaget som vert oppnådd på rapporteringstidspunktet. Når verdsetjinga av verkeleg verdi ikkje kan understøttast av observerbare marknadsdata, vert det nytta ulike modellar og verdsetningsmetodar. Føresetnader og data som vert lagt til grunn er verifisert mot observerbar marknadsinformasjon når slik informasjon er tilgjengeleg. Det vil alltid vere knytta usikkerhet til slik informasjon. Når det ikkje ligg føre samanliknbare marknadsbaserte transaksjonar, vil leiinga gjøre marknadsbaserte føresetnader, sjå note 27.

#### ANDRE OMRÅDER

I tillegg til dette vert det utøvd betydeleg skjønn ved vurdering av rekneskapsførte verdiar på følgande område:

Pensjonar	<a href="#">Note 14</a>
Utsett skattefordel	<a href="#">Note 18</a>

#### BRUK AV REKNESKAPSPrINSIPP

SFE si verksemd kjenneteiknast ved at det er behov for leiinga si utøving av skjønn ved vurderinga av kva rekneskapsprinsipp som skal nyttast på betydelege rekneskapspostar. Leiinga sin bruk av skjønn har betydeleg innflytelse på SFE sitt konsernrekneskap. Aktuelle område er

Klassifisering av energikontrakter	<a href="#">Note 9</a>
Klassifisering av sikringskontrakter	<a href="#">Note 10</a>

## NOTE 3

### Hendingar etter balansedagen

Generalforsamlinga i Linja AS fatta 16.12.22 vedtok om fisjonsfusjon som innebærer at nettdelen av selskapet vert fusjonert med Mørenett AS. Mørenett AS er overtakande selskap medan resterande fiberverksemd vert liggande igjen i Linja AS. Fisjonsfusjonen vart registrert som gjennomført i Einingsregisteret 08.03.23. Linja AS skifta namn til SFE Fiber og er eit 100% eigd datterselskap av Sogn og Fjordane Energi AS. Mørenett AS har skifta namn til Linja AS slik at dette er namnet på det fusjonerte nettselskapet. Linja AS er eigd 33,3% av Sogn og Fjordane Energi AS og er etter fusjonen eit tilknytta selskap til konsernet. Elles er vi ikkje kjent med hendingar etter balansedag som påverkar SFE vesentleg og som såleis skal opplysast om særskilt.

## NOTE 4

### Segmentinformasjon

#### GENERELL INFORMASJON

Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjelder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konserten. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Svelgen Kraft AS. Segmenta er:

**Energi** omfattar forvalting av konserten sin samla produksjons-portefølgje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også sal av kraft til sluttbrukar og forvalting av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler i perioden 01.01.20-31.08.20. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

**Nettverksemda** omfattar selskapet Linja AS som har overføring og distribusjon av elkraft som si hovedverksemd. Segmentet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

**Tenesteyting** er selskapet Sogn og Fjordane Energi AS. Sogn og Fjordane Energi er morselskapet i konserten og yter hovudsakleg tenester internt i konserten. Finanspostane innhold resultat frå tilknytt verksemd som resultatandel frå fiberselskapet Enivest AS og sluttbrukselskapet Wattn AS.

#### REKNESAKSPESIFIKASJON PER SEGMENT

##### 2022

Beløp i mill. kroner	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Konsern
Salsinntekter frå eksterne kunder	3 036	505	0	0	3 541
Salsinntekter frå transaksjonar med andre segment i konserten	90	65	55	-210	0
Andre driftsinnntekter	28	55	6	0	89
<b>Sum driftsinnntekter</b>	<b>3 154</b>	<b>625</b>	<b>61</b>	<b>-210</b>	<b>3 630</b>
Kjøp av kraft	1 690	85	0	-85	1 690
Kjøp av overføringstenester	45	174	0	-42	177
Lønskostnader	69	114	40	0	223
Avskrivningar	109	80	5	0	194
Nedskrivningar	-6	0	0	0	-6
Eigedomsskatt/avgifter	67	2	0	0	69
Andre driftskostnader	142	120	29	-83	208
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 116</b>	<b>575</b>	<b>74</b>	<b>-210</b>	<b>2 555</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 039</b>	<b>50</b>	<b>-13</b>	<b>0</b>	<b>1 075</b>
Inntekt investering i tilknytta selskap	2	0	2	0	4
Finansinntekter	25	20	145	-122	68
Finanskostnader	77	52	128	-122	135
<b>Resultat før skatt</b>	<b>989</b>	<b>18</b>	<b>6</b>	<b>0</b>	<b>1 013</b>
Overskotsskatt	225	4	1	0	230
Grunnrenteskatt	577	0	0	0	577
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>186</b>	<b>14</b>	<b>5</b>	<b>0</b>	<b>205</b>

## EIGEDELAR OG GJELD PER SEGMENT

**2022**

Beløp i mill. kroner	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedeler	5 375	2 612	59	8 046
Øvrige anleggsmiddel	401	151	269	821
<b>SUM ANLEGGSMIDDEL</b>	<b>5 776</b>	<b>2 763</b>	<b>328</b>	<b>8 867</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>	<b>1 495</b>	<b>132</b>	<b>603</b>	<b>2 230</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>7 271</b>	<b>2 895</b>	<b>931</b>	<b>11 097</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>	<b>1 852</b>	<b>820</b>	<b>241</b>	<b>2 913</b>
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>4 532</b>	<b>536</b>	<b>16</b>	<b>5 084</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>887</b>	<b>1 539</b>	<b>674</b>	<b>3 100</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>7 271</b>	<b>2 895</b>	<b>931</b>	<b>11 097</b>

## RESULTATSPESIFIKASJONAR PR. SEGMENT

**2021**

Beløp i mill. kroner	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Eliminering	Konsern
Salsinntekter frå ekssterne kunder	1 026	548	0	0	1 574
Salsinntekter frå transaksjonar med andre segment i konsernet	52	56	60	-168	0
Andre driftsinntekter	33	30	7	0	70
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 111</b>	<b>634</b>	<b>67</b>	<b>-168</b>	<b>1 644</b>
Kjøp av kraft	660	51	0	-51	660
Kjøp av overføringstenester	43	242	0	-43	242
Lønskostnader	50	93	43	0	186
Avskrivningar	91	83	7	0	181
Nedskrivningar	24	0	0	0	24
Eigedomsskatt/avgifter	55	9	0	0	64
Andre driftskostnader	77	96	26	-72	127
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 000</b>	<b>574</b>	<b>76</b>	<b>-168</b>	<b>1 482</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>111</b>	<b>59</b>	<b>-10</b>	<b>0</b>	<b>161</b>
Inntekt investering i tilknytta selskap	0	0	7	0	7
Finansinntekter	26	17	103	-84	62
Finanskostnader	52	29	87	-84	84
<b>Resultat før skatt</b>	<b>85</b>	<b>47</b>	<b>13</b>	<b>0</b>	<b>145</b>
Overskotsskatt	19	10	0	0	29
Grunnrenteskatt	181	0	0	0	181
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>-114</b>	<b>37</b>	<b>13</b>	<b>0</b>	<b>-65</b>

## EIGEDELAR OG GJELD PER SEGMENT

**2021**

Beløp i mill.kroner	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5 338	2 415	60	7 813
Øvrige anleggsmiddel	177	143	269	589
<b>SUM ANLEGGSMIDDEL</b>	<b>5 515</b>	<b>2 558</b>	<b>329</b>	<b>8 402</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>	<b>935</b>	<b>102</b>	<b>81</b>	<b>1 118</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>6 450</b>	<b>2 660</b>	<b>410</b>	<b>9 520</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>	<b>1 858</b>	<b>751</b>	<b>352</b>	<b>2 961</b>
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>3 253</b>	<b>1 814</b>	<b>24</b>	<b>5 091</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>1 339</b>	<b>95</b>	<b>34</b>	<b>1 468</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>6 450</b>	<b>2 660</b>	<b>410</b>	<b>9 520</b>

## Note 5

### Transaksjonar

#### VESENTLEGE REKNESAKSPRINSIPP

Ved verksemndssamanslutningar vert det nytta oppkjøpsmetoden. Vederlaget vert målt til verkeleg verdi på transaksjonstidspunktet som også er tidspunktet for måling av verkeleg verdi av identifiserbare egedelar, forpliktingar og betinga forpliktingar som vert overtekne ved transaksjonen. Dersom rekneskapsføringa for ei verksemndssamanslutning ikkje er fullstendig ved slutten av rapporteringsperioden der transaksjonen er gjennomført, vert det rapportert foreløpige verdiar for dei aktuelle egedelane og gjelda. Midlertidige verdiar vert justert løpende i måleperioden på maksimum 12 månadar for å reflektere ny informasjon som er innhenta om forhold som eksisterte på oppkjøpsdatoen og som ville ha påverka verdivurderinga om dei var kjende. Dersom forholda tilseier det kan nye egedelar og gjeld bli rekneskapsført. Transaksjonstidspunktet er når risiko og kontroll er overdrege og fell normalt saman med gjennomføringstidspunktet.

Ikkje-kontrollerande interesser vert vurdert anten til verkeleg verdi eller til forholdsmessig del av identifiserte netto eigendeler og gjeld. Vurderinga vert gjort for kvar transaksjon.

Ein eventuell skilnad mellom kostpris på aksjar og identifiserbare netto eigendeler og verkeleg verdi på overtatte eigendeler, forpliktelsar og betinga forpliktelsar vert ført som goodwill eller vert inntektsført dersom kostpris er lågast. Det vert ikkje avsett for utsett skatt på goodwill.

Transaksjonskostnader vert resultatført når dei påløper.

Dersom samanslutningane skjer stegvis må det også beregnast verkeleg verdi av noverande eigardel når faktisk kontroll vert overført til SFE. Endring i verkeleg verdi vert inrekna i resultatrekneskapen.

Prinsippa for verksemndssamanslutning gjeld i hovudsak tilsvarende for anskaffing av tilknytta selskap og felles verksemnd.

#### ESTIMAT OG FØRETSETNADER

Kjøpesum for oppkjøpte selskap må allokerast til overtekne eigendeler og forpliktelsar og betinga forpliktelsar basert på deiras estimerte verkelege verdi. Denne type verdsettingar krev at leiinga foretek vurderinger for å fastsette verdettingsmetode, estimat og føresetnader. Leiinga sine estimat av verkeleg verdi og levetid er basert på føresetnader som er underbygd av konsernet sine kompetansemiljø, og omfattar ibuande usikkerheit. Som skildra i note 2 er SFE sine langsiktige prisbaner for kraft ein kritisk føresetnad som er lagt til grunn for å estimere verkeleg verdi av eigendeler og forpliktelsar.

## SAL OG RESTRUKTURERING AV VERKSEMD I 2022

Det har ikkje vore transaksjonar eller restrukturering av verksemidi 2022 sett bort frå vedtak om fisjonsfusjon Linja AS som er omtalt under hendingar etter balansedag.

## SAL OG RESTRUKTURERING AV VERKSEMD I 2021

Kraftfire AS har endra namn til Wattn AS. Etter emisjon i Wattn i 2021 eig SFE 26,52% av aksjane i selskapet. SFE har seit 100% av aksjane i Flikk AS til Wattn med transaksjonsdato 01.06.2021. Selskapet Etrygg AS vart fusjonert med Eviny Elsikkerhet AS den 08.05.2021.

## NOTE 6

### Styring av kapitalstruktur

Konsernet sitt overordna mål for kapitalforvaltinga er å trygge fortsatt drift for å sikre avkasting til eigarane. Aksjonærane i SFE konsernet legg til grunn eit langsiktig perspektiv for utviklinga av konsernet der konsernet skal oppretthalde ein hensiktsmessig kapitalstruktur som balanserer omsynet til minimering av kapitalkostnader og konsernet sitt behov for finansiell handlefridom. Konsernet har ikkje offisiell kredittrating, men overvåker aktivt kvantitative og kvalitative faktorar som påverkar kredittdverdigheten. Konsernet har ein ambisjon om å oppretthalde ein kredittpprofil som tilsvrar ein BBB kredittrating, dvs ein solid investment grade kreditt.

SFE sitt finansieringsbehov vert søkt dekka i kapitalmarknaden til lågast mogleg kapitalkostnad innanfor dei rammer som konsernet sin finansielle strategi gjev. For å sikre konsernet sin finansielle handlefridom legg vi vekt på å ha kreditlinjer som sikrar rask tilgang til kapital.

Aksjonærane i SFE legg vekt på ein stabil og forutseieleg utbyttepolitikk. For å styrke selskapet og gjere SFE betre i stand til å gjennomføre investeringar i ny fornybar energi har styret i samråd med eigarane komme fram til ein utbyttepolitikk som tek omsyn til selskapet sine investeringar. Ny utbyttepolitikk er gjeldande frå og med rekneskapsåret 2019.

Utbyttepolitikken tek utgangspunkt i morselskapet sitt resultat etter skatt, investeringane det enkelte år og storleiken på ordinære årlege avskrivingar.

Framtidig utbytte vil bli berekna slik som dette:

Morselskapet sitt resultat etter skatt x 90%

- (Årets investeringar - Årets ordinære avskrivingar) x 30%

= Årets utbytte

For å sikre tilstrekkeleg stabilitet i utbytte for selskapet sine eigarar, er utgangspunktet at det årlege utbytte vert på minimum 75 mill. kroner, dersom styret finn dette tilrådeleg etter ei samla vurdering av selskapet sin likviditet og soliditet.

Den nye utbyttepolitikken vil sikre at ein større del av verdiskapinga vert verande igjen i selskapet i periodar med høge investeringar. Dette vil styrke selskapet og gjere SFE betre rusta til å utnytte dei moglegitene som selskapet sine fornybarkonsesjonar gir. Når SFE er over den tyngste investeringsperioden vil utbyttet frå selskapet igjen auke og eigarane kan hauste av dei lønsame investeringane som utbyttepolitikken har gjort mogleg.

### Oversikt over kapital som inngår i styring av kapitalstruktur

Beløp i mill. kroner	Note	2022	2021
Renteberande gjeld, langsiktig	28	2 938	3 537
Renteberande gjeld, kortsliktig	28	1 127	327
Bankinnskot eksklusiv bundne middel	25	-841	-265
Netto renteberande gjeld		3 224	3 599

## NOTE 7

### Marknadsrisiko

#### GENERELT OM RISIKO OG RISIKOSTYRING AV FINANSIELLE INSTRUMENT

SFE-konserten sine aktivitetar medfører ulike typar risiki: Marknadsrisiko (inkludert prisrisiko, valutarisiko og renterisiko), kreditrisiko og likviditetsrisiko. Styring av risiko følgjer mål og rammer fastsett av styret. Energiprisrisiko knytt til krafthandel vert styrt av SFE Produksjon medan selskapet Sogn og Fjordane Energi styrer rente, valuta og likviditetsrisiko. Konsernet har avgrensa kreditrisiko. Kreditrisiko vert styrt av det enkelte selskap.

#### OMTALE AV PRISRISIKO

**Produksjonsaktivitetar:** Konsernet er utsett for risiko knytt til utviklinga i råvarereprisar då konsernet sine framtidige inntekter frå kraftproduksjon i vesentleg grad vert påverka av utviklinga i straumprisen. For å handsame og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein del av krafta skal vere førehandseld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørger for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på NASDAQ OMX Commodities og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål. Resultateffektane frå dei finansielle kraftkontraktene vert vist som salsinntekter på grunn av at SFE ikkje nyttar sikringsbokføring.

**Trading:** I tillegg vert det inngått finansielle kontrakter som vert definert som tradingportefølje. Tradingportefølja har ei ramme for totalbeløp og maksimalbeløp for årleg opsjonsramme, samt eit avkastingskrav på anvendt totalbeløp. Resultat vert målt kontinuerlig. Ramma for tradingportefølje vert sett av konsernstyret. Total ramme er 25 MNOK og maksimal årleg opsjonsramme er 2 MNOK.

**Anna aktivitet:** Konsernet har frikraftavtalar med finansielt oppgjer som er utsett for prisrisiko. Desse avtalane vert klassifisert som andre forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Frikraftavtalane er oppgjer for avstāing av fallrettar og slik er dei også prissikring av framtidig produksjon.

#### ANALYSE AV MARKNADSRISIKO

I analysa under er det vist kva innverknad ein auke eller ein reduksjon i terminprisar vil ha på konsernet sitt resultat etter skatt. For endring i kraftpris er analysa basert på at samlede terminprisar endrar seg 30 % i kvar retning. Alle andre variablar vert holdne konstant.

2022

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	+ 30 %	- 30 %
Finansielle instrument kraftkontrakter	-227 700	-134 872	134 872
<b>Sum</b>	<b>-227 700</b>	<b>-134 872</b>	<b>134 872</b>

2021

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	+ 30 %	- 30 %
Finansielle instrument kraftkontrakter	-185 744	-73 529	73 529
<b>Sum</b>	<b>-185 744</b>	<b>-73 529</b>	<b>73 529</b>

#### OMTALE AV VALUTA- OG RENTERISIKO

**Valutastrategi:** SFE har primært valutarisiko i form av transaksjonsrisiko knytta til kraftsalsinntekter frå kraftproduksjon. Styret har vedteke ein valutastrategi som seier at ein andel av konsernet sine forventa Euro-kontantstraumar frå sal av kraftproduksjon i valuta kan valutasikrast. SFE sin operative valutarisiko kan sikrast inntil 4 år med fallande sikringsramme utover i tid. Ein andel av SFE sin langsigte valutarisiko kan imidlertid sikrast opp til 20 år ved å nytte lån i valuta som sikringsinstrument. Valutarisiko utgjer både direkte og indirekte ein økonomisk risiko, ved at den fysiske kraftprisen og alle finansielle avtaler på NASDAQ OMX Commodities vert fastsett i Euro.

SFE si valutasikring oppfyller krava til reknekapsmessig kontantstraumsikring. Endringar i marknadsverdi på valutaderivat grunna endring i valutakurs vil ikkje påverke konsernet sitt ordinære resultat, men vil bli førte mot utvida resultat. Sjå note 10 for nærmere omtale.

**Renterisiko:** Rentesvingingar påverkar SFE sin kontantstraum og resultat på fleire måtar. I tillegg til å påverke finanskostnadane, påverkar rentesvingingar blant anna inntektsramma for nettverksemda, grunnrenteskatten for produksjonsverksemda og pensjonskostnadane.

Konsernet sin renterisiko er i størst grad knytt til langsiktig gjeld og sertifikatlån. I tillegg til langsiktig gjeld og sertifikatlån i SFE konsernet, er konsernet eksponert mot andel av gjeld i tilknytta selskap. Lån med flytande rente medfører ein risiko for auka finanskostnader i resultatrekneskapen.

Renterisiko blir overvåka ved bruk av durasjonsmål. SFE skal til einkvar tid halde den gjennomsnittlege rentedurasjonen på gjeldsportefølja innanfor området 1 til 5 år.

I tillegg har SFE konsernet langsiktige finanzielle kraftforpliktingar som vert påverka av endring i rente. Endring i verkeleg verdi på desse forpliktingane vert ført til verkeleg verdi over resultatet.

**Etterleving** av rammer for valuta- og renterisiko vert følgd opp av administrasjonen og rapportert til styret løpende.

## ANALYSE AV VALUTA- OG RENTERISIKO

### Resultatverknad etter skatt ved endring i rentenivå

2022

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	+50 bp	-50 bp
Finansiell utleigeavtaler	149 925	10 019	-10 019
Utlån eksternt	1 800	7	-7
Langsiktig lånegjeld	-4 064 764	-4 366	4 366
<b>Sum</b>	<b>-3 913 039</b>	<b>5 660</b>	<b>-5 660</b>

2021

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	+50 bp	-50 bp
Finansiell utleigeavtaler	142 001	9 490	-9 490
Utlån eksternt	4 333	1	-1
Langsiktig lånegjeld	-3 864 162	-5 406	5 406
<b>Sum</b>	<b>-3 717 828</b>	<b>4 085</b>	<b>-4 085</b>

### Endring i valutakurs gir slike endringar i utvida resultat:

2022

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	Auke EURNOK + 0,1 kr	Nedgong EURNOK - 0,1 kr
Sikringsbokførte valutaterminar (kontantstraumsikring)	4 441	-3 529	3 529
Lån i EUR utpeikt som sikringsinstrument i kontantstraumsikring	-15 750	-2 340	2 340
<b>Sum</b>	<b>-11 309</b>	<b>-5 869</b>	<b>5 869</b>

2021

Beløp i tusen kroner	Verkeleg verdi	Auke EURNOK + 0,1 kr	Nedgong EURNOK - 0,1 kr
Sikringsbokførte valutaterminar (kontantstraumsikring)	9 369	-4 778	4 778
Lån i EUR utpeikt som sikringsinstrument i kontantstraumsikring	14 445	-2 340	2 340
<b>Sum</b>	<b>23 814</b>	<b>-7 118</b>	<b>7 118</b>

## NOTE 8

### Kreditrisiko og likviditetsrisiko

#### BESKRIVING AV KREDITTRISIKO

Kreditrisiko er risiko for at SFE vert påført tap på grunn av at motparten ikke innfrir sine økonomiske forpliktingar. Kreditrisiko oppstår ved sal til kundar, handel med derivat samt innskot i bankar og finansinstitusjonar. Konsernet sin kreditrisiko vert totalt sett vurdert som moderat. Det har historisk vore små tap på fordringar generelt.

Konsernet si omsetning til privat- og bedriftskundar er fordelt på ei diversifisert kundeportefølje som består av mange og små kundar. Konsernet har følgjeleg ikkje noko vesentleg konsentrasjon av kreditrisikoknytt til kundar. Innføring av gjennomfakturering av nettleige medfører at størstedelen av nettleige i dag vert innbetalte via kraftleverandør. Denne motpartrisikoen er vurdert og vert handtert, og det er etablert rutiner for oppfølging av eksponeringa. SFE har rutinar for kva produkt og kundar som skal kreditsjekkast før sal. Betaling skjer i hovudsak ved etterskotvis fakturering. Betalingsevna og viljen til kundane har historisk vore god. Verkemiddel som blir nytta ved oppfølging av kundefordringar er purring på betaling, det vert inngått avdragsordningar for kundar med betalingsvanskar, det vert nytta inkassoselskap og vi stansar eventuelt våre leveransar. SFE nyttar, med enkelte avvik, standard kundeavtaler som bransje-foreininga Energi Norge og Forbrukerombudet er einige om. Kundevilkåra regulerer fakturering og betalingsfristar. Storleiken på kundefordringane følgjer normalt utviklinga i storleiken på omsetninga. Konsernet har ingen pant som tryggleik.

**Motpartsrisiko finansielle kraftkontrakter** Av finansielle kontrakter inngått blir tilnærma alt saman cleara mot Nasdaq OMX eller inngått med solide finansielle aktørar som td bankar som tilbyr slike tenester. Når handlane vert cleara på Nasdaq OMX er det dette selskapet som er juridisk motpart og garanterer for oppgjøret, noko som gjer at motpartsrisiko vert minimal. Nasdaq OMX har clearinglisens frå Finanstilsynet. For kontrakter som vert gjort opp bilateralt er motparten foretak som SFE har gjort vurderingar av før kontraktsinngåing.

**Kreditrisiko øvrige finansielle kontrakter.** SFE har kreditrisiko ved plassering av overskotslikviditet og som følgje av motpartsrisiko ved bruk av sikringsinstrumenter som blant anna rentebytteavtaler, o.l. Kreditrisikoen er avgrensa ved at berre bankar og selskap med høg kreditrating er motpartar.

**Fordringar** Postar som inngår her er andre kortsiktige fordringar, fordringar på nærståande partar og andre langsiktige fordringar. Kreditrisiko vert vurdert som liten då større postar er mot solide motpartar og øvrige postar er fordelt på mange motpartar. Konsernet har ingen pant som tryggleik. Skilnad mellom bokført verdi og kreditrisiko skuldast at nokon rekneskapspostar ikkje vert definert som kreditrisiko i henhold til IFRS 7, eksempelvis forskotsbetalte kostnader.

#### ANALYSE AV KREDITTRISIKO

		31.12.2022		31.12.2021	
Beløp i tusen kroner		Bokført verdi	Kreditrisiko	Bokført verdi	Kreditrisiko
Derivat		264 570	264 570	46 543	46 543
Finansiell lease		149 925	149 925	142 001	142 001
Andre fordringar		1 812	1 812	4 391	4 391
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>416 307</b>	<b>416 307</b>	<b>192 935</b>	<b>192 935</b>	
Kundefordringar og andre fordringar		832 669	832 669	574 300	574 300
Derivat		517 019	517 019	220 750	220 750
Bankinnskot, kontantar og liknande		860 740	860 740	283 657	283 657
<b>Omløpsmiddel</b>	<b>2 210 428</b>	<b>2 210 428</b>	<b>1 078 707</b>	<b>1 078 707</b>	

SFE har stilt bankgarantiar ovanfor NordPool AS og eSett Oy i samband med kraftomsetting.

**Forfallsanalyse av kundefordringar og andre fordringar**

2022		Fordringar, forfalt med				<b>Sum</b>
		<b>Ikke forfalt</b>	<b>Mindre enn 90 dager</b>	<b>Mer enn 90 dager</b>	<b>Forfalt og nedskrevet</b>	
Kundefordringar	677 633	9 539	830	0	688 002	
Andre fordringar	101 378				101 378	
<b>Sum</b>	<b>779 011</b>	<b>9 539</b>	<b>830</b>	<b>0</b>	<b>789 380</b>	
Tapsført i året					274	

**BESKRIVING AV LIKVIDITETSFRISIKO**

Likviditetsrisiko er risiko for at konsernet ikkje har likviditet til å dekke sine løpende betalingsforpliktingar. SFE påtek seg likviditetsrisiko ved at løpetida på finansielle forpliktingar ikkje fell saman med den kontantstraumen som egedelane genererer. I tillegg har SFE likviditetsrisiko ved utlegg ved kontantsikkerhet knytta til både handel i finansielle kraftkontrakter og finansielle derivat. Likviditsrisikoen vert redusert gjennom likviditetsprognose, tilgang til ulike lånekilder og marknader, og gjennom at vi sikrar ein jamn forfallstidsporfyl på ekstern gjeld, i tillegg til ein tilstrekkeleg likvidtetsbuffer. Det vert utarbeidd likviditetsprognosar for planlegging av fremtidige finansieringsbehov, samt plassering av konsernets overskuddslikviditet.

Pr. 31.12 består likviditetsreserven av bankinnskot og liknande på 841 MNOK og unytta rammer på trekkrettar/kassakredittar på 500 MNOK. SFE sine innlån skal ha ein diversifisert forfallsstruktur der maksimalt 40 % av samla lån forfell i ein 12 månaders periode. Summen av SFE sine likviditetskjelder definert som likviditetsbeholdning pluss kommiterte trekkrettar og kassakreditt skal minimum vere like stor som konsernet sitt totale likviditetsbehovet dei komande 6 månadane. Dei nemnde forhold saman med SFE sin høge kredittverdigheit medfører at konsernet sin likviditetsrisiko vert vurdert som låg.

**ANALYSE AV LIKVIDITETSFRISIKO****Forfallsanalyse for finansielle forpliktingar**

2022	Beløp i tusen kroner	1. halvår		2. halvår		<b>Seinare</b>	<b>Sum</b>
		<b>2023</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>		
Energiderivat	83 500	83 500	53 400	3 400	3 900	227 700	
Renteinstrument (netto)	-3 733					-3 733	
Valutaderivat	1 129	873	1 368	1 373	1 309	6 052	
Langsiktig gjeld og sertifikat (inkl prog rentebetalingar)	899 832	333 197	522 468	424 751	2 375 671	4 555 919	
<b>Sum</b>	<b>980 728</b>	<b>417 570</b>	<b>577 236</b>	<b>429 524</b>	<b>2 380 880</b>	<b>4 785 938</b>	

## 2021

Beløp i tusen kroner	1. halvår		2. halvår		<b>Seinare</b>	<b>Sum</b>
	<b>2022</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>		
Energiderivat	79 721	79 721	20 025	6 646	-369	185 744
Renteinstrument (netto)	-3 775	1 424	-4 365			-6 716
Valutaderivat	78	125	314	827	7 018	8 362
Langsiktig gjeld og sertifikat (inkl prog rentebetalingar)	83 014	338 170	702 195	508 887	2 735 334	4 367 600
<b>Sum</b>	<b>159 038</b>	<b>419 440</b>	<b>718 169</b>	<b>516 360</b>	<b>2 741 983</b>	<b>4 554 990</b>

Konsernet har ei stor behaldning av finansielle instrument, vist som derivat i balansen. Både derivat med positiv og negativ marknadsverdi pr 31.12 framgår av oppstillinga.

## NOTE 9

### Finansielle instrument

#### GENERELL INFORMASJON

Finansielle instrumenter utgjer ein vesentleg del av SFE sin totale balanse og har vesentleg betydning for konsernet si finansielle stilling og resultat. Det største omfanget av finansielle instrument er i hovedkategoriane energihandel og finansaktivitetar. I tillegg har konsernet finansielle instrument i form av kundefordringar, leverandørgjeld, kontantar, kortskiktige likviditetsplasseringar og eigenkapitalinvesteringar.

**Finansielle instrument** i energihandel vert primært nytta for å oppnå løpende optimalisering av framtidige inntekter av forventa produksjon. Balanseførte derivat er vist på eigne linjer i balansen og vert vurdert til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Som følge av at konsernet sin framtidige eigenproduksjon av kraft ikkje kvalifiserer for balanseføring, vil effekten av verdiendringar på finansielle energiderivat kunne gje store resultateffektar utan at dette nødvendigvis gjenspeglar underliggende verksemd. Konsernet har også noko energihandel definert som trading med formål å oppnå gevinstar på endringar i markedsverdiar for energiprodukt.

Finansielle instrument innanfor finansaktivitetar består hovudsakeleg av lån, rentebytteavtaler og valutaterminar. Finansielle derivat vert nytta som sikringsinstrument i henhold til konsernet sin økonomiske sikringsstrategi. Sikringsobjekta er primært framtidige kontantstraumar eller finansielle låneforhold vurdert til amortisert kost. Utvalde låneforhold der det er bytta fra fast til flytande rente (verkeleg verdisikring) er vist som rekneskapsmessig sikringsforhold. Verdiendringar på finansielle instrument som ikkje er ein del av eit rekneskapsmessig sikringsforhold, vil medføre volatilitet i resultatet utan at dette nødvendigvis gjenspeglar underliggende verksemd.

#### VESENTLEGE REKNESKAPSPrINSIPP

Finansielle instrument blir rekneskapsført når konsernet blir part i kontraktsmessige betingelsar knytt til instrumentet. Finansielle eigedelar og finansiell gjeld blir klassifisert på grunnlag av art og formål med instrumenta til kategoriane «finansielle instrument vurdert til verkeleg verdi over resultatet», «finansielle eigedelar vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat» og «finansielle instrument vurdert til amortisert kost». Første gongs innrekning er til verkelig verdi for alle kategoriar. Det er gitt ei beskriving av kategoriane nedanfor.

#### Finansielle instrumenter vurdert til verkeleg verdi over resultatet

- Fysiske energikontrakter, som lett kan gjerast om i kontantar og som ikkje er «eige bruk»-kontrakt, blir som hovudregel målt til verkeleg verdi.
- Finansielle kontrakter om kjøp og sal av energirelaterte produkt er klassifisert som derivat. Energiderivat består av frittståande derivat som og er ført opp til verkeleg verdi.
- Valuta- og rentederivat som ikkje inngår i kontantstraumsikring.
- Langsiktige aksjepostar, der SFE ikkje har kontroll eller betydeleg innflytelse. SFE har ikkje nytta moglegheita for å føre verdiendringane i utvida resultat.
- Andre finansielle instrument haldne for handelsformål.
- Gjeldsinstrument når kriteria for bruk av verkeleg verdi-opsjon er tilstades

#### Finansiell instrumenter vurdert til amortisert kost

- Eigedelar (gjeldsinstrument) blir klassifisert i denne kategorien dersom kontantstraumane frå instrumentet i hovudsak gjeld renter og hovudstol, samt at SFE har som intensjon å halde instrumentet til forfall.
- Forpliktingar (gjeldsinstrument) blir klassifisert i denne kategorien med mindre instrumentet vert halde for handelsføremål.
- For både eigedelar og forpliktingar blir instrumenta i etterfølgjande periodar målt til amortisert kost ved å bruke effektiv rentes metode. Effektiv rente blir lik over heile instrumentet si levetid. Kredittap på eigedelar vert trekt frå den bokførte verdien og innrekna i resultatet.

#### Finansiell instrument til verkelig verdi over resultat med deler mot utvida resultat

Verdiendring knytt til eigen kreditrisiko for gjeldsinstrument vurdert til verkeleg verdi skal skillast ut og førast mot utvida resultat. SFE har utpeika ein del av verdipapirgjelda til verkeleg verdi over resultat, sjå note 28. Verdiendringar som skuldast endringar i eigen kreditrisiko for verdipapirgjelda vil normalt være uvesentleg og det er så langt ikkje ført verdiendring mot utvida resultat.

## SKJØNNMESSIGE VURDERINGER

SFE har eit betydelig volum av energikontrakter. Eit kjennetegn med energikontrakter er at dei kan bli rekneskapsført som leigeavtaler, finansielle instrumenter eller som kontrakter med kunder, avhengig av vilkår og betingelsar.

**Leigeavtaler:** Skjønn vert utøvd for å vurdere korvidt ei kraftkjøpsavtale innehold ein lease. Ei kraftkjøpsavtale innehold ein lease når oppfyllelsen av avtalen er avhengig av ein spesifikk eigedel og avtalen gir ein rett til å kontrollere den underliggende eigedelen. Sjå note 32 for mer informasjon.

**«Eige bruk»-kontrakter:** Fysiske kraftkontrakter er inngått for SFE sitt eige bruk når formålet med krafthandelen er forbeholdt forventa kjøp, sal eller krav til eige bruk. Desse kontraktene kvalifiserer ikkje for balanseføring. «Eige bruk»-kontrakter har typisk ein stabil kundemasse (for eksempel bilaterale kontrakter) og er alltid gjort opp ved fysisk leveranse av kraft. Fysiske energikontrakter som fell utanfor «eige bruk»-unntaket vert behandla som derivater (finansielle instrumenter). Leiinga har vurdert kva slags kontrakter som vert omfatta av definisjonen av finansielt instrument og kva slags kontrakter som ikkje er omfatta som følge av «eige bruk»-unntaket.

## ESTIMAT OG FØRESETNADER

**Verkeleg verdi-hierarki** SFE klassifiserer verkeleg verdimålingar ved å bruke et verkeleg verdi-hierarki som reflekterer betydninga av data som vert nytta i utarbeidninga av målingane. Verkeleg verdi-hierarkiet har følgande nivå:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk eigedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for eigedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

**Nivå 1** omfattar kraftderivat handla på Nasdaq OMX.

**Nivå 2** omfattar valuta- og rentekontrakter, bilaterale kraftkontrakter, samt obligasjonslån som er sikra til virkelig verdi.

Verdien av valutaterminkontraktene blir berekna på grunnlag av berekna terminkurs for EURNOK, løpetid for kontrakta og avtalt valutabeløp. Terminkursen blir berekna ut frå spotkursen på verdsettingstidspunktet og marknadsrentekurvene for hhv norske-renter og eurorenter (dekka renteparitet).

Verkeleg verdi av rentebytteavtaler bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdettingsmetodar. Desse verdettings-metodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine eigne estimat.

Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei nærmaste åra og deretter på eigne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omreknna til norske kroner. Omrekningsskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvene for høvesvis norske renter og eurorenter.

Obligasjonslån som er sikra til verkeleg verdi ved bruk av rentebytteavtalar der verkeleg verdi på sikra lån blir rekneskapsført under obligasjonslån. Motpost er verkeleg verdi på rentebytteavtalar som er rekneskapsført under derivat.

**Nivå 3** omfattar aksjar og frikraftforpliktingar

Verdsetting av aksjer i nivå 3 er basert på leiinga sin marknadskunnskap i den relevante bransjen. Endringer i verkeleg verdi vert vurdert til ikkje å ha vesentleg effekt for konsernrekneskapen.

Verkeleg verdi av frikraftforpliktingar er fastsett ut frå neddiskonerte framtidige kontantstraumar der føresetnadane er basert på observerbare data der det er tilgjengeleg og er elles bygd på konsernet sine eigne estimat.

**BALANSEFØRT VERDI PER MÅLEKATEGORI - EIGEDELAR 31.12.2022**

2022 Beløp i tusen kroner	Note	Eigedelar til verkeleg verdi over resultatet	Eigedelar med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Eigedelar til amortisert kost	Finansielle eigedelar tilgj. for sal	Total	Verkeleg verdi
Øvrige finansielle anleggsmiddel	22	0	0	151 737	36 025	187 762	187 762
Derivat langsiktige		258 025	6 545	0	0	264 570	264 570
Kortsiktige fordringar	24	0	0	688 002	0	688 002	688 002
Kortsiktige finansielle plasseringar	24	0	0	101 378	0	101 378	101 378
Derivat kortsiktige		513 070	3 949	0	0	517 019	517 019
Grøne sertifikat	23	0	0	0	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	25	0	0	860 739	0	860 739	860 739
<b>Sum eigedelar</b>		<b>771 095</b>	<b>10 494</b>	<b>1 801 856</b>	<b>36 025</b>	<b>2 619 470</b>	<b>2 619 470</b>

**BALANSEFØRT VERDI PER MÅLEKATEGORI - FORPLIKTINGAR 31.12.2022**

2022 Beløp i tusen kroner	Note	Forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet	Derivat med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Forpliktingar til amortisert kost	Total	Verkeleg verdi
Renteberande langsiktig gjeld	28	0	0	2 620 705	2 620 705	2 620 698
Langsiktig lån i EUR, utpeika som sikringsinstrument	28	0	0	316 821	316 821	301 071
Frikraftforpliktingar	27	181 229	0	0	181 229	181 229
Utsett inntekt anleggstilskot kundar	27	0	0	362 314	362 314	362 314
Derivat langsiktige		102 501	4 050	0	106 551	106 551
Renteberande kortsiktig gjeld	28	0	0	1 127 238	1 127 238	1 127 238
Anna rentefri gjeld	29	0	0	1 194 394	1 194 394	1 194 394
Derivat kortsiktige		321 416	2 003	0	323 419	323 419
<b>Sum forpliktelsar</b>		<b>605 146</b>	<b>6 053</b>	<b>5 621 472</b>	<b>6 232 671</b>	<b>6 216 914</b>

**FINANSIELLE INSTRUMENT ETTER KATEGORI**

2022 Beløp i tusen kroner		Verkeleg verdimåling ved periodeslutt:			
		Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
<b>Derivat vurdert til verkeleg verdi over resultatet</b>					
Energiderivat	Anleggsmiddel	258 018			258 018
Energiderivat	Omløpsmiddel	513 070			513 070
Energiderivat	Langsiktig gjeld	-102 501			-102 501
Energiderivat	Kortsiktig gjeld	-321 416			-321 416
<b>Energiderivat</b>	<b>Netto</b>	<b>0</b>	<b>347 171</b>	<b>0</b>	<b>347 171</b>
Valuta- og rentederivat					
Valuta- og rentederivat	Anleggsmiddel	7			7
Valuta- og rentederivat	Omløpsmiddel				0
Valuta- og rentederivat	Langsiktig gjeld				0
Valuta- og rentederivat	Kortsiktig gjeld				0
<b>Valuta- og rentederivat</b>	<b>Netto</b>	<b>0</b>	<b>7</b>	<b>0</b>	<b>7</b>

2022

Verkeleg verdimåling ved periodeslutt:

**Andre finansielle egedeler vurdert til verkeleg verdi over resultat**

Aksjar	Anleggsmiddel	36 025	36 025
<b>Aksjar</b>	<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Finansielle egedeler vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat**

Valuta- og rentederivat	Anleggsmiddel	6 545	6 545
Valuta- og rentederivat	Omløpsmiddel	3 949	3 949
Valuta- og rentederivat	Langsiktig gjeld	-4 050	-4 050
Valuta- og rentederivat	Kortsiktig gjeld	-2 003	-2 003
<b>Valuta- og rentederivat</b>	<b>Netto</b>	<b>0</b>	<b>4 441</b>

**BALANSEFØRT VERDI PER MÅLEKATEGORI - EIGEDELAR 31.12.2021**

2021 Beløp i tusen kroner	Note	Egedeler til verkeleg verdi over resultatet	Egedeler med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Egedeler til amortisert kost	Finansielle egedeler tilgj. for sal	Total	Verkeleg verdi
Øvrige finansielle anleggsmiddel	22		148 175	31 457	179 632	179 632	
Derivat langsiktige		35 907	10 637			46 544	46 544
Kortsiktige fordringar	24			529 470		529 470	529 470
Kortsiktige finansielle plasseringar	24			44 830		44 830	44 830
Derivat kortsiktige		213 656	7 094			220 750	220 750
Grøne sertifikat	23				20 518	20 518	20 518
Bankinnskot, kontantar og liknande	25			283 657		283 657	283 657
<b>Sum egedeler</b>		<b>249 563</b>	<b>17 731</b>	<b>1 006 132</b>	<b>51 975</b>	<b>1 325 401</b>	<b>1 325 401</b>

**BALANSEFØRT VERDI PER MÅLEKATEGORI - FORPLIKTINGAR 31.12.2021**

2021 Beløp i tusen kroner	Note	Forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet	Derivat med verdiendring over utvida resultat (OCI)	Forpliktingar til amortisert kost	Total	Verkeleg verdi
Renteberande langsiktig gjeld	28		3 250 298	3 250 298	3 247 936	
Langsiktig lån i EUR, utpeika som sikringsinstrument	28		286 626	286 626	301 071	
Frikraftforpliktingar	27	183 085			183 085	183 085
Utsett inntekt anleggstilskot kundar	27		309 078	309 078	309 078	
Derivat langsiktige		26 787	8 159		34 946	34 946
Renteberande kortsiktig gjeld	28		327 238	327 238	327 238	
Anna rentefri gjeld	29		751 978	751 978	751 978	
Derivat kortsiktige		237 590	203		237 793	237 793
<b>Sum forpliktelsar</b>		<b>447 462</b>	<b>8 362</b>	<b>4 925 218</b>	<b>5 381 042</b>	<b>5 393 125</b>

## FINANSIELLE INSTRUMENT ETTER KATEGORI

2021

Verkeleg verdimåling ved periodeslutt:

Beløp i tusen kroner

	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
--	--------	--------	--------	-----

**Derivat vurdert til verkeleg verdi over resultat**

Energiderivat	Anleggsmiddel	33 545	33 545
Energiderivat	Omløpsmiddel	213 656	213 656
Energiderivat	Langsiktig gjeld	-26 787	-26 787
Energiderivat	Kortsiktig gjeld	-237 590	-237 590
<b>Energiderivat</b>	<b>Netto</b>	<b>0</b>	<b>-17 176</b>

Valuta- og rentederivat	Anleggsmiddel	2 362	2 362
Valuta- og rentederivat	Omløpsmiddel		0
Valuta- og rentederivat	Langsiktig gjeld	0	0
Valuta- og rentederivat	Kortsiktig gjeld		0
Valuta- og rentederivat	Netto	0	2 362

**Andre finansielle egedeler vurdert til verkeleg verdi over resultat**

Aksjar	Anleggsmiddel	31 457	31 457
<b>Aksjar</b>	<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>31 457</b>

**Finansielle egedeler vurdert til verkeleg verdi over utvida resultat**

Valuta- og rentederivat	Anleggsmiddel	10 637	10 637
Valuta- og rentederivat	Omløpsmiddel	7 094	7 094
Valuta- og rentederivat	Langsiktig gjeld	-8 159	-8 159
Valuta- og rentederivat	Kortsiktig gjeld	-203	-203
<b>Valuta- og rentederivat</b>	<b>Netto</b>	<b>0</b>	<b>9 369</b>

## NOTE 10

### Rekneskapsmessig sikring

#### GENERELL INFORMASJON

Konsernet er eksponert for pris-, rente- og valutarisiko, og inngår finansielle instrument for å redusere risikoen. Sjå note 7 for ytterligare informasjon om korleis konsernet operasjonelt forvaltar risikoen. SFE nyttar kraftprisderivat for kontantstraumsikring av energihandel. Derivat inngått for å styre prisrisiko tilfredsstiller dei formelle krava til sikringsbokføring og verdiendringar på desse derivata blir såleis ført over OCI (utvida resultat). Sikringsinneffektivitet blir ført over resultatet. Derivat inngått for å sikre Euro-kontantstraumar frå sal av kraftproduksjon blir sikringsbokført som kontantstraumsikring. Konsernet har òg ein skilde rentebytteavtalar som blir sikringsbokført som kontantstraumsikring og verdiskaping av fastrenteinnlån.

#### VESENTLIGE REKNEKAPSPRINSIPP

Finansielle instrument som inngår i sikringsbokføring: Identifisering av finansielle instrument som skal inngå som sikringsinstrument i ei sikringsføring skjer med utgangspunkt i intensjonen ved kjøpet av det finansielle instrumentet. Dersom finansielle instrument er kjøpt med intensjon om å oppnå ein økonomisk sikringseffekt, vert det gjort ei nærmare vurdering for å kunne dokumentere at instrumentet oppfyller kravet til sikringsføring.

Kontantstraumsikring: Endringer i verkeleg verdi av eit derivat som er øyremerka som sikringsinstrument i ei kontantstraumsikring vert innrekna i det utvida resultatet og presentert som sikringsreserve og er ein del av eigenkapitalen. Beløp som er innrekna i det utvida resultatet vert overført til resultat i samme periode som sikringsobjektet påverkar resultatet. Ved overføring til resultatet vert det nytta same linje i oppstillinga av totalresultatet for sikringsobjektet og sikringsinstrumentet. Ineffektivitet i sikringsforholdet vert rekna inn direkte i resultatet.

Når sikringsinstrumentet ikkje lenger tilfredstiller kriteria for sikringsbokføring, utgår eller vert seldt, avsluttast, vert utøvd, eller øyremerkinga vert oppheva, vert sikringsbokføringa avvikla. Akkumulert gevinst eller tap som er innrekna i andre inntekter og kostnader og presentert i sikringsreserven vert ståande der til den forventa transaksjonen påverkar resultatet. Ved sikring av forventa transaksjoner der transaskjonen ikkje lenger vil forventa å skje, skal beløpet som er innrekna i utvidet resultat innrekna i resultatet. I andre tilfelle vert beløpet som er innrekna i utvida resultat overført til resultat i same periode som sikringsobjektet påverkar resultatet.

**Verkeleg verdi sikring:** Endring i verkeleg verdi for eit derivat (sikringsinstrument) øyremerka som ei verkeleg verdisikring vert innrekna i resultatet. Sikringsobjektet vert også vurdert til verkeleg verdi når det gjeld den risikoen som blir sikra. Gevinst eller tap som kan henførast til den sikra risikoen vert innrekna i resultatet og justerer sikringsobjektets balanseførte verdi. Ineffektiviteten i sikringane vert innrekna i resultatet.

## ANALYSE AV REKNESKAPSMESSIG SIKRING

Kategori:	Kontantstraumsikringar EUR	
Framtidig risikoutsett kontantstraum, sikringsobjekt:	Kraftsal i EUR	
Sikringsinstrument:	Terminar sal EUR	Valutainnlån EUR
Leiinga sin risikostrategi	Målet med valutasikringa er å redusere variasjonar i inntektene frå kraftproduksjonen som blir solgt i EUR. Utan sikring vil inntektene frå kraftproduksjonen variere med den spotkurs som til einkvar tid er gjeldende for sal av euro. Ved inngåing av sikringskontrakter blir det avtalt ein fast kurs for sal av valuta fram i tid. Derved vil SFE oppnå ei valutasikring der valutakursen er fastsett for den delen av kontantstraumen i EUR som blir valutasikra.	Målet med denne valutasikringa er å ha framtidige betalingar av renter og avdrag i same valuta som inntekter frå kraftproduksjonen som blir solgt i EUR. Ved å ha inn- og utbetalingar i same valuta blir valutarisikoen redusert.
Periode for inngåtte sikringsinstrument per 31.12.22"	2023-2027	
Informasjonen under gjeld for perioden (der informasjonen er mest aktuell i høve til gjeldande sikringsstrategi):	2023-2031	
Beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2022	71,2 mill EUR	
Tilhøyrande beløp sikringsobjekt 31.12.22	974 mill EUR	
Andel av eksponering som er sikra 31.12.22	7,3 %	
Sikringspris / Sats 31.12.22	10,65 (snittkurs framtidige år)	Rente på EUR lån 0,805% + avdrag frå 2023-2031
Beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2021	84,5 mill EUR	
Tilhøyrande beløp sikringsobjekt 31.12.21	641 Mill EUR	
Andel av eksponering som er sikra 31.12.21	13,2 %	
Sikringspris / Sats 31.12.21	10,61 (snittkurs framtidige år)	Rente på EUR lån 0,805% + avdrag frå 2022-2030
Profil sikringsgrad for framtidige periodar	Åra i perioden 2023-2027 har sikringar. Størst andel sikring i 2023, deretter fallande profil.	Alle åra i perioden har sikringar. Størst andel sikring i periodar etter 2023 når ein startar å betale avdrag.
Fornying av utløpte sikringar	Fornying av utløpte sikringar blir vurdert løpende i samsvar med gjeldande finansstrategi.	Fornying av utløpte sikringar blir vurdert løpende i samsvar med gjeldande finansstrategi.
Moglege kjelder til sikringsineffektivitet (av betydning)	Oversikring, motpartsrisiko eller at instrument og objekt har oppgjer på ulike tidspunkt.	Oversikring, motpartsrisiko eller at instrument og objekt har oppgjer på ulike tidspunkt.
Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2022	Nei	Nei

Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2021	Nei	Nei
Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.22 *)	4,4 mill NOK	-315,4 mill NOK (opphaveleg lånebeløp vurdert til EUR kurs på balansedagen)
Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.21 *)	9,4 mill NOK	-299,7 mill NOK (opphaveleg lånebeløp vurdert til EUR kurs på balansedagen)
Verknad av realiserte effektar av sikrings-bokføring 2022 i resultat	Utgjer 6,8 mill NOK av reknesapslinja Salsinntekter	Sikringa (inntekter og kostnader i same valuta) medfører ingen sikringseffektar som blir bokført
Verknad av realiserte effektar av sikrings-bokføring 2021 i resultat	Utgjer -2,3 mill NOK av reknesapslinja Salsinntekter	Sikringa (inntekter og kostnader i same valuta) medfører ingen sikringseffektar som blir bokført
Verknad av urealiserte effektar av sikrings-bokføring i resultat, eigenkapital og balanse *)	Sikringsinstrumenta blir ført til verkeleg verdi i balansen i linjene "Derivat" og inngår i resultatet under "Utvila resultat". For informasjon om verknaden på eigenkapital vises det til "Endringar i konsernet sin eigenkapital". Viser til note 7, 8 og 9 for ytterlegare informasjon.	Sikringsinstrumenta blir ført til sluttkurs EUR i balansen i linja "Langsiktig renteberande gjeld". Årets valutajustering inngår i resultatet under "Utvila resultat". For informasjon om verknad på eigenkapital vises det til "Endringar konsernet sin eigenkapital". Viser til note 7, 8, 9 og 28 for ytterlegare informasjon.

Kategori:	Kontantstraumsikringar
Framtidig risikoutsett kontantstraum, sikringsobjekt:	Inntekter fra eigen kraftproduksjon og kjøp av småkraft til fastpris i MWh
Sikringsinstrument: Leiinga sin risikostrategi	Finansielle og fysiske kraftkontrakter (frikraftforpliktingar og levering av konsesjonskraft) Målet med denne sikringa er å redusere variasjonen i inntekter fra kraftproduksjonen. Utan sikring vil inntektene fra kraftproduksjon variere med den til einkvar tid noterte spot-prisen for kraft på NordPool Spot for det aktuelle prisområdet krafta er produsert.
Periode for inngåtte sikringsinstrument per 31.12.22	2023-2025
Informasjonen under gjeld for perioden (der informasjonen er mest aktuell i høve til gjeldende sikringsstrategi):	2023-2025
Volum og beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2022	Volum 969 MWh, Beløp MNOK 202
Tilhøyrande volum og beløp sikringsobjekt 31.12.2022	Volum 6.840 MWh, Beløp MNOK 4.396
Andel av eksponering som er sikret 31.12.2022	Volum 14,17%, Beløp 4,60%
Sikringspris / Sats 31.12.2022	NOK/MWh 208,4
Beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2021	Volum 1.354 MWh, Beløp MNOK 150
Tilhøyrande beløp sikringsobjekt 31.12.2021	Volum 6.820 MWh, Beløp MNOK 1.759
Andel av eksponering som er sikra 31.12.2021	Volum 19,85%, Beløp 8,54%
Sikringspris / Sats 31.12.2021	NOK/MWh 111,0
Profil sikringsgrad for framtidige periodar	Alle åra i perioden 2023-2025 har sikring men sikringsgraden er fallande der siste året har vesentleg lågare sikringsgrad enn første året.
Fornying av utløpte sikringar	Fornying av utløpte sikringar blir vurdert løpende i samsvar med gjeldande krafthandelsstrategi.
Moglege kjelder til sikringsineffektivitet (av betydning)	For finansielle sikringskontrakter inngått med systempris som referanse-pris/avrekningspris er avvik mellom systempris og områdepris ei kjelde til sikringsinneffektivitet.
Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2022	Sikringsinneffektivitet reduserer reknesapslinja Salsinntekter med 166 mill. Dette er tilbakeføring av tapsavsetting inneffektiv sikring kostnadsført i 2021. Restverdi av framtidige inneffektiv sikring av områdepris NO3 mot systempris pr. 31.12.22 er ca. 35 mill.
Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2021	Sikringsinneffektivitet reduserer reknesapslinja Salsinntekter med 201 mill NOK. Vi vurderer store delar av prissikringa av framtidige kraftinntekter til å vere reknesapsmessig inneffektiv som følje av store forskjellar mellom områdepris (NO3-pris) og systempris. Prissikring av kraft produsert i prisområde NO5 vurderer vi som effektiv og er sikringsbokført. Kraftvolum produsert i NO5 utgjer ca 4% av totalt produsert volum.

Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.22*)	Sikringsbokføring av kraftderivat medfører at eit tap på 169 mill NOK etter skatt er ført over utvida resultat. Dette gjeld kraftderivat der sikringa er vurdert som effektiv.
Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.21 *)	Sikringsbokføring av kraftderivat medfører at eit tap på 19 mill NOK etter skatt er ført over utvida resultat. Dette gjeld kraftderivat der sikringa er vurdert som effektiv.
Verknad av realiserte effektar av sikringsbokføring 2022 i resultat	Rekneskapslinja Salsinntekter er redusert med 230 mill NOK som er tap knytt til inngåtte sikringskontrakter som vart realisert i 2022 som følje av store skilnader mellom områdepris og systempris.
Verknad av realiserte effektar av sikringsbokføring 2021 i resultat	Rekneskapslinja Salsinntekter er redusert med 185 mill NOK som er tap knytt til inngåtte sikringskontrakter som vart realisert i 2021 som følje av store skilnader mellom områdepris og systempris.
Verknad av urealiserte effektar av sikringsbokføring i resultat, eigenkapital og balanse *)	Sikringsinstrumenta blir ført til verkeleg verdi i balansen i linjene "Derivat" og inngår i resultatet under "Utvida resultat". For informasjon om verknaden på eigenkapital vises det til "Endringar i konsernet sin eigenkapital". Viser til note 7, 8 og 9 for ytterlegare informasjon.

Kategori:	Verkeleg verdi sikring NOK
Framtidig risikoutsett kontantstraum, sikringsobjekt:	Verdi på innlån med fast rente
Sikringsinstrument:	Renteswap med flytande rente
Leiinga sin risikostrategi	Målet med verdisikringa er å sikre at verdien på obligasjonslånet ikkje svingar med endringar i rentenivå. Utan sikring vil marknadsverdien på lånet variere med variasjonar i fastrentene. Ved inngåing av sikringsinstrument blir det avtalt å betale flytande rente og motta fast rente. Dermed vil SFE oppnå ei sikring der verdiendringa på obligasjonslånet eksakt vil samsvar med verdiendringa på rentebytteavtala.
Beløp sikringsobjekt 31.12.22	300 mill NOK
Beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2022	100 mill NOK
Sikringsgrad 31.12.22	33%
Beløp sikringsobjekt 31.12.21	300 mill NOK
Beløp framtidige sikringsinstrument 31.12.2021	100 mill NOK
Sikringsgrad 31.12.21	33%
Tidfesting av periode for sikringsinstrumenter	2013-2023
Profil sikringsgrad for framtidige periodar	Uendra
Fornying av utløpte sikringar	Lån og sikringsinstrument utløper ved forfall i januar 2023. Eventuelle nye verkeleg verdi sikringar blir vurdert i samsvar med gjeldande finansstrategi.
Moglege kjelder til sikringsineffektivitet (av betydning)	Oversikring, motpartsrisiko eller at instrument og objekt har oppgjer eller rentefastsetting på ulike tidspunkt.
Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2022	Nei
Avdekka / bokført sikringsineffektivitet i 2021	Nei
Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.22	0,0 mill NOK *)
Verkeleg verdi sikringsinstrument 31.12.21	+ 2,4 mill NOK *)
Verknad av realiserte effektar av sikringsbokføring 2022 i resultat	Utgjer -1,7 mill NOK av rekneskapslinja Finanskostnader
Verknad av realiserte effektar av sikringsbokføring 2021 i resultat	Utgjer -3,0 mill NOK av rekneskapslinja Finanskostnader
Verknad av urealiserte effektar av sikringsbokføring i resultat, eigenkapital og balanse	*) Sikringsinstrumenta blir ført til verkeleg verdi i balansen i linjene "Derivat", motposten "Langsiktig renteberende gjeld" er auka tilsvarende. Verknaden i resultat og eigenkapital er netto kroner null. Viser til note 7, 8, 9 og 28 for ytterlegare informasjon.

## NOTE 11

### Salsinntekter

#### GENERELL INFORMASJON

Konsernet sine salsinntekter og energikjøp er delt inn i to hovedkategoriar:

**Sal av kraft** inkluderer salsinntekter fra kraftproduksjon og sal til sluttbrukarmarknaden. Kategorien kraftproduksjon omfattar spotsal, bilaterale industrikontrakter, konsesjonskraft, elsertifikat, grøne sertifikat og finansiell handel i energikontrakter. Kategorien sluttbrukermarkedet omfattar sal til sluttbrukar med ulike kontraktsformer og ulik kontraktslengde.

**Sal av overføringsinntekter** tilsvarer årets leverte volum avrekna til fastsett tariff for leveringsåret (tariffinntekta). Tariffinntekta er såleis bestemt av volum og tariff som er fastsett i nettselskapet. Tariff skal setjast slik at overføringsinntekter over tid skal dekke nettselskapet si inntektsramme, kostnad til overliggande og sodeliggande nett, eigedomskatt og FoU.

#### VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP

Hovedprinsippet i IFRS 15 er å bokføre inntekter til eit beløp som reflekterer beløpet som eininga forventar å ha ein rett til i byte mot overføring av varer eller tenester til ein kunde. For å oppnå dette brukar IFRS 15 ein femstegsmodell til å bokføre inntekter frå kontrakter med kundar.

#### Sal av kraft

Inntektene fra sal av kraft omfattar sal av eigenprodusert kraft og sal til sluttbrukarmarknaden. Leveringsforpliktinga er å levere ei rekke spesifikke varer, hovedsakeleg kraft, og transaksjonsprisen er godtgjeringa som SFE ventar å motta, til enten spotpris, regulert pris eller kontraktspolis. Leveringsforpliktinga vert oppfylt over tid, noko som medfører at inntekta skal rekna inn for kvar enhet levert til transaksjonspris. SFE nyttar ei praktisk tilnærming i henhold til IFRS 15 der inntekta frå krafta for dei fleste kontraktene blir bokført til det beløpet som eininga har rett til å fakturere. Retten til å fakturere oppstår når krafta er produsert og levert, og retten til å fakturere godtgjeringa vil normalt samsvarer direkte med verdien for kunden. I dei tilfella der SFE sel kraft via børs (for eksempel Nord Pool), er børsen definert som kunden. Dette er basert på at SFE har bindande kontrakter med børsen.

SFE nyttar derivat knytt til kraftprisar og valuta for å sikre framtidig salsinntekt. Konsernet nyttar ikkje rekneskapsmessig sikringsbokføring for sikring av kraftprisar. Realiserte og urealiserte verdiendringar knytt til kraftderivat som er inngått for økonomisk sikring av framtidig salsinntekt resultatførast under Sal av kraft. Konsernet nyttar rekneskapsmessig sikringsbokføring av valutakontantstraumar slik det er gjort greie for i note 10.

Innan enkelte geografiske område er SFE pålagt å levere ein del av kraftproduksjonen til fylke og kommunar der krafta er produsert. Sal av konsesjonskraft vert inntektsført ved levering.

Tidelte elsertifikat vert inntektsført i takt med produksjonen.

#### Sal av overføringsinntekter

Distribusjon av elektrisk kraft skjer gjennom forsyningsnett som er eit naturleg monopol. Reguleringsmyndighet er Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Det er NVE som set inntektsramme for nettselskapa i Norge, og reguleringa skal sikre at bransjen samla får ei rimeleg avkasting på investert kapital. Tillatt inntekt for SFE består i hovedsak av eiga inntektsramme og kostnader for leige av overliggande forsyningsnett (Statnett).

Kunden betalar nettleige for tilgangen til forsyningsnettet og for distribusjon av elektrisk kraft. Samla nettleige består i hovedsak av fastleddsinntekter, effektinntekter og energiinntekter (nett tariff multiplisert med overført volum i forsyningsnettet). Summen av desse inntektene er faktisk inntekt fra nettvirksomheten og det er denne inntekten som blir resultatført i nettvirksomheten i konsernrekneskapen. Nettleie representerer konsernets løpende levering av tilgang til strømnettet. Inntektsføring skjer over perioden og ved distribusjon av kraft.

Det er mange årsaker til at tillatt inntekt vil avvike fra faktisk inntekt. Dersom faktisk inntekt er høgare enn tillatt inntekt så oppstår meirinntekt. I motsett tilfelle oppstår mindreinntekt. Meir- eller mindreinntekt vert definert i henhold til IFRS som ei regulatorisk gjeld eller egedel som ikkje kvalifiserer til balanseføring. Grunngjevinga for dette er at gjeld eller fordring ikkje er knytta til kontrakt med ein bestemt kunde, og at oppgjør av fordringa eller gjelda er betinga av framtidige leveransar. Nettaraffen vert fastsett med utgangspunkt i at faktisk inntekt over tid skal tilsvare tillatt inntekt.

Konsernet har plikt til å levere straum til nettkunder som ikkje har avtale med kraftleverandør. Inntektsføring skjer på basis av retten til å fakturere kunden, det vil seie på leveringstidspunktet.

**Anleggstilskot**

Nettverksemda har også inntekt fra anleggstilskot som vert betalt av den aktuelle kunde for å dekke faktiske utgifter i høve etablering av nettilknytingar eller ved forsterkning av nettet til eksisterande kundar. SFE si vurdering er at slike vederlag frå kundar er betalingar som skal sjåast i samanheng med fastsetjing av prisen på framtidige leveransar til kundane (ein leveringsforplikting) Anleggstilskot vert derfor ikkje vurdert som ei separat leveringsforplikting. Dette medfører at anleggstilskotet vert inntektsført over anlegget si berekna levetid.

**DISAGGREGERING AV INNTEKTER FRÅ KUNDEKONTRAKTER**

Tabellene under viser disaggregerte inntekter frå kundekontrakter. I tabellen under vert det skilt mellom kortsiktige og langsiktige kundekontrakter. Med kortsiktige kundekontrakter er det meint spotsal og eingangsinntekter, medan langsiktige kontrakter er sal til sluttbrukar med løpetid meir enn eitt år.

2022

**Segment**

Beløp i tusen kroner	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft til sluttbruker	2 548 570	0	0	0	2 548 570
Konsesjonskraft	26 531	0	0	0	26 531
Kraftsal engros	707 138	0	0	0	707 138
Realiserte/urealiserte effektar av derivat	-241 572	0	0	0	-241 572
Sal av overføringstenester	0	500 191	0	0	500 191
Andre driftsinntekter	27 898	55 000	6 000	0	88 898
<b>Sum driftsinntekter frå kundekontrakter</b>	<b>3 068 565</b>	<b>555 191</b>	<b>6 000</b>	<b>0</b>	<b>3 629 756</b>

**Tidspunkt for overføring av varer og tenester**

Beløp i tusen kroner

Kortsiktige kundekontrakter	3 042 034	555 191	6 000	0	3 603 225
Langsiktige kundekontrakter	26 531	0	0	0	26 531
<b>Sum driftsinntekter frå kundekontrakter</b>	<b>3 068 565</b>	<b>555 191</b>	<b>6 000</b>	<b>0</b>	<b>3 629 756</b>

**Avstemming av driftsinntekter frå kundekontrakter mot informasjon i segmentnote**

Beløp i tusen kroner

Eksterne kunder	3 063 756	560 000	6 000	0	3 629 756
Konserninterne kunder	90 000	65 000	55 000	-210 000	0
<b>Sum driftsinntekter frå kundekontrakter</b>	<b>3 153 756</b>	<b>625 000</b>	<b>61 000</b>	<b>-210 000</b>	<b>3 629 756</b>

2021

**Segment**

Beløp i tusen kroner	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft til sluttbruker	997 742	0	0	0	997 742
Konsesjonskraft	20 152	0	0	0	20 152
Kraftsal engros	423 145	0	0	0	423 145
Realiserte/urealiserte effektar av derivat	-410 590	0	0	0	-410 590
Sal av overføringstjenester	0	543 952	0	0	543 952
Andre driftsinntekter	32 776	30 234	6 360	0	69 370
<b>Sum driftsinntekter fra kundekontrakter</b>	<b>1 063 225</b>	<b>574 186</b>	<b>6 360</b>	<b>0</b>	<b>1 643 772</b>

**Tidspunkt for overføring av varer og tenester**

Beløp i tusen kroner

Kortsliktige kundekontrakter	1 043 073	574 186	6 360	0	1 623 619
Langsiktige kundekontrakter	20 152	0	0	0	20 152
<b>Sum driftsinntekter fra kundekontrakter</b>	<b>1 063 225</b>	<b>574 186</b>	<b>6 360</b>	<b>0</b>	<b>1 643 772</b>

**Avstemming av driftsinntekter fra kundekontrakter mot informasjon i segmentnote**

Beløp i tusen kroner

Eksterne kunder	1 059 273	578 139	6 360	0	1 643 772
Konserninterne kunder	52 007	55 948	60 157	-168 112	0
<b>Sum driftsinntekter fra kundekontrakter</b>	<b>1 111 280</b>	<b>634 087</b>	<b>66 517</b>	<b>-168 112</b>	<b>1 643 772</b>

**REALISERTE- OG UREALISERTE EFFEKTAR FRÅ DERIVAT PRESENTERT SOM DRIFTSINNTEKTER**

SFE inngår kraft- og valutaderivat som ein del av ein økonomisk sikringsstrategi. Kraftderivata tilfredsstiller ikkje kriteria for sikringsbokføring av kontrakter under IFRS. Valutaderivata tilfredsstiller kriteria for sikringsbokføring. Tabellen viser den rekneskapsmessige effekten av dei ulike derivata. Note 10 viser ytterlegare informasjon om nytta rekneskapsprinsipp.

2022

Beløp i tusen kroner	Urealisert	Realisert	Sum
Kraftderivat sikringsformål	0	-237 461	-237 461
Kraftderivat trading	2799	-1 413	1 386
Valutaderivat sikringsformål	0	6 694	6 694
Energisal	0	3 270 048	3 270 048
<b>Sum inntekter fra energisal</b>	<b>2 799</b>	<b>3 037 868</b>	<b>3 040 667</b>

2021

Beløp i tusen kroner	Urealisert	Realisert	Sum
Kraftderivat sikringsformål	128	-408 416	-408 288
Kraftderivat trading	-25 777	90	-25 687
Valutaderivat sikringsformål	0	-2 302	-2 302
Energisal	0	1 466 726	1 466 726
<b>Sum inntekter fra energisal</b>	<b>-25 649</b>	<b>1 056 098</b>	<b>1 030 449</b>

## NOTE 12

### Nedskriving

#### VESENTLEGE REKNESAKSPRINSIPP

Varige driftsmiddel og immaterielle eidevarer vert vurdert for verdifall ved utgangen av kvart halvår. Når det er indikatorar på at framtidig inntening ikkje kan forsvare balanseført verdi vert det berekna gjenvinnbart beløp for å kunne vurdere om nedskriving for verdifall må gjennomførast. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av verkeleg verdi fråtrekt salskostnader og bruksverdi. Immaterielle eidevarer med udefinert utnyttbar levetid vert ikkje avskrivne, men vert vurdert for verdifall ein gong i året og når det er forhold som tilseirer at ei verdivurdering må gjennomførast. Ved vurdering av verdifall vert anleggsmidlane gruppert på det lågaste nivået der det er mogeleg å skilje ut uavhengige kontantstraummer (kontantgenererende einingar (KGE). KGE i SFE er definerte slik:

**Vasskraftverk:** Kraftverk som ligg i same vassdrag og som vert styrt samla for å optimalisere kraftproduksjonen. Ved test for verdifall vert fallrettane, teknisk goodwill og andre rettar gruppert saman med dei tilhøyrande kraftverka som til saman utgjer dei kontantgenererande einingane.

**Nettverksemnd** Sentral og regional/distribusjonsnett:

**Investeringar i selskap innrekna etter eigenkapitalmetoden** testast for nedskriving når det føreligg indikatorar på mogeleg verdifall. Investeringar vert nedskrivne dersom gjenvinnbart beløp, estimert som det høgaste av verkeleg verdi med frådrag for salskostnader og bruksverdi, er lågare enn balanseført verdi.

**Reversering:** I dei tilfelle berekningane viser at balanseført verdi er høgare enn gjenvinnbart beløp vert verdinedgangen reknesaksført i rekneskap og balanse. Tilsvarande prosedyre vert gjennomført ved reversering av tidlegare nedskrivingar. Eventuell nedskriving vert gjort i følgjande rekkefølge: Først teknisk goodwill, deretter fallrett og så fysiske driftsmiddel. For kvar rapportering vurderer ein grunnlaget for reversering av tidlegare nedskrivingar unntatt for teknisk goodwill der tidlegare nedskrivingar ikkje er reversible.

#### SKJØNNMESSIGE VURDERINGER

Vurdering av indikator: Nedskriving av balanseført verdi av eidevarer vert vurdert kvart halvår som ein del av den ordinære rapporteringsprosessen i konsernet. Nedskrivingsvurderingar vert gjort både for driftsmiddel som er i bruk og driftsmiddel under oppføring. Indikatorar som kan tyde på eit nedskrivingsbehov vert analysert og diskutert med segmenta og SFE sitt ekspertmiljø. Dersom analysa viser at det er indikasjon på verditap vert det gjort berekningar. I dei tilfelle berekningane viser at balanseført verdi er høgare enn gjenvinnbart beløp vert verdinedgangen reknesaksført i rekneskap og balanse. Tilsvarande prosedyre vert gjennomført ved reversering av tidlegare nedskrivingar. Eventuell nedskriving vert gjort i følgjande rekkefølge først teknisk goodwill, deretter fallrett og så fysiske driftsmiddel. For kvar rapportering vurderer ein grunnlaget for reversering av tidlegare nedskrivingar unntatt for teknisk goodwill der tidligare nedskrivingar ikkje er reversible. SFE sitt revisjonsutval vert informert kvart halvår om forhold som kan medføre nedskriving av eidevarer. Særleg merksemnd vert retta mot dei eidevarar der følgjande situasjon er til stades

- Forskjellen mellom bokført verdi og gjenvinnbart beløp er liten
- Anlegg under oppføring.
- Lågare forventingar til marknaden, usikkert regulatorisk rammeverk eller usikkerheit knytt til gjennomføring av prosjekt.
- Strukturelle endringar i marknadsforhold som medfører endra forventingar til langsiktige kraftprisar.
- Nedskriving er gjennomført i tidlegare periodar.

#### ESTIMAT OG FØRESETNADER

**Bruksverdi** er noverdien av framtidige kontantstraumar diskontert ved bruk av eit avkastingskrav som svarar til marknaden sitt avkastingskrav for tilsvarande eidevarar innanfor vår bransje. Driftskostnadane er basert på årets faktiske kostnader og budsjett for dei komande åra. Restruktureringsaktivitetar som SFE endå ikkje har forplikta seg til og betydelege framtidige investeringar som vil auke eidevarar si yting vert ikkje hensynteke i kontantstraumane. Forventa vedlikehaldskostnadar blir inkludert for kraftverk som er i drift. Fjerningsforpliktingar er normalt ikkje inkludert i berekninga av bruksverdien.

**Antakelsar når bruksverdi vert vurdert:** Estimert bruksverdi er spesielt sensitiv for endringar i framtidige kraftprisar, avkastingskrav, produsert volum og driftskostnader. For vasskraft vert nedskrivingsvurderingane gjort i eit evigvarande perspektiv, då fallrettane er evigvarande og vi vurderer vasskrafta til å vere ein langsiktig etterspurd ressurs.

**Kraftprisar:** SFE har ikkje modellar for utarbeiding av eigen fundamental analyse for kraftpris- og elsertifikatprisprognose, men oppdaterer årleg forventingane til utvikling i langsiktige kraftprisar basert på observerbare marknadsdata og prognosar frå ulike anerkjente analyseselskap. Resultatet av den årlege oppdateringa av forventingar til langsiktige kraftprisar gjev grunnlag for både strategiske avgjørder og blir nytta i budsjett og langtidsprognosar som er handsama av styret. Dei same kraftprisane legg SFE til grunn ved berekning av verdi på konsernet sine varige driftsmiddel og immaterielle eidevarer.

**Produksjonsvolum** som inngår i dei neddiskonterte kontantstraumane er den langsiktige forventa produksjon frå kraftverka. Volum-estimata er ein kombinasjon av ekstern hydrologisk informasjon, historiske produksjonsdata og interne estimat.

**Diskonteringsrente** Berekna bruksverdi er basert på nominelle diskonteringsrenter etter skatt, der skatteeffekten er hensynteken i dei berekna kontantstraumane. Dette betyr at berekna gjenvinnbart beløp er konsistent med før-skatt berekningar. Diskonteringsrentene som vert nytta tek omsyn til egedelen eller grupper av egedelar sin risikoprofil i det relevante segmentet.

**Antakelser når verkeleg verdi fråtrekt salskostnader vert vurdert:** Vurderingar av gjennvinnbart beløp i form av salsverdi inngår i vurderingane når ein kan vise til marknadstransaksjonar som er relevante for vurderinga.

Beløp i mill.kroner	2022	2021
Nedskrivning	0	24 342
Reversering	-6 201	0
Sum nedskrivningar konsolidert verksemد	-6 201	24 342
Selskaper innrekna etter eigenkapitalmetoden	0	0
<b>Sum nedskrivningar</b>	<b>-6 201</b>	<b>24 342</b>

#### NEDSKRIVINGAR I 2022

Reversering nedskrivning gjeld eit vindkraftverk-prosjekt der vi har fått konsesjon for bygging.

#### NEDSKRIVINGAR I 2021

Nedskrivning gjeld eit vindkraftverk-prosjekt der vi har fått konsesjon for bygging.

## NOTE 13

### Lønskostnader og antal årsverk

#### Lønskostnader

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Løn	159 218	132 054
Arbeidsgjevaravgift	30 172	25 149
Pensjonskostnader	23 150	23 233
Andre ytingar	10 047	5 859
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>222 587</b>	<b>186 294</b>

#### Årsverk

Årsverk	245	235
Menn	202	197
Kvinner	43	38

## NOTE 14

### Pensjon

#### GENERELL INFORMASJON

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar.

**Ytelsesplan i sikra ordning** SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningars som oppfyller krava i lov om obligatorisk teneste-pensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningars. Det er ein offentleg kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) for personar som vart tilsett før 01.04.2016. Tilsette etter 01.04.2016 og tidligare tilsette som valde det innan 01. oktober 2016, har tenestepensjon med innskotsordning. Personell født i 1963 eller seinare vart overført til innskotsordninga med verknad frå 01.januar 2020. Påslags-ordninga i ny offentleg tenestepensjon som vart vedtatt av Stortinget i juni 2019 er derfor ikkje innført.

Innskotsordning til SFE vert forvalta av DNB. Innskotsatsane som vert betalt av arbeidsgjevar er 6 % av løn opp til 7,1 G og 18% for løn mellom 7,1 G og 12 G.

SFE og datterselskapa har ei offentleg, kollektiv pensjonsordning i BKK pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei brutto-ordning tilsvarende offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsyting basert på talet på år med opptening og lønnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon. Alderspensjonen utgjer ved full opptening 66 % av pensjonsgrunnlaget for løn opp til 12G. Alle født i 1943 eller seinare vil få pensjonen sin justert for levealder, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66 % av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen vert regulert i samsvar med regelverket for offentleg pensjon. Ordninga vert finansiert ved at medlemmane betaler 2 % av pensjonsgrunnlaget og avkasting på middel i pensjonsordninga. Resterande pensjonspremie vert dekkja av SFE.

**Avtalefesta pensjon og ytelsesplan i usikra (ikkje fondsbaserte) ordningar** Dei usikra ordningane er lukka og omfattar AFP (avtalefesta pensjon) for tilsette med ytelsespensjon (offentleg ordning) og driftspensjonsordning for enkelte tilsette med løn over 12 G. Desse er samla presentert som usikra ordning. Det vert ikkje gitt statstilskot til AFP-ordninga som er omfatta av offentleg kollektiv pensjonsordning. Arbeidsgjevar er dermed fullt ut ansvarleg for alle forpliktingar etter denne ordninga og desse er føresatt inkludert i usikra forpliktingar. Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskottsløven kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgjevar dekker det resterande. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Fellesordningen for avtalefesta pensjon. Arbeidsgjevar sin del utgjer 2,5 % av løn mellom 1 G og 7,1 G for arbeidstakarar frå og med kalenderåret dei fyller 13 år til og med kalenderåret dei fyller 61 år.

## VESENTLEGE REKNESKAPSPrINSIPP

Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei framtidige pensjonsytingane redusert for verkeleg verdi av pensjonsmidlane.

Netto pensjonsmiddel for overfinansierte ordninger er balanseført til verkeleg verdi, og klassifisert som langsiktig eigedel. Netto pensjonsforpliktingar for underfinansierte ordningar og ikkje fondsbaserte ordningar som vert dekkja over drift er klassifisert som langsiktig gjeld.

Positive og negative estimatavvik som skuldast endringar i aktuarmessige føresetnader eller grunnlagsdata vert ført løpande direkte mot utvida resultat.

Perioden sin netto pensjonskostnad er inkludert i løn og andre personalkostnader, og består av summen av perioden si pensjonsopptening, rentekostnad på den berekna forpliktinga og berekna avkasting på pensjonsmidlane.

## ESTIMAT OG FØRESETNADER

Berekning av pensjonsforplikting medfører bruk av skjønn og estimat på ei rekke parameter. Noverdi av opptent pensjonsforplikting for ytelsesplanar og noverdi av årets pensjonsopptening blir berekna ved bruk av påløpte ytingars metode. Netto pensjonsforplikting i balansen er justert for forventa framtidig lønsregulering fram til pensjonsalder. Berekingane tek utgangspunkt i medlemsstand og lønsdata ved utgongen av året.

**Diskonteringsrenta** Diskonteringsrenta er sett med grunnlag i obligasjoner med fortrinnsrett (OMF). SFE vurderer at OMF-marknaden representerer ein tilstrekkeleg djup og likvid markad med relevante løpetider som kvalifiserer for referanserente i henhold til IAS 19.

**Estimatavvik** Årets estimatavvik innrekna i utvida resultat skuldast i hovudsak endring i føresetnader knytt til lønsregulering og regulering av folketrygda sitt grunnbeløp (G).

**Demografiske føresetnader** SFE vurderer dødelighetstabellen K2013BE som det beste estimat for dødelighet i dei aktuarielle berekingane pr. 31.12.2018. K2013BE vert nytta som uttrykk for Finans Noreg sitt beste estimat på dødeligetsgrunnlag basert på Finanstilsynet sitt gjeldande forsikringstekniske berekningsgrunnlag i kollektiv pensjonsforsikring (K2013). Uføretabellar er basert på K63.

**Kurva reallønsvekst** Forventa individuelt karrieretillegg i SFE sine berekningar av pensjonsforplikting legg til grunn Gabler sin regresjonsmodell. Modellen bruker alder som ein forklaringsvariabel for storleiken på arbeidstakarane sine individuelle karriere-tillegg. Ut frå historiske bestandsdata i pensjonskassa, er det laga ei lønskurve som viser at den gjennomsnittlege veksten i individuelt karrieretillegg for tilsette i SFE er fallande med alder. Berekingar viser at kurva lønsvekst gjev lågare pensjonsforplikting enn ved bruk av lineær lønskurve.

Gjennom ytelsesbaserte ordningar er konsernet påverka av ei rekke risikoar som følge av usikkerheit i føresetnader og framtidig utvikling. Dei mest sentrale risikoane er omtala under:

**Forventa levetid** Konsernet har teke på seg ei forplikting til å utbetale pensjon for dei tilsette livet ut. Auke i forventa levealder blant medlemane medfører ei auka forplikting for konsernet.

**Risiko knytt til avkasting** Konsernet vert påverka ved ei endring i faktisk avkasting på pensjonsmidlane som vil medføre endring i netto forplikting for konsernet.

**Risiko knytt til inflasjon- og lønsvekst** Konsernet si pensjonsforplikting har risiko knytta til både inflasjon og lønsutvikling, sjølv om lønsutviklinga er nært knytta til inflasjon. Høgare inflasjon og lønsutvikling enn kva som er lagt til grunn i pensjonsberekinga, medfører auka forplikting for konsernet.

**Lågt rentenivå** Ved neddiskontering av pensjonsutbetalingar nyttar ein marknadsrenter. Generelt lågt eller fallande rentenivå aukar brutto pensjonsforplikting for konsernet medan aukande rentenivå reduserer forpliktinga.

<b>Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Årleg avkasting	3,3%	2,2%
Diskonteringsrente	3,3%	2,2%
Årleg lønsvekst	3,75%	2,75%
Årleg vekst G-beløp	3,5%	2,5%
Regulering av løpende pensjonar	2,75%	1,75%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

<b>Medlemar av ytelsesplaner</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Tilsette	103	117
Pensjonister og personar med oppsette pensjonsrettar	164	158

#### **Spesifikasjon av netto innrekna ytelsesbasert pensjonsforplikting**

Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Noverdi av opptent pensjonsforplikting for ytelsesplaner i fondsbaserte	584 803	549 899
Verkeleg verdi på pensjonsmiddel	577 681	536 249
Netto pensjonsforplikting for ytelsesplaner i fondsbaserte ordninger	7 122	13 650
Noverdi av opptent pensjonsforplikting for ytelsesplaner i ikkje fondsbaserte ordningar	32 116	34 245
Arbeidsgjevaravgift	4 262	5 077
<b>Netto pensjonsforplikting i balansen ytelsesbasert pensjonsforplikting</b>	<b>43 500</b>	<b>52 972</b>
Netto pensjonsforplikting i balansen innskotsplaner	1 770	1 602
<b>Netto pensjonsforplikting i balansen</b>	<b>45 270</b>	<b>54 574</b>

#### **Bevegelse i brutto ytelsesbasert pensjonsforplikting**

Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Brutto ytelsesbaserte pensjonsforplikting per 01.01.	549 899	534 761
Netto endring i forplikting ved tilgang/avgang	2 945	-68 655
Noverdien av årets pensjonopptening	7 329	7 842
Rentekostnader	12 797	8 677
Estimatavvik	38 276	70 257
Utbetalte ytingar	-26 443	-2 983
<b>Brutto ytelsesbaserte pensjonsforpliktingar per 31.12.</b>	<b>584 803</b>	<b>549 899</b>

**Bevegelse i verkeleg verdi på pensjonsmiddel for ytelsesbaserte**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Verkeleg verdi på pensjonsmiddel per 01.01.	536 249	474 851
Netto endring i pensjonsmiddel ved tilgang/avgang	0	0
Forventa avkasting på pensjonsmiddel	11 929	7 146
Estimatavvik	3 029	28 469
Totalt tilskot	46 940	29 470
Utbetalte yttingar	-20 466	-3 687
Verkeleg verdi på pensjonsmiddel per 31.12.	577 681	536 249

**Pensjonsmiddel består av**

	2022	2021
Eigenkapitalinstrument	147 886	206 288
Renteberande instrument	354 696	258 633
Anna	75 099	71 328
Verkeleg verdi pensjonsmiddel per 31.12	577 681	536 249

**Estimatavvik innrekna i utvida resultat**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Estimatavvik forpliktning	-24 315	70 257
Estimatavvik middel	-3 029	-28 469
Akkumulert estimatavvik innrekna i utvida resultat før skatt 31.12.	-27 344	41 788

**Pensjonskostnad innrekna i resultatrekneskapen****Ytelsesplaner**

Beløp i tusen kroner

Noverdi av årets pensjonsopptening	6 627	7 091
Rentekostnad	12 797	8 677
Forventa avkasting på pensjonsmidlane	-11 929	-7 146
Administrasjonskostnader	4 322	3 817
Arbeidsgjeveravgift	702	751
<b>Netto pensjonskostnad ytelsesplaner</b>	<b>12 519</b>	<b>13 190</b>

**Innskotsplaner**

Arbeidsgjavers tilskot	10 610	10 043
Totale pensjonskostnader - sjå note 13	23 129	23 233

	Diskonteringsrente	Lønsregulering	Regulering av G
<b>Sensitivitetsanalyse ved endring i føresetnader</b>	1%	-1%	1%
Auke (+)/reduksjon (-) i periodens netto pensjonskostnad ytelsesplaner	-733	904	-257
Auke (+)/reduksjon (-) i brutto pensjonsforpliktning per 31.12.	-86 354	110 836	586
		6 924	-517
		-7 189	101 179
		-80 971	

## NOTE 15

### Eigedomsskatt og konsesjonsavgifter

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Konsesjons- og tilsynsavgifter	14 763	14 115
Konsesjonspålagde tiltak	967	938
Erstatningar	317	670
Frikraftutbetalingar	12 469	5 922
+Auke/-Reduksjon i frikraftforpliktingar	-331	217
Eigedomsskatt	40 816	42 876
<b>Sum eigedomsskattar og avgifter</b>	<b>69 001</b>	<b>64 737</b>

Konsesjonsavgifter vert prisjusterte ved første årsskifte fem år etter at konsesjonen er gitt og deretter kvart femte år.

## NOTE 16

### Andre driftskostnader

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Reparasjoner og vedlikehald	40 762	23 484
Forsikringar	9 066	6 128
Leigekostnader	1 738	5 624
Andre driftskostnader	156 235	90 699
Tap på krav	1	-458
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>207 801</b>	<b>125 478</b>

## NOTE 17

### Finanspostar

Beløp i tusen kroner	2022			2021		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Rentekostnader	0	127 378	127 378	0	80 572	80 572
Nedskrivning aksjepostar	0	0	0	0	0	0
Agiotap valuta	0	8 351	8 351	0	3 385	3 385
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>0</b>	<b>135 729</b>	<b>135 729</b>	<b>0</b>	<b>83 957</b>	<b>83 957</b>

Beløp i tusen kroner	2022			2021		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Renteinntekter	0	44 928	44 928	0	45 130	45 130
Leasinginntekter	0	15 191	15 191	0	11 897	11 897
Kursauke verdipapir, aksjar	0	33	33	0	96	96
Resultat frå TS	0	3 977	3 977	0	6 847	6 847
Agiovinst valuta	0	8 553	8 553	0	4 486	4 486
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>72 682</b>	<b>72 682</b>	<b>0</b>	<b>68 456</b>	<b>68 456</b>

## NOTE 18

### Resultatskattar

#### GENERELL INFORMASJON

Konsernet sin kraftproduksjonsverksemid i Norge er underlagt dei særskilte reglene for skattlegging av kraftforetak. Konsernet sin skattekostnad omfattar derfor i tillegg til ordinær resultatskatt også naturressursskatt og grunnrenteskatt.

**Resultatskatt** blir berekna etter ordinære skattereglar og nyttar til eikvar tid vedteken skattesats. Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet og består av betalbar skatt og endring i utsett skatt/skattefordel. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt/skattefordel vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnadar mellom reknekapsmessig og skattemessig verdi, i tillegg til skatteverknader av underskot til framføring.

**Naturressursskatt** er ein overskotssavhengig skatt og vert berekna på grunnlag av det enkelte kraftverket sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre per kWh. Betalbar resultatskatt vert avrekna mot betalt naturressursskatt.

**Grunnrenteskatt** er overskotssavhengig og vert berekna på grunnlag av netto grunnrenteinntekt for kvart enkelt kraftverk. Grunnrenteinntekta vert berekna på grunnlag av det enkelte kraftverket sin produksjon time for time, multiplisert med spotprisen i den korresponderande timen. Faktisk kontraktspris vert nytta for leveranser av konsesjonskraft og for kraft på langsiktige fysiske kontrakter med ein varighet på over sju år. Inntekter frå elsertifikat inngår i brutto grunnrenteinntekt. Det vert gjort frådrag for faktiske driftskostnader, avskrivingar og ei friinntekt.

Friinntekta vert fastsett årlig på grunnlag av skattemessig verdi av driftsmidlane i kraftverket multiplisert med ei normrente.

Negativ grunnrenteinntekt per kraftverk frå inntektsåret 2006 eller tidlegare år skal fremførast med renter mot seinare positiv grunnrenteinntekt i same kraftverk. Negativ grunnrenteinntekt per kraftverk berekna frå og med inntektsåret 2007 skal samordnast med positiv grunnrenteinntekt for andre kraftverk.

#### VESENTLEGE REKNEKAPSPrINSIPP

For skatt på postar som er ført mot utvida resultat er også skatten ført mot utvida resultat, og skatt på postar knytta til eigenkapital-transaksjonar vert ført mot eigenkapital.

Utsett skatt og utsett skattefordel vert presentert netto når dei vert forventa å bli reversert i same periode. Tilsvarande gjeld for utsett skatt og utsett skattefordel knytta til grunnrenteskatt. Utsette skataposisjonar knytta til betalbar resultatskatt kan ikkje utliknast mot utsette skataposisjonar knytta til grunnrenteskatt. Den delen av naturressursskatten som overstig betalbar resultatskatt, kan framførast med rente til seinere år, og blir balanseført som forskotsbetalt skatt.

Friinntekt vert behandla som ein permanent skilnad i det året som den vert berekna for, og påverkar såleis ikkje berekninga av utsett skatt knytt til grunnrente.

#### ESTIMAT OG FØRESETNADER

Balanseføring av utsett skattefordel medfører bruk av skjønn, og vert nytta i den grad det er sannsynleggjort at fordelen vil bli utnytta.

Utsett skattefordel vedrørande grunnrenteinntekt til framføring er balanseført med det beløp som vert venta nytta innanfor ein tidshorisont på ti år. Tidspunkt for når negativ grunnrenteinntekt kan verte vert estimert på grunnlag av forventingar om normalproduksjon og prisbaner.

Anna utsette skattefordel vert balanseført dersom den vert venta nytta innanfor ein tidshorisont på fem år.

<b>Nominelle norske skattesatsar i resultatrekneskapen</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Resultatskatt	22 %	22 %
Grunnrenteskatt	57,7 %	47,4 %
<b>Nominelle norske skattesatsar i balansen (utsett skatt)</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Resultatskatt	22 %	22 %
Grunnrenteskatt	57,7 %	47,4 %
<b>Skattekostnad i resultatrekneskapen</b>		
Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Betalbar resultatskatt	207 270	78 638
Betalbar grunnrenteskatt	302 480	100 725
Betalbar skattekostnad tidlegare år	-15 590	12 364
Endring i utsett resultatskatt netto etter konsernbidrag	38 758	-62 077
Endring i utsett grunnrenteskatt	274 732	80 284
<b>Skattekostnad i resultatrekneskapen</b>	<b>807 649</b>	<b>209 934</b>
<b>Betalbar skatt i balansen</b>		
Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Betalbar resultatskatt	169 938	55 193
Betalbar naturressursskatt	-17 289	34 394
Betalbar grunnrenteskatt	302 480	61 277
Betalbar skatt tidlegare år	0	0
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	<b>455 128</b>	<b>150 864</b>
<b>Skatt inkludert i fordringar</b>		
Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Forskotsbetalt skatt	0	0
<b>Skatt inkludert i fordringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Avstemming av norsk nominell skattesats mot effektiv skattesats</b>		
Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Resultat før skattekostnad	1 012 511	62 187
Forventet skattekostnad etter nominell sats	222 752	13 681
<b>Skatteeffekt av</b>		
Grunnrenteskatt	577 212	177 818
Resultatandel i selskap innrekna etter eigenkapitalmetoden	19 144	23 663
Skattefrie inntekter	0	-4 339
Endringer vedrørende tidlegare år	-110	-842
Endring utsett skatt på føringar direkte mot eigenkapital	-3 476	-5 124
Andre permanente skilnader	-7 873	5 077
<b>Skattekostnad</b>	<b>807 649</b>	<b>209 934</b>
Effektiv skattesats	79,8 %	337,6 %

**Spesifikasjon av utsett skatt alminnelig inntekt**

Beløp i tusen kroner	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.21</b>
Anleggsmiddel	-567 028	-517 101
Omløpsmiddel	164	165
Gevinst/tapskonto	-2 116	-2 354
Pensjonsforpliktingar	9 746	7 735
Langsiktig gjeld	37 437	73 717
Kortsiktig gjeld	-44 869	22 144
Framførbart underskot	19 846	254
<b>Sum netto utsett skatt</b>	<b>-546 820</b>	<b>-415 440</b>
Ikkje balanseført utsett skatt	114 934	14 488
<b>Sum utsett fordel/gjeld (-) i balansen</b>	<b>-431 886</b>	<b>-400 952</b>

**Spesifikasjon av utsett grunnrenteskatt**

Beløp i tusen kroner	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.21</b>
Anleggsmiddel	-779 714	-580 097
Pensjonsforpliktingar	7 601	12 243
Negativ grunnrenteinntekt	0	71 900
<b>Sum utsett fordel/gjeld (-) i balansen</b>	<b>-772 113</b>	<b>-495 954</b>
Utsatt skatteffekt knytt til alminneleg inntekt(47,4% * 22 %)	1 576	-3 337
<b>Sum netto utsett fordel/gjeld (-) i balansen</b>	<b>-770 536</b>	<b>-499 291</b>
<b>Netto utsett fordel/gjeld i balanse</b>	<b>-1 202 422</b>	<b>-900 242</b>

**Utsett skatt ført mot utvida resultat**

Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Estimatavvik pensjon	-3 922	1 448
Endring i verdi på finansielle instrument	-43 193	8 049
<b>Sum utsett skatt ført mot utvida resultat</b>	<b>-47 115</b>	<b>9 496</b>

## NOTE 19

### Immaterielle egedeler

**VESENTLEGE REKNEKAPSPrINSIPP**

Immaterielle egedeler er rekneskapsført til anskaffelseskost fråtrekt avskrivningar. Utgifter til immaterielle egedeler, herunder goodwill, vert balanseført når det er sannsynleg at egedelen vil gi økonomiske fordelar og at den kan målast påliteleg. Goodwill og immaterielle egedeler med ubegrensa levetid vert ikkje avskrivne, men vert årleg testa for verdifall. Vannfallsrettar vert ikkje avskrivne, då verdiane er å sjå på som evigvarande under føresetnad av at det ikkje føreligg heimfall. Vannfallsrettar vert presentert som Fallrett ettersom SFE har ein evigvarande avtale om rett til å nytte vannfallet, sidan fallretten ikkje vert avskriven vert den testa årleg for verdifall på same måte som goodwill. Ved erverv av kraftverk inkludert fallrett krev rekneskapsreglane at det skal bereknast utsett skatt forplikting på fallretten. Som motpost til denne utsett skatt forpliktinga er det balanseført eigendel som har betegnelsen teknisk goodwill.

<b>2022</b>					<b>Andre immaterielle egedelar</b>	<b>Sum immaterielle egedelar</b>
Beløp i tusen kroner	<b>Fallrett</b>	<b>Teknisk goodwill</b>	<b>Andre rettar</b>			
Anskaffelseskost 01.01	1 942 745	734 405	243 075	0	2 920 225	
Akkumulert av og nedskriving 01.01	2 488	195 000	92 580	0	290 068	
Balanseført verdi 01.01	1 940 257	539 405	150 495	0	2 630 157	
Tilgang	133	0	0	0	133	
Avgang	0	0	0	0	0	
Anskaffelseskost 31.12	1 942 878	734 405	243 075	0	2 920 358	
Akkumulert av og nedskriving 31.12	2 488	195 000	95 062	0	292 550	
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>1 940 390</b>	<b>539 405</b>	<b>148 013</b>	<b>0</b>	<b>2 627 808</b>	
Årets ordinære avskrivinger	0	0	2 487	0	2 487	
Nedskriving						0
Antatt økonomisk levetid				38 år	10 år	

<b>2021</b>					<b>Andre immaterielle egedelar</b>	<b>Sum immaterielle egedelar</b>
Beløp i tusen kroner	<b>Fallrett</b>	<b>Teknisk goodwill</b>	<b>Andre rettar</b>			
Anskaffelseskost 01.01	1 947 226	734 405	243 075	0	2 924 706	
Akkumulert av og nedskriving 01.01	2 488	195 000	90 099	0	287 587	
Balanseført verdi 01.01	1 944 738	539 405	152 976	0	2 637 119	
Tilgang	0	0	0	0	0	
Avgang	-4 481	0	0	0	-4 481	
Anskaffelseskost 31.12	1 942 745	734 405	243 075	0	2 920 225	
Akkumulert av og nedskriving 31.12	2 488	195 000	92 580	0	290 068	
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>1 940 257</b>	<b>539 405</b>	<b>150 495</b>	<b>0</b>	<b>2 630 157</b>	
Årets ordinære avskrivinger	0	0	2 481	0	2 481	
Nedskriving						0

Antatt økonomisk levetid	38 år	10 år
--------------------------	-------	-------

## NOTE 20

### Varige driftsmiddel

#### GENERELL INFORMASJON

Investeringer i produksjonsanlegg og andre varige driftsmiddel vert rekneskapsført til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivinger. Avskrivingane startar når egedelane er ferdigstilt og kan takast i bruk. Anskaffelseskost for varige driftsmidldel omfatter utgifter for å anskaffe eller utvikle egedelen slik at den er klar for bruk. Direkte henførbare lånekostnadar vert lagt til anskaffelseskost. Utgifter påløpt etter at driftsmidlet er teke i bruk, til dømes reparasjoner og vedlikehald, resultatførast løpende, medan øvrige utgifter som aukar framtidig produksjonskapasitet vert balanseført. Estimert fjerningsforpliktingar er inkludert i anlegget sin balanseførte verdi.

Utgifter vert balanseført når det er sannsynleg at egedelen vil gje økonomiske fordelar og at den kan målast påliteleg.

Avskriving er berekna ved bruk av lineær metode over forventa levetid. Restverdi vert hensynte ved berekning av årlege avskrivinger. Periodisk vedlikehald blir balanseført med avskriving over perioden fram til neste vedlikehald er planlagt gjennomført. Avskrivingstida er tilpassa konsesjonsperioden. Forventa levetid, avskrivingsmetode og restverdi vert vurdert kvar år.

Tomtar vert ikkje avskrivne, då verdiane er å sjå på som evigvarande.

## ESTIMAT OG FØRESETNADER

Varige driftsmiddel vert avskrive over forventa levetid. Forventa levetid vert estimert på bakgrunn av erfaring, historikk og skjønnsmessige vurderinger og vert justert dersom det oppstår endringar i forventingane. Det vert teke omsyn til restverdi ved fastsetjing av avskrivingane og vurderinga av restverdi er også gjenstand for estimat.

<b>2022</b> Beløp i tusen kroner	Kraft stasjoner	Vindkraft anlegg	Nettanlegg	Fiber/ rør-anlegg	Inventar og utstyr	Tomter og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel	Bruksrett eigedalar	<b>Sum</b>
Anskaffelseskost 01.01	3 289 088	644 719	3 152 656	25 053	248 505	242 906	234 912	7 837 839	54 597	7 892 436
Akkumulerte avskring/ nedskr. 01.01	1 228 642	39 742	1 123 764	16 512	184 252	65 153	21 437	2 679 502	29 840	2 709 342
<b>Balanseført verdi 01.01</b>	<b>2 060 444</b>	<b>604 977</b>	<b>2 028 893</b>	<b>8 541</b>	<b>64 255</b>	<b>177 754</b>	<b>213 475</b>	<b>5 158 337</b>	<b>24 757</b>	<b>5 183 096</b>
Tilgang kjøpte anleggsmeddel	116 520	9 371	103 514	0	24 043	3 931	235 931	493 310	0	493 310
Tilgang eige tilvirk anleggsmeddel	10 932	0	54 390	0	0	0	1 551	66 873	0	66 873
Herav balanseførte lånekostnader	1 759	0	2 021	0	0	0	1 806	5 586	0	5 586
Avgang	0	0	1 188	0	2 930	0	125 355	129 473	0	129 473
Nedskriving	0	0	0	0	0	0	-6 201	-6 201	0	-6 201
<b>Anskaffelseskost 31.12</b>	<b>3 416 540</b>	<b>654 090</b>	<b>3 309 372</b>	<b>25 053</b>	<b>269 618</b>	<b>246 837</b>	<b>353 240</b>	<b>8 274 750</b>	<b>54 597</b>	<b>8 329 347</b>
<b>Akkumulerte avskring/ nedskr. 31.12</b>	<b>1 308 861</b>	<b>64 883</b>	<b>1 187 431</b>	<b>17 031</b>	<b>198 932</b>	<b>70 696</b>	<b>30 543</b>	<b>2 878 377</b>	<b>32 005</b>	<b>2 910 382</b>
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>2 107 679</b>	<b>589 207</b>	<b>2 121 941</b>	<b>8 022</b>	<b>70 686</b>	<b>176 141</b>	<b>322 697</b>	<b>5 396 373</b>	<b>22 592</b>	<b>5 418 966</b>
Årets ordinære avskriv ingar	80 215	25 141	63 666	519	14 681	5 542	0	189 764	2 165	191 929
Årets nedskriving	0	0	0	0	0	0	-6 201	-6 201	0	-6 201
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	30 år	25 år	50 år	16 år	15 år	44 år				

<b>2021</b> Beløp i tusen kroner	Kraft stasjoner	Vindkraft anlegg	Nettanlegg	Fiber/ rør-anlegg	Inventar og utstyr	Tomter og bygninger	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel	Bruksrett eigedalar	<b>Sum</b>
Anskaffelseskost 01.01	3 196 776	0	2 895 445	24 220	223 910	215 929	526 214	7 082 494	34 268	7 116 762
Akkumulerte avskring/ nedskr. 01.01	1 143 741	0	1 068 129	15 213	171 876	68 623	35 000	2 502 582	14 052	2 516 634
<b>Balanseført verdi 01.01</b>	<b>2 053 035</b>	<b>0</b>	<b>1 827 318</b>	<b>9 008</b>	<b>52 034</b>	<b>147 304</b>	<b>491 216</b>	<b>4 579 915</b>	<b>20 216</b>	<b>4 600 128</b>
Tilgang kjøpte anleggsmeddel	444 461	644 719	214 897	696	24 836	26 338	303 883	1 659 830	20 329	1 680 159
Tilgang eige tilvirk anleggsmeddel	2 377	0	42 788	137	464	639	1 375	47 780	0	47 780
Herav balanseførte lånekostnader	1 279	6 243	4 135	0	140	604	-2 379	10 022	0	10 022
Avgang	354 526	0	474	0	705	0	596 560	952 265	0	952 265
Nedskriving	0	2 905	0	0	0	0	21 437	24 342	0	24 342
<b>Anskaffelseskost 31.12</b>	<b>3 289 088</b>	<b>644 719</b>	<b>3 152 656</b>	<b>25 053</b>	<b>248 505</b>	<b>242 906</b>	<b>234 912</b>	<b>7 837 839</b>	<b>54 597</b>	<b>7 892 436</b>
<b>Akkumulerte avskring/ nedskr. 31.12</b>	<b>1 228 642</b>	<b>39 742</b>	<b>1 123 764</b>	<b>16 512</b>	<b>184 252</b>	<b>65 153</b>	<b>21 437</b>	<b>2 679 502</b>	<b>29 840</b>	<b>2 709 342</b>
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>2 060 444</b>	<b>604 977</b>	<b>2 028 893</b>	<b>8 541</b>	<b>64 255</b>	<b>177 754</b>	<b>213 475</b>	<b>5 158 337</b>	<b>24 757</b>	<b>5 183 096</b>
Årets ordinære avskriv ingar	84 906	1 837	56 885	1 299	12 467	5 011	0	162 405	15 788	178 193
Årets nedskriving	0	2 905	0	0	0	0	21 437	24 342	0	24 342
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	30 år	25 år	50 år	16 år	15 år	44 år				

Tilganger i 2022 av varige driftsmiddel er 560.183 tusen kroner. Korrigert for avgang anlegg i arbeid er beløpet 434.828 tusen kroner. Beløpet inkluderer tilgang immaterielle eigedalar. Tilgang bestod av både investeringar i ny kapasitet, vedlikehaldsinvesteringar og andre investeringar. Vedlikehaldsinvesteringar og andre investeringar utgjorde ca. 146.000 tusen kroner. Investeringene i auka kapasitet var ca. 410.000 tusen kroner. Dei største prosjekta gjaldt ulike investeringar i nettanlegg samt sluttoppgjer for Jølstra Kraftverk og Lutelandet vindkraftverk.

## NOTE 21

### Tilknytta selskap og felleskontrollerte ordningar

#### SKJØNNMESSIGE VURDERINGER

Skjønnmessige vurderinger er påkrevd for å vurdere klassifisering av investeringar saman med tredjepart. Eit nøkkelement for å vurdere om ei investering er eit datterselskap, felles drift, felles verksemd eller tilknytta selskap er grada av kontroll. For å vurdere kontrollgrada blir alle fakta og omstende evaluert. Avgjerda knytta til dei relevante aktivitetane som i vesentleg grad påverka avkastinga av investeringa er dei elementa som krev høgast grad av skjønn.

For å konkludere på kontrollgrada har SFE systematisk definert dei relevante aktivitetane og verdidriverane for kvar enkelt teknologi. I tillegg blir det føreteke ei vurdering av kvar enkelt investering for å vurdere fakta og omstende for øvrig. Det blir føreteke ei nøye analyse av investeringar der SFE er operatør.

Når det føreligg avtaler som krev einstemmigkeit mellom partane for å påvirke dei relevante aktivitetane i ei investering, samt dei øvrige kriteria i IFRS 11 er oppfylt, blir investeringa klassifisert som felleskontrollert ordning. Skjønnmessige vurderinger er påkrevd når ein skal vurdere om ei felleskontrollert ordning er felles drift eller felles verksemd. Vurderinga er basert på kva rettar og plikter deltakarane har, samt underliggende fakta. For å vurdere om investeringa er felles drift vil aksjonæravtaler og avtaler mellom aksjonær og den legale eininga overstyre den legale forma ei investering har. Verksemd oppretta for kraftproduksjon og der deltakarane er dei eneste kjøparane av kraftproduksjonen, i tillegg til å sørge for både kort- og langsiktig finansiering av verksemda, vil som regel verte vurderte til å vere felles drift. Når SFE har rettar til netto eigedelar i verksemda, vert verksemda vurdert til å vere felles verksemd.

Kraftverk med delt eigarskap, der SFE har felles kontroll, er rekneskapsført som felles drift.

#### FELLES VERKSEMD, FELLES DRIFT OG TILKNYTTA SELSKAP

Aksjar i selskap klassifisert som felles verksemd og tilknytta selskapa er handsama etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. SFE reknar inn sin del av eigedelar, forpliktingar, inntekter og kostnader i selskap klassifisert som felles drift line for line i konsernrekneskapen.

	Forretningskontor	Eigarandel	Stemmeandel
<b>Felles verksemd</b>			
Elbåtlader DA	Florø	50%	50%
Skipskraft AS	Florø	50%	50%
<b>Tilknytta selskap</b>			
Fossheim Energiverk AS	Førde	30%	30%
Enivest AS	Førde	39%	39%
Innvik Kraftverk AS	Stryn	30%	30%
HyFuel AS	Florø	33%	33%
Wattn AS	Ålesund	27%	27%
Gloppen Energi AS	Sandane	30%	30%
Renantis Norway AS	Sandane	10%	10%
<b>Felles drift</b>			
Jølstra Kraft DA	Førde	50%	50%
Østerbø Kraftverk (sameige)	Sandane	58%	58%

Aksjane i selskapa ovanfor er ikkje notert på offentleg marknadslass.

**Felles verksemد**

<b>2022</b>	<b>Inngående saldo</b>	<b>Tilgang/avgang i året</b>	<b>Andel av årets resultat</b>	<b>Avskriving meirverdi</b>	<b>Overføring til/frå selskap</b>	<b>Utgående saldo</b>
Elbåtlader DA	701	100	-114			687
Skipskraft AS	978		349			1 327
<b>Sum</b>	<b>1 679</b>	<b>100</b>	<b>235</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 014</b>

<b>2021</b>	<b>Inngående saldo</b>	<b>Tilgang/avgang i året</b>	<b>Andel av årets resultat</b>	<b>Avskriving meirverdi</b>	<b>Overføring til/frå selskap</b>	<b>Utgående saldo</b>
Elbåtlader DA	0	850	-149			701
Skipskraft AS	0	1 021	-42			978
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>1 871</b>	<b>-191</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 679</b>

**Finansiell informasjon for tilknytta selskap**

Oppstilling under gjev informasjon om innrekning av tilknytta selskap i samsvar med eigenkapitalmetoden.

<b>2022</b>	<b>Inngående saldo</b>	<b>Tilgang/avgang i året</b>	<b>Andel av årets resultat</b>	<b>Avskriving meirverdi</b>	<b>Overføring til/frå selskap</b>	<b>Utgående saldo</b>
Fossheim Energiverk AS	12 023		-134			11 890
Eninvest AS	61 734		8 740			70 474
Innvik Kraftverk AS	21 933		101			22 034
Wattn AS	153 594		-924			152 670
HyFuel AS	-179	2 000	0			1 821
Gloppen Energi AS	50 414		-1 474		-1 198	47 742
Renantis Norway AS	61 646		-2 567			59 079
<b>Sum</b>	<b>361 165</b>	<b>2 000</b>	<b>3 743</b>	<b>0</b>	<b>-1 198</b>	<b>365 711</b>

<b>2021</b>	<b>Inngående saldo</b>	<b>Tilgang/avgang i året</b>	<b>Andel av årets resultat</b>	<b>Avskriving meirverdi</b>	<b>Overføring til/frå selskap</b>	<b>Utgående saldo</b>
Fossheim Energiverk AS	12 578		-506	-49		12 023
Eninvest AS	53 006		8 728			61 734
Innvik Kraftverk AS	20 679		1 254			21 933
Eviny Elsikkerhet AS	1 454	-1 299	-155			-0
Wattn AS	155 073		-1 479			153 594
HyFuel AS	0	1 015	-1 194			-179
Gloppen Energi AS	49 997		417			50 414
Renantis Norway AS	60 279	1 342	25			61 646
<b>Sum</b>	<b>353 068</b>	<b>1 058</b>	<b>7 088</b>	<b>-49</b>	<b>0</b>	<b>361 165</b>

Ut frå rettar i aksjonæravtale definerer SFE sitt eigarskap i Renantis Norway AS som eit eigarskap i tilknytta selskap.

**Finansiell informasjon for felles drift**

Oppstilling under gjev informasjon om innrekning av felles driftselskap i samsvar med SFE sin eigardel i ordningane sine inntekter, kostnader, egedelar og gjeld. Østerbø vert innrekna med SFE sin eigardel på 58%.

<b>2022</b>	<b>Drifts inntekt</b>	<b>Drifts kostnad</b>	<b>Finans postar</b>	<b>Års- resultat</b>	<b>Anleggs- middel</b>	<b>Omløps- middel</b>	<b>Eigen- kapital</b>	<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>Kortsiktig gjeld</b>
Jølstra Kraft DA	13 179	21 870	8	-8 699	482 451	16 872	431 337	58 206	9 780
Østerbø Kraftverk (Sameige)	148 512	38 329	0	110 182	478 984			469	
<b>Sum</b>	<b>161 691</b>	<b>60 199</b>	<b>8</b>	<b>101 483</b>	<b>961 435</b>	<b>16 872</b>	<b>431 337</b>	<b>58 675</b>	<b>9 780</b>

<b>2021</b>	<b>Drifts inntekt</b>	<b>Drifts kostnad</b>	<b>Finans postar</b>	<b>Års- resultat</b>	<b>Anleggs- middel</b>	<b>Omløps- middel</b>	<b>Eigen- kapital</b>	<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>Kortsiktig gjeld</b>
Jølstra Kraft DA	6 252	9 135	-48	-2 932	458 376	26 961	417 036	58 206	10 095
Østerbø Kraftverk (Sameige)	48 624	12 505	0	36 120	485 779			499	
<b>Sum</b>	<b>54 876</b>	<b>21 640</b>	<b>-48</b>	<b>33 188</b>	<b>944 155</b>	<b>26 961</b>	<b>417 036</b>	<b>58 705</b>	<b>10 095</b>

Jølstra Kraft DA eig Stakaldefossen kraftverk og Jølstra kraftverk. Jølstra kraftverk vart satt i drift 4. kvartal 2021.

## NOTE 22

### Øvrige finansielle anleggsmiddel

Beløp i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>Øvrige finansielle anleggsmiddel</b>		
Lån til tilsette	12	12
Lån til foretak	1 800	4 380
Framførbar naturressursskatt	0	1 782
Finansiell utleigeavtale fiber	149 925	142 001
Andre aksjer og andeler	36 025	31 457
<b>Sum</b>	<b>187 762</b>	<b>179 632</b>

### Finansielle utleigeavtaler

Resultat	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>Andre finansinntekter frå finansielle leigeavtaler</b>		
<b>Sum</b>	<b>15 191</b>	<b>11 897</b>

### Balanse

Brutto fordring finansielle utleigeavtaler fiber	249 112	243 550
Ikkje opptent leigeinnbett	99 187	101 549
<b>Sum</b>	<b>149 925</b>	<b>142 001</b>

Forfallsanalyse	<b>2023</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>Deretter</b>	<b>Sum</b>
Udiskonterte leigeinnbett	10 903	10 903	10 903	10 903	10 903	194 597	249 112

Det har ikkje funne stad vesentlege endringar i den balanseførte verdien av nettoinvesteringa i finansielle leigeavtaler.

## NOTE 23

### Behaldningar

#### VESENTLEGE REKNESKAPSPrINSIPP

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehalder ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepris frå leverandør. I rekneskapen er det avsett for ukurans.

**Elsertifikat** innkjøpt i sluttbrukarverksemda er bokført til kjøpskost og klassifisert som varelager. Deretter regulert til lågaste verdi av kjøpskost eller marknadsverdi. Elsertifikatregisteret utsteder elsertifikat månaden etter kraftproduksjonen har funne stad, eit elsertifikat for kvar MWh elsertifikatberettiga kraftproduksjon. Elsertifikata vert inntektsført ved utsteding og er klassifisert som kraftsalsinntekter. Sertifikata vert balanseført som varelager. Dersom det går meir enn ein rekneskapsperiode før el-sertifikata vert mottatt, vert fordringa vurdert til lågaste verdi av verkeleg verdi på produksjonstidspunktet og netto realisasjonsverdi der verdiendringa vert ført som ei justering av kraftsalsinntekter. Statnett utsteder opphavsgarantier, ein opphavsgaranti for kvar produsert MWh. Opphavsgarantier vert inntektsført ved utsteding og er klassifisert som kraftsalsinntekter. Garantiane vert balanseført som varelager.

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Elektromateriell	20 779	19 336
-Avsetting for ukurans	698	749
Bokført verdi ferdigvarer	20 080	18 587
Elsertifikat/Opphavsgarantiar	0	20 518
<b>Sum varer</b>	<b>20 080</b>	<b>39 105</b>

## NOTE 24

### Fordringar

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Kundefordringar	688 002	498 574
Forskottsbetalte varer og tenester	43 290	30 896
Andre fordringar	101 378	44 830
<b>Sum</b>	<b>832 669</b>	<b>574 300</b>

## NOTE 25

### Bankinnskot, kontantar og liknande

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Bankinnskot	840 784	265 174
Skattetrekkskonti	11 066	9 564
Bundne middel	7 623	7 494
Bundne middel, pensjonsinnskot	1 266	1 424
<b>Sum</b>	<b>860 739</b>	<b>283 657</b>

Andre bundne middel er til fordel for NordPool Spot, NASDAQ OMX Commodities og Statnett. SFE har konsernkontoordning med ein kassekredit på 200 mill. kroner som er unytta pr. 31.12.2022

## NOTE 26

### Aksjekapital og aksjonærinformasjon med meir

<b>Aksjonærar 31.12.2022</b>	<b>A-aksjar</b>	<b>B-aksjar</b>	<b>Sum aksjar</b>	<b>Sum pålydande</b>	<b>Eigarandel</b>
Sogn og Fjordane Holding AS	2 556 604	1 278 300	3 834 904	383 490 400	49,51%
Eviny AS	1 900 275	950 138	2 850 413	285 041 300	36,8%
Kinn kommune	239 537	119 769	359 306	35 930 600	4,64%
Gloppen kommune	178 385	89 192	267 577	26 757 700	3,45%
Bremanger Eigedom AS	127 495	63 748	191 243	19 124 300	2,47%
Askvoll kommune	76 314	38 157	114 471	11 447 100	1,48%
Stad kommune	81 347	40 676	122 023	12 202 300	1,58%
Sunnfjord kommune	3 974	1 988	5 962	596 200	0,08%
<b>Sum</b>	<b>5 163 931</b>	<b>2 581 968</b>	<b>7 745 899</b>	<b>774 589 900</b>	<b>100 %</b>

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Elles er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

<b>Resultat pr aksje</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Årsresultat	204 862	-64 644
Herav minoritet	22 493	10 428
Herav SFE	182 369	-75 071

	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Tal aksjar	7 745 899	7 745 899
Resultat i kroner for den del som gjeld selskapet sine aksjonærer (A og B aksjar)	26,45	-8,35
Herav SFE	23,54	-9,69

	<b>Beløp pr aksje (kr)</b>	<b>Sum utbytte</b>
Utbetalt utbytte for 2021	0	0

## NOTE 27

### Avsetting for forpliktingar

#### VESENTLEGE REKNESKAPS PRINSIPP

**Avsettingar, betinga egedelar og betinga forpliktingar** Det vert berre rekna inn ei avsetting når det er ei eksisterande plikt som er resultat av ei tidlegare hending og det er meir enn 50 % sannsyn for at ei forplikting har oppstått, samt at avsettinga kan målast påliteleg. Avsettingar vert rekna med eit beløp som er uttrykk for beste estimat av dei utgiftene som krevst for å gjere opp den eksisterande forpliktinga på balansedagen. Dersom sannsynet er mindre enn 50 % vert det opplyst om forholda i note 30 dersom dette er vurdert som vesentleg.

**Vesentlege tapskontrakter** Forpliktingar som følge av vesentlege tapskontrakter vert inrekna og målt som avsettingar. Ei vesentleg tapskontrakt oppstår når konsernet har inngått ei uoppseieleg kontrakt og kontantstraumane for å oppfylle betingelsene under kontrakta overstig dei forventa inntektene som kan relaterast til den same kontrakta.

**Konsesjonskraft** Det vert årleg levert konsesjonskraft til kommunar til myndighetsbestemte prisar fastsett av Stortinget. Levering av konsesjonskraft vert inntektsført løpende i henhold til fastsett konsesjonskraftpris. For enkelte konsesjonskraftavtaler er det inngått avtaler om finansielt oppgjør, der SFE dekkjer skilnaden mellom spot- og konsesjonsprisen. Konsesjonskontrakter er ikkje inrekna i rekneskapen. Kapitalisert verdi av framtidig konsesjonsforpliktingar er estimert og vist i note 31.

**Fjerningsforpliktingar** Fjerningsforpliktingar oppstår normalt når SFE har rettar til tidsbegrensa konsesjonar.

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Vesentlege tapskontrakter 1)	44 688	45 320
Finansielle forpliktingar 1)	136 541	137 765
Utsett inntekt anleggstilskot frå kundar	362 314	309 078
Andre avsettingar 2)	248 976	72 379
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>792 519</b>	<b>564 542</b>

1. Tapskontrakter knytt til ikkje utbygde fallrettar og fallrettsavtaler med finansielt oppgjer
2. Forplikt knytt til finansielle leigeavtaler, fjerningsforpliktelser og gjeld knytt til forvalting kraftderivat på vegne av eksterne.

#### **Avstemming av bevegarsar gjennom året**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Bokført verdi 01.01	564 542	818 586
Tilgang i løpet av året	227 977	141 121
Avsettingar brukt/reversert i løpet av året	0	-395 165
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>792 519</b>	<b>564 542</b>

## **NOTE 28**

### Renteberande gjeld

#### **Renteberande gjeld, kortsiktig**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Første års avdrag på langsiktig gjeld	627 238	327 238
Kontantsikkerhet	0	0
Andre kortsiktige lån	500 000	0
<b>Sum</b>	<b>1 127 238</b>	<b>327 238</b>

#### **Renteberande gjeld, langsiktig**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Obligasjonslån	2 150 007	2 752 362
Gjeld til kreditinstitusjoner	163 429	190 667
Lån i EUR	316 821	286 626
Andre lån	307 269	307 269
<b>Sum</b>	<b>2 937 526</b>	<b>3 536 924</b>
<b>Sum renteberande gjeld</b>	<b>4 064 764</b>	<b>3 864 162</b>

#### **Obligasjonslån**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Obligasjonslån vurdert til amortisert kost	2 750 000	3 050 000
Obligasjonslån vurdert til verkeleg verdi	100 007	102 362
<b>Sum</b>	<b>2 850 007</b>	<b>3 152 362</b>

**Obligasjonslån vurdert til verkeleg verdi**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Amortisert kost	100 000	100 000
Justering til verkeleg verdi *)	7	2 362
<b>Sum</b>	<b>100 007</b>	<b>102 362</b>

*) Av dette endring i eigen kreditrisiko	0	0
--	---	---

**Kontantstraumar frå renteberande gjeld**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Total renteberande gjeld 01.01	3 864 162	3 396 473
Oppnak av ny gjeld (innbetaling)	500 000	682 000
Nedbetaling av gjeld (utbetaling)	-327 238	-177 238
Verdiendring swap, verdiskaping	-2 355	-3 743
Verdiendring lån i EUR	30 195	-33 330
<b>Total renteberande gjeld 31.12</b>	<b>4 064 764</b>	<b>3 864 162</b>

Andre lån, langsiktig gjeld utgjer 307,3 mill. kr. og er eigarlån frå Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS til SFE sitt datterselskap Svelgen Kraft Holding AS. Det skal ikkje betalast avdrag på låna frå Tafjord Kraftproduksjon AS og Sognekraft AS og renter på låna blir berre betalt dersom likviditeten i Svelgen Kraft Holding AS er tilfredsstillande.

**NOTE 29****Anna kortsiktig gjeld**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Kortsiktig del av langsiktig gjeld	1 127 238	327 238
<b>Sum</b>	<b>1 127 238</b>	<b>327 238</b>

**Anna rentefri gjeld**

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Skuldig offentlege avgifter med meir	199 340	81 077
Leverandørgjeld	329 546	234 525
Opprente feriepengar	21 741	22 257
Påløpne renter	48 377	47 542
Anna kortsiktig gjeld 1)	595 390	366 577
<b>Sum</b>	<b>1 194 394</b>	<b>751 978</b>

1)Med anna gjeld knytt til forvalting kraftderivat på vegne av eksterne.

**NOTE 30****Betinga utfall, tvistesaker m.m.****Meir- mindreinntekt**

I nettverksemda kan det oppstå skilnader mellom inntektsramma bestemt av NVE og kva som faktisk vert utfakturert i nettleige. Dersom fakturert beløp er lågare enn inntektsramma, oppstår det mindreinntekt, og dersom fakturert beløp er høgare, oppstår det meirinntekt. Meir-/mindreinntekt vert utlikna over tid i tråd med at faktisk fakturering vert justert. Inntektsføringa i rekneskapen er basert på faktisk fakturering. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert rekneskapsført i framtidige periodar.

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Mindreinntekt overført til seinare år	34 300	7 555
Meirinntekt overført til seinare år	-24 956	-51 140
<b>Netto meir (-)/mindreinntekt(+)</b>	<b>9 344</b>	<b>-43 585</b>

### Tvistesaker

Konsernet er til tider involvert i tvistesaker av ulik karakter. Det vil vere usikkerheit knytt til tvistesakene, men basert på tilgjengeleg informasjon er konsernet av den oppfatning at sakene vil bli løyst uten vesentleg negativ påverknad, verken individuelt eller samla på konsernet sitt resultat eller likviditet. I tvistesaker der konsernet vurderer at det er meir enn 50 % sannsyn for at det vil oppstå ei økonomisk forpliktning, har konsernet føreteke avsetting basert på leiinga sitt beste estimat.

### Endring av likning

Skatteetaten har fatta vedtak i endringssak for SFE Produksjon knytt til grunnrenteskatt for 2013-2019. Det er betalt inn 36,6 MNOK i grunnrenteskatt og 10,1 MNOK i eigedomsskatt som konsekvens av dette vedtaket. Beløpa er rekneshapsmessig kostnadsført. SFE Produksjon har klaga vedtaket inn for Skatteklagenemnda. Det er ikkje tidfesta når saka kjem opp der.

## NOTE 31

### Pantsetjingar, garantiansvar og forpliktingar

#### PANTSETJINGAR

SFE har overfor Danske Bank og Nordiske Investeringsbanken og i samband med opptak av obligasjonskjeld gjeve negativ pantsettingserklæring. SFE har såleis ikkje egedelar som er pantsett som tryggleik for gjeld.

#### GARANTIANSVAR

Konsernkontoavtale inngått med Danske Bank inkluderer kassakreditt og garantiar ovanfor Nord Pool AS, eSett Oy og Renantis Norway AS i samband med kraftomsetning. Alle konsernselskapa har gjensidig garantert for desse kredittane.

Konsernet har desse garantiane som ikkje er balanseført:

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Morselskapsgaranti på vegne av datterselskap	0	0
Morselskapsgaranti på vegne av tilknytta selskap og felleskontrollerte ordningar	0	0
Øvrige	0	0
<b>Sum garantiar i morselskap</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Garantier utstedt av datterselskap	0	0
Garantier utstedt av tilknytta selskap og felleskontrollerte ordningar	0	0
Øvrige	0	0
<b>Sum i datterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollerte ordningar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum garantiar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### KONTRAKTSFORPLIKTINGAR

SFE-konsernet har følgande vesentlege forpliktingar som ikkje er balanseført:

Konsesjonsavgifter er i all hovedsak relatert til vannkraftverk. Noverdien av forpliktingar knytta til framtidige konsesjonsavgifter, som ikkje er rekneshapsført, er for konsernet berekna til 309 millioner kroner. Det er nytta ei diskonteringsrente på 2,7 % i henhold til forskrift om justering av konsesjonsavgifter, årlige erstatninger og fond med meir. I 2021 var tilsvarande tall 500 millioner kroner med ei diskonteringsrente på 2,7 %.

Kraftkjøpsavtaler (fastpris) med 1 års horisont. Kjøpsforpliktinga er 22,7 millioner kroner.

## KONSESJONSKRAFTKONTRAKTER

Konserten reknar inn konsesjonskraft som normalt kjøp og sal i henhold til fastsett konsesjonskraftpris ved levering, uavhengig av om oppgjaret skjer ved fysisk levering eller finansielt oppgjør. Normalt er konsesjonskraftkontrakter evigvarande. Partene kan imidlertid avtale finansielt oppgjør for ein periode.

Ved utgangen av 2022 utgjorde konsesjonskraftkontrakter med finansielt oppgjør et årleg volum i størrelsesorden 155,2 GWh og gjennomsnittspris frå OED var 11,77 øre per kWh. Estimert verkeleg verdi (netto) per 31. desember 2022 for gjenværande kontrakter med finansielt oppgjør er 1.137 millioner kroner.

## NOTE 32

### Leigeavtaler

#### GENERELL INFORMASJON

SFE sine leigeavtaler omfattar i hovudsak følgande type eigedelar: Avtalane som i hovudsak vil påverke rekneskapsføringa av leigeavtaler og bruksretteigedelar etter den nye standarden er avtalar om leige av køyretøy, kontorlokale og samband.

#### VESENTLEGE REKNESKAPSPrINSIPP

Det er IFRS 16 som omhandlar leigeavtaler. På tiltredelsesdato for ei leigeavtale innrekna SFE som legetaker forpliktinga til noverdien av framtidige leigebetalingar og ein tilsvarende egedel som gjenspeglar retten til å nytte den underliggende egedelen i leigeperioden (bruksretteigedelen). Standarden omfattar ei rekke frivillige unntak ved førstegangsinnrekning. Legetaker må vise rentekostnader på leigeavtala og avskrivingskostnad på bruksretteigedelen separat i resultatrekneskapet.

Vurdering av om ei avtale er eller inneholder ei leigeavtale etter IFRS 16:

Definisjonen av ei leigeavtale knyttar seg i hovudsak til begrepet kontroll. IFRS 16 set fast om ei kontrakt inneholder ei leigeavtale på bakgrunn av om ein kunde har rett til å kontrollere bruken av ein identifisert egedel i ein periode mot vederlag. Leigeavtala vert målt til noverdien av gjenståande leigebetalingar neddiskontert ved bruk av marginal lånerente. Bruksretteigedelen vert målt individuelt til ein verdi tilsvarende leigeavtala justert for eventuelle forskotsbetalingar og/eller utsette leigebetalingar. Avskriving av bruksretteigedelar og rentekostnader på leigeavtala vert innrekna i resultatrekneskapet.

Operasjonelle leigeavtaler vert som hovedregel resultatført lineært over leigeperioden. Ved leige av produksjonsanlegg der bruk er nært relatert til produksjonen vert leiegutgiftene målt etter forbruk og presentert som energikjøp. Sjå note 22 Øvrige finansielle anleggsmiddel for ytterligere informasjon

#### ESTIMAT OG FØRESETNADER

##### Måling

SFE har vurdert om opsjoner til å fornye ei leigeavtale, ikkje terminere ei leigeavtale eller å kjøpe den underliggende egedelen med rimeleg sikkerhet vil bli utøvd. Alle relevante forhold som kan gje SFE økonomiske insentiv til å utøve opsjonar, herunder kontrakts-, egedels-, selskaps-, eller markedsbaserte forhold er blitt vurdert. Ved implementeringa vil avtalar om leige av kontorbygg og som inneholder opsjonar i hovudsak bli rekneskapsført uten beløp frå opsjonsperioder.

Opsjoner om forlengelse av avtaler om leie av lokaler og produksjonsanlegg som er spesifikt innrettet og tilpasset SFE sin virksomhet vil bli inkludert i beregnet balanseførte beløp.

Ei leigeavtale vil bli revurdert under gitte hendingar og omstende som ved endring i leigebetingelsar, endringar i framtidige leigebetalingar som følge av endringar av ein indeks eller rente som inngår i fastsettjing av betalt beløp. Generelt vil endringa som følge av remåling av forpliktinga bli justert mot bruksretteigedelen med eit tilsvarende beløp. Bruksretteigedelar og leigeavtala vil ikkje bli vist på eigne linjer i balanseoppstillinga, men beløpa og kva balanselinje beløpa inngår i, er vist i denne noten.

#### ESTIMAT OG FØRESETNADER

Marginale lånerenter er berekna som ein sum av valutaavhengige marknadsrenter og selskapsspesifikke kreditmarginar for kvart relevante år for kvar enkelt egedel. Dei marginale lånerentene som er nytta ved neddiskontering av framtidige forpliktingar er gjennomsnitt av slike årlege lånerenter, basert på kontraktslengda for kvar enkelt leigeavtale.

Sum framtidig minsteleige i henhold til uoppseielege leigeavtaler for kvar av dei følgande periodane er:

Beløp i tusen kroner	Inntil 1 år etter periodens slutt	Mellan 1 og 5 år etter periodens slutt	Meir enn 5 år etter periodens slutt	Sum
Husleigeavtaler/Leige av eigedom	1 454	4 516	14 276	20 246
Køyretøy	687	38	0	725
Øvrige leigeavtaler	126	696	1 188	2 010
<b>Sum</b>	<b>2 268</b>	<b>5 250</b>	<b>15 464</b>	<b>22 981</b>

Leigebeløp knytta til leigeavtaler rekneskapsført i perioden og spesifisert på følgande måte:

Beløp i tusen kroner	Kostnader minste-leige	Kostnader variabel leige	Inntekter leige og framleige
Husleigeavtaler/Leige av eigedom	1 446	8	0
Køyretøy	443	244	0
Øvrige leieavtaler	126	0	0
<b>Sum</b>	<b>2 015</b>	<b>252</b>	<b>0</b>

Majoriteten av SFE sine leigekostnader og framtidige leigeforpliktingar er tilknyttta leige av køyretøy og kontorlokale.

<b>Konsernbalanse</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>Varige driftsmidde</b>		
Herav bruksretteigedalar	22 592	24 757
<b>Andre forpliktingar</b>		
Herav leigeforpliktingar	19 551	25 552

## NOTE 33

### Honorar til ekstern revisor

Ernst & Young AS vart på generalforsamlinga i juni 2020 valt som revisor for SFE-konsernet og reviderer alle revisjonspliktige datterselskap.

Totale honorar (eksklusiv merverdiavgift) for revisjon og øvrige tenester utgjer følgande:

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Revisjonshonorar, valt revisor	923	780
Revisjonshonorar, andre revisorer	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	255	46
Andre tenester utanfor revisjon	119	7
Tenester frå samarbeidande selskap	309	190
<b>Sum</b>	<b>1 606</b>	<b>1 023</b>

## NOTE 34

### Ytingar til leiande tilsette og styret

SFE er organisert i resultateiningar og støtteeiningar. Leiarane for desse rapporterer til konsernleiinga som består av konserndirektørar og konsernsjef.

#### Løn og andre ytingar til leiande tilsette

##### 2022

Beløp i heile kroner		Løn	Pensjons-utgifter	Anna godgjering	Sum
Johannes Rauboti	Konsernsjef	2 534 898	488 266	178 529	3 201 693
Asgeir Aase	Konserndirektør Linja, tom 31.07.22	1 632 479	512 563	117 427	2 262 469
Atle Isaksen	Konserndirektør Linja, fom 01.08.22	516 667	63 374	78 894	658 935
Martin Holvik	Konserndirektør Økonomi og finans	1 403 364	177 026	157 979	1 738 369
Ola Lingaas	Konserndirektør Produksjon	1 618 247	583 252	164 752	2 366 251
Bjarte Lofnes Hauge	Konserndirektør IKT og digitalisering	1 121 678	124 928	163 206	1 409 812
Ole Bent Søreide	Konserndirektør HR og organisasjon	1 302 575	360 185	170 687	1 833 447
Jannicke Lindvik	Konserndirektør Kommunikasjon	1 257 501	102 258	163 588	1 523 347
<b>Sum</b>		<b>11 387 409</b>	<b>2 411 852</b>	<b>1 195 062</b>	<b>14 994 323</b>

##### 2021

Beløp i heile kroner		Løn	Pensjons-utgifter	Anna godgjering	Sum
Johannes Rauboti	Konsernsjef	2 505 454	454 015	154 992	3 114 461
Erling Sande	Konserndirektør Strategi og utvikling	952 506	106 142	89 526	1 148 174
Asgeir Aase	Konserndirektør Linja	1 695 897	498 625	128 382	2 322 904
Martin Holvik	Konserndirektør Økonomi og finans	1 360 981	150 788	142 237	1 654 006
Ola Lingaas	Konserndirektør Produksjon	1 570 220	585 081	147 171	2 302 472
Bjarte Lofnes Hauge	Konserndirektør IKT og digitalisering	389 941	41 219	45 102	476 262
Ole Bent Søreide	Konserndirektør HR og organisasjon	1 267 240	470 456	148 032	1 885 728
Jannicke Lindvik	Konserndirektør Kommunikasjon	1 170 047	132 333	148 032	1 450 412
<b>Sum</b>		<b>10 912 286</b>	<b>2 438 659</b>	<b>1 003 474</b>	<b>14 354 419</b>

Konsernleiinga har ikkje motteke godtgjeringar eller økonomiske fordelar fra andre føretak i konsernet enn det som er vist over. Det er ikkje gjeve tilleggsgodtgjering for spesielle tenester utanfor dei normale funksjonene for ein leiar. Årets rekneskapsførte pensjonskostnad reflekterer perioden den tilsette har vore i konsernleiinga.

**Godtgjersle til styret og revisjonsutval, samt deltaking på styremøter**

<b>2022</b> Beløp i heile kroner	<b>Styre - godtgjersle</b>	<b>Revisjons- utval</b>	<b>Sum</b>	<b>Deltaking på styremøte</b>
Sigurd Reksnes	188 004	0	188 004	8
Jannicke Hilland (01.01-30.06)	51 000	0	51 000	4
Silje Skaar Sunde (01.07-31.12)	53 000	0	53 000	4
Arvid Andenæs	90 348	30 648	120 996	8
Jan Helge Dale	90 348	0	90 348	8
Olin Johanne Henden	90 348	30 648	120 996	8
Henrik Oppen	90 348	0	90 348	8
Kjell Asle Bakkebø	90 348	30 648	120 996	8
Kevin Skinlo-Denton	90 348	0	90 348	8
Erling Austrheim	90 348	0	90 348	8
<b>Sum</b>	<b>924 440</b>	<b>91 944</b>	<b>1 016 384</b>	

<b>2021</b> Beløp i heile kroner	<b>Styre- godtgjersle</b>	<b>Revisjons- utval</b>	<b>Sum</b>	<b>Deltaking på styremøte</b>
Per Atle Kjøllesdal (01.01-21.06)	90 498	0	90 498	3
Sigurd Reksnes (22.06-31.12)	92 502	0	92 502	3
Jannicke Hilland	101 000	0	101 000	6
Arvid Andenæs	87 948	29 796	117 744	6
Arvid Lillehauge (01.01-21.06)	43 548	0	43 548	3
Jan Helge Dale	87 948	0	87 948	6
Olin Johanne Henden	87 948	29 796	117 744	6
Henrik Oppen (22.06-31.12)	44 400	0	44 400	3
Kjell Asle Bakkebø	87 948	29 796	117 744	6
Kevin Skinlo-Denton	87 948	0	87 948	6
Erling Austrheim	87 948	0	87 948	6
<b>Sum</b>	<b>899 636</b>	<b>89 388</b>	<b>989 024</b>	

Styret har ikke avtale om anna vederlag enn styrehonorar og vederlag for deltaking i utvalgsarbeid, og det er heller ikke gjeve lån eller stilt sikkerhet til fordel for medlemmar av styret.

Styregodtgjersla Jannicke Hilland og Silje Skaar Sunde har hatt rett til, er utbetalt deira arbeidsgjevar. Overfor styret føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Konsernsjefen er tilsett på fastløn og har fri bil. Konsernsjefen har rett til eingongsutbetaling av etterløn tilsvarende løn og tilleggsytingar i 12 månadar ved fråtrede.

Dei øvrige leiande tilsette har bilordning vurdert etter tenesteleg behov. For Rauboti, Lingaas, Holvik og Søreide er det avtalt innbetaling av eit årleg innskot på 12% utover 12G til eigen innskotspensjon. Ingen av dei leiande tilsette, unntake konsersjef, har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Arbeidsgjevar kan be om at leiande tilsette tek tidleg pensjon frå 64 år.

## NOTE 35

### Nærståande partar

Alle datterselskap som er opplista i note 4 er nærstående partar av SFE. Mellomverande og transaksjoner mellom konsoliderte selskap vert eliminerte i SFEsitt konsernrekneskap og vert ikkje vist i denne noten.

Personar som vert vist i note 33 er ein del av konsernet si leiing eller styre og er også nærstående partar av SFE.

Tabellen under viser transaksjonar og mellomværande med nærstående partar klassifisert som tilknytta selskap eller felleskontrollert verksemd og som ikkje er eliminert i konsernrekneskapen.

Beløp i tusen kroner	2022	2021
Inntekter	2 110 781	690 648
Kostnader	28 271	65 581
Fordringar ved periodens slutt	662 635	334 424
Varige driftsmiddel ved periodens slutt	375 626	351 550

Beløp i tusen kroner	Nærstående part	2022	2021
----------------------	-----------------	------	------

#### I brutto driftsinntekter inngår:

Sal tenester	Eigar	2 187	4 667
Sal tenester	Tilknytta selskap	20 021	26 144
Sal av kraft	Tilknytta selskap	2 056 567	638 138
Sal tenester	Felleskontrollert verksemd	937	1 177
Sal av kraft	Felleskontrollert verksemd	13 179	6 252

#### I driftskostnader inngår:

Sal tenester	Eigar	184	1 057
Kjøp av kraft	Tilknytta selskap	20 955	57 204
Sal tenester	Felleskontrollert verksemd	7 132	7 320

#### I finansinntekter og kostnader inngår:

Finansinntekt finansiell leigeavtale	Tilknytta selskap	17 891	14 271
--------------------------------------	-------------------	--------	--------

#### I varige driftsmiddel inngår:

Kjøp varige driftsmiddel	Felleskontrollert verksemd	7 113	98 496
--------------------------	----------------------------	-------	--------

## NOTE 36

### Konsoliderte selskap

Navn	Forretningskontor	Morselskap	Eigar og stemmeandel
Sogn og Fjordane Energi AS	Sandane		
Linja AS	Florø	Sogn og Fjordane Energi AS	100%
SFE Produksjon AS	Sandane	Sogn og Fjordane Energi AS	100%
Firdakraft AS	Sandane	SFE Produksjon AS	100%
Bremangerlandet Vindpark AS	Sandane	SFE Produksjon AS	100%
Lutelandet Energipark AS	Sandane	SFE Produksjon AS	100%
Jølstra Kraft DA	Førde	SFE Produksjon AS	50%
Svelgen Kraft Holding AS	Sandane	SFE Produksjon AS	56%
Svelgen Kraft AS	Sandane	Svelgen Kraft Holding AS	100%



# **SOGN OG FJORDANE ENERGI AS**

## Resultatrekneskap

### 2022

# RESULTATREKNESKAP 2022

## SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Driftsinntekter:	Note	2022	2021
Salsinntekter	2	61 139 142	66 516 805
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>61 139 142</b>	<b>66 516 805</b>

Driftskostnader:			
Lønskostnad	3	39 980 561	43 386 473
Avskrivning av driftsmiddel og immaterielle egedeler	8	5 055 061	5 823 520
Eigedomsskatt/avgifter	5	114 704	117 949
Annen driftskostnad	3, 4	29 396 917	26 870 751
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>74 547 243</b>	<b>76 198 694</b>

<b>Driftsresultat</b>	<b>-13 408 101</b>	<b>-9 681 889</b>
-----------------------	--------------------	-------------------

<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i datterselskap	9	249 211 934	-111 003 427
Inntekt på investering i tilknyttet selskap	9	1 748 766	7 880 353
Renteinntekt fra foretak i samme konsern	6	113 393 565	80 324 715
Annen renteinntekt	6	28 427 510	8 468 302
Annen finansinntekt	6	90 499 446	235 212
Rentekostnad til foretak i samme konsern	6	8 179 641	1 880 906
Annen rentekostnad	6	119 501 913	85 792 603
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>355 599 667</b>	<b>-101 768 354</b>

<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>342 191 566</b>	<b>-111 450 243</b>
Skattekostnad på resultat	7	564 506
<b>Resultat</b>	<b>341 627 060</b>	<b>-109 593 479</b>

<b>Årsresultat</b>	<b>341 627 060</b>	<b>-109 593 479</b>
--------------------	--------------------	---------------------

<b>Overføringer</b>			
Avsatt til utbytte	17	124 941 351	0
Overført fond for vurderingsforskjeller	17	-27 732 254	-99 162 452
Overført annen egenkapital	17	244 417 963	-10 431 027
<b>Sum overføringer</b>		<b>341 627 060</b>	<b>-109 593 479</b>

# BALANSE 31.12.2022

## SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

EIGEDELAR	NOTE	2022	2021
<b>Anleggsmiddel</b>			
Immaterielle egedelar		0	0
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	8	48 248 327	49 272 140
Diverse anleggsaktiva	8	9 963 417	10 958 379
Prosjekt under arbeid	8	1 158 375	0
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>59 370 119</b>	<b>60 230 520</b>
<b>Finansielle driftsmiddel</b>			
Investeringer i datterselskap	9	2 130 881 865	2 104 998 377
Lån til foretak i samme konsern	11	2 256 123 000	3 556 123 000
Investeringer i tilknyttet selskap	9	221 670 525	218 156 539
Investering i felleskontrollert virksomhet		2 013 793	1 679 013
Investeringer i aksjer og andeler	9	14 036 101	9 468 493
Obligasjoner og andre fordringar	10	1 800 001	4 333 333
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>4 626 525 285</b>	<b>5 894 758 755</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>4 685 895 404</b>	<b>5 954 989 274</b>
 Omløpsmiddel			
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	11	1 176 098	2 634 957
Andre kortsiktige fordringar	11	1 851 564 334	262 152 704
<b>Sum fordringar</b>		<b>1 852 740 431</b>	<b>264 787 661</b>
 <b>Investeringer</b>			
Bankinnskot, kontanter o.l.	13	596 167 227	73 616 179
<b>Sum omlopmiddel</b>		<b>2 448 907 658</b>	<b>338 403 840</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>7 134 803 062</b>	<b>6 293 393 114</b>

<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>NOTE</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	14, 15	774 589 900	774 589 900
Overkurs	14	240 101 548	240 101 548
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>1 014 691 448</b>	<b>1 014 691 448</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Fond for vurderingsforskjeller	14	523 173 529	495 441 275
Annен egenkapital	14	1 131 892 879	970 283 761
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>1 655 066 408</b>	<b>1 465 725 036</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>2 669 757 856</b>	<b>2 480 416 484</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetting for forpliktelser</b>			
Pensjonsforpliktelser	16	10 155 142	16 030 420
Utsatt skatt		1 720 313	355 129
<b>Sum avsetting for forpliktelser</b>		<b>11 875 455</b>	<b>16 385 549</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Obligasjonslån	17, 18	3 241 737 667	3 568 975 762
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>3 241 737 667</b>	<b>3 568 975 762</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Sertifikatlån/gjeld til kreditinstitusjoner		500 000 000	0
Leverandørgjeld	11	7 943 720	4 433 676
Betalbar skatt	7	54 199 322	0
Skyldig offentlige avgifter		1 884 759	3 581 124
Utbytte		124 941 351	0
Annен kortsiktig gjeld	11	522 462 932	219 600 519
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 211 432 084</b>	<b>227 615 320</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 465 045 206</b>	<b>3 812 976 630</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>7 134 803 062</b>	<b>6 293 393 114</b>

Sandane 26.04.2023

Sigurd Erlend Reksnes  
-styreleiar-Silje Skaar Sunde  
-nestleiar-Henrik Oppen  
-styremedlem-Olin Johanne Henden  
-styremedlem-Arvid Andenæs  
-styremedlem-Jan Helge Dale  
-styremedlem-Kevin Denton  
-styremedlem-Mons Solheim  
-styremedlem-Ragnhild Gundersen  
-styremedlem-Johannes Rauboti  
-konsernsjef-

# KONTANTSTRAUMANALYSE

## SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Beløp i 1000 kr

**2022****2021****KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:**

Ordinært resultat før skattekostnad	342 192	-111 450
Betalte skattar i perioden	1 021	-1 020
Avskrivingar	0	5 824
Kostnad(+)/Inntekt(-) frå invest i datterselskap utan kontanteff	-249 212	111 003
Kostnad(+)/Inntekt(-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteff	-1 749	-7 881
Gevinst ved sal av aksjar	0	-96
Gevinst/tap ved sal av varige driftsmiddel	176	-20
Endring i kundefordringar	1 459	-1 964
Endring i leverandørgjeld	3 510	57
Endring i pensjonsforpliktingar	-4 891	-2 556
Endring i andre tidsavgrensingspostar	169 219	-312 564
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>261 724</b>	<b>-320 668</b>

**KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:**

Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-4 840	-1 516
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar	-2 100	-7 264
Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar	0	955
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	470	97

<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-6 470</b>	<b>-7 728</b>
--	---------------	---------------

**KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:**

Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	500 000	550 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-327 238	-177 238
Utbetaling ved utlån	-1 700	-354 233
Mottak av konsernbidrag	6 000	65 000
Utbetalt konsernbidrag	0	-55 500
Mottatt utbytte	90 235	0
Utbetaling av utbytte	0	-75 058
Innbetalting av tilleggsutbytte	0	7 900

<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>267 297</b>	<b>-39 129</b>
---	----------------	----------------

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	522 551	-367 525
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	73 616	441 141
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	596 167	73 616

# NOTAR SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

## INNHOLD

KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA

<b>NOTE 1</b>	Rekneskapsprinsipp	87
<b>NOTE 2</b>	Salsinntekter	88
<b>NOTE 3</b>	Lønskostnader, tall tilsette, godtgjeringar med meir	88
<b>NOTE 4</b>	Andre driftskostnader	90
<b>NOTE 5</b>	Eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler	90
<b>NOTE 6</b>	Finanskostnader og –inntekter	90
<b>NOTE 7</b>	Skattar	91
<b>NOTE 8</b>	Varige driftsmiddel	92
<b>NOTE 9</b>	Investeringar i aksjar, datterselskap og tilknytta selskap	92
<b>NOTE 10</b>	Utlån/Langsigktige fordringar	93
<b>NOTE 11</b>	Mellomverande mellom selskap i same konsern og transaksjonar mellom nærståande partar	94
<b>NOTE 12</b>	Finansiell marknadsrisiko	94
<b>NOTE 13</b>	Bank	95
<b>NOTE 14</b>	Eigenkapital	95
<b>NOTE 15</b>	Aksjekapital og aksjonærinformasjon	95
<b>NOTE 16</b>	Pensjonskostnader og – forpliktingar	96
<b>NOTE 17</b>	Renteberande gjeld og avsettingar	98
<b>NOTE 18</b>	Pansettingar og garantiar	99
<b>NOTE 19</b>	Informasjon om datterselskap	99

# NOTAR

## SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

### NOTE 1

#### Rekneskapsprinsipp

Sogn og Fjordane Energi AS er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk i Noreg.

#### **GRUNNLEGGANDE FORHOLD**

Årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse og noteopplysninger.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i datterselskapa eliminert mot eigen-kapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindreverdiar av aksjane i datterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapet er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike eideleane i datterselskapa og vert avskrive planmessig.

#### **PRINSIPP FOR INNTEKTS- OG KOSTNADSFØRING**

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påløper. Det er ikkje kostnadsført avsettingar til periodisk vedlikehald.

#### **HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV BALANSEPOSTAR**

Eideleiarar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eideleiarar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje forventast å vere forbigåande. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmiddel er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

#### **VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVINGER**

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskriving vert som hovudregel starta året etter investeringsåret. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan mindre investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Vedlikehalds-utgifter vert kostnadsførte når utgifa vert betalt.

#### **FORDRINGER**

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetting til forventa tap. Avsetting til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av den enkelte fordring. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ei uspesifisert avsetting for å dekke forventa tap.

#### **AKSJAR I DATTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP**

Investeringar i datterselskap og tilknyttu selskap er vurdert etter eigenkapitalmetoden.

#### **PENSJONAR**

Selskapet har både ytelsespensjon og innskotspensjon.

#### **YTELSESPENSJON:**

Sogn og Fjordane Energi AS rekneskapsfører pensjon i samsvar med IAS 19 slik NRS 6 gir hove til. Årlege estimatavvik vert balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen saman med aktuarielle gevinstar og tap i perioden. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa sluttlon som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

**INNSKOTSPENSJON:**

I ei innskotsordning betaler selskapet årleg det selskapet har forplikta seg til ved avtale. Selskapet har ikkje ytterlegare forpliktingar utover denne betalinga. Innskotet vert ført som ein lønskostnad når det vert betalt.

**PRINSIPP FOR KONTANTSTRAUMANALYSE**

Kontantstraumanalyse er utarbeida med basis i den indirekte metoden. Dette medfører at ein i analysa tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

**SKATTAR**

Overskotsskatt vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforplikting. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforplikting vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

**NOTE 2****Salsinntekter**

Mor

Beløp i 1000 kr	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Eksterne husleigeinntekter	808	421
Driftsinntekter	4 911	5 884
Salsgevinst	0	20
Sal av tenester konserninternt	55 420	60 192
<b>Sum salsinntekter</b>	<b>61 139</b>	<b>66 517</b>

**NOTE 3****Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar m.m.**

Beløp i 1000 kr	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Løn	26 356	31 167
Arbeidsgjeveravgift	3 795	4 120
Pensjonskostnader	3 713	4 812
Andre ytingar	6 116	3 288
<b>Sum</b>	<b>39 980</b>	<b>43 386</b>

<b>Tal årsverk</b>	<b>4</b>	<b>29,1</b>
<b>Tal menn</b>	<b>1</b>	<b>15,4</b>
<b>Tal kvinner</b>	<b>3</b>	<b>13,7</b>

**Ytingar til leiande tilsette:**

Beløp i 1000 kr	Løn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjering	Sum
Konsernsjef Johannes Rauboti	2 535	488	179	3 202
Konserndirektør Økonomi- og finans Martin Holvik	1 403	177	158	1 738
Konserndirektør HR og organisasjon Ole Bent Søreide	1 303	360	171	1 834
Konserndirektør Kommunikasjon Jannicke Lindvik	1 258	102	164	1 524
Konserndirektør IKT og digitalisering Bjarte Lofnes Hauge	1 122	125	163	1 410

**Ytingar til konsernstyret:**

Beløp i 1000 kr	Styre godtgjersle	Honorar revisjonsutval	Sum
Styreleiar Sigurd Reksnes	188	0	188
Nestleiar Jannicke Hilland (01.01-30.06)	51	0	51
Nestleiar Silje Skaar Sunde (01.07-31.12)	53	0	53
Arvid Andenæs	90	31	121
Jan Helge Dale	90	0	90
Olin Johanne Henden	90	31	121
Henrik Oppen	90	0	90
Kjell Asle Bakkebø	90	31	121
Kevin Denton	90	0	90
Erling Austrheim	90	0	90

Styregodtgjersla Jannicke Hilland og Silje Skaar Sunde har rett til er utbetalta til arbeidsgjevar. Overfor styret føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Konsernsjef er tilsett på fastløn og har fri bil. Konsernsjef har rett til eingongsutbetaling av etterløn tilsvarende løn og tilleggsytingar i 12 månadar ved fråtrede.

Dei øvrige leiande tilsette har bilordning vurdert etter tenestleg behov. For Rauboti, Holvik og Søreide er det avtalt innbetaling av eit årleg innskot på 12% utover 12G til eigen innskotspensjon. Ingen av dei leiande tilsette, unntake konsernsjef, har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Arbeidsgjevar kan be om at leiande tilsette tek tidleg pensjon frå 64 år.

**Kostnader til revisor:**

Beløp i 1000 kr	2022	2021
Revisjonshonorar, valt revisor	411	313
Revisjonshonorar andre revisorer	0	0
Rådgjevingstenester	0	0
Attestasjonstenester	120	0
Andre tenester utanfor revisjonen	119	7
Tenester frå samarbeidande selskap	35	91
<b>Sum</b>	<b>685</b>	<b>411</b>

Beløpa over viser godtgjersle til Ernst & Young AS, og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester. Kostnadane er utan meirverdiavgift.

## NOTE 4

### Andre driftskostnader

Beløp i 1000 kr	2022	2021
Reparasjoner og vedlikehald	10 146	8 542
Forsikringar	214	196
Leigekostnader	1 261	793
Andre driftskostnader	17 776	17 340
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>29 397</b>	<b>26 871</b>

## NOTE 5

### Eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler

Beløp i 1000 kr	2022	2021
Konsesjons- og tilsynsavgifter	0	5
Eigedomsskatt	115	113
<b>Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler</b>	<b>115</b>	<b>118</b>

## NOTE 6

### Finanskostnader og -inntekter

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til obligasjonslån og banklån. For å styre netto rentekostnad nyttar SFE rentederivat som t.d. swap-avtaler. Rentederivat som ikke tilfredsstiller krava til sikringsbokføring, vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, medan for rentederivat som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring, blir løpende resultat av sikringa bokført saman med rentekostnader for det underliggende sikringsobjektet (lånet). Pr. 31.12.2022 har SFE berre rentederivat som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring. Rentederivata har pr.31.12.22 ein netto marknadsverdi på tilnærma null.

## NOTE 7

### Skattar

**7a)** Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt.  
Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1000 kr	2022	2021
<b>Resultat før skattekostnad</b>	<b>286 132</b>	<b>-111 450</b>
Permanente skilnader	-87 626	-110
Inntekt på investering i datterselskap	-193 153	111 003
Inntekt på investering i felleskontrollerte verksemder	-235	192
Inntekt på investering i tilknyttet selskap	-1 514	-8 072
Endring i midlertidige skilnader	-4 386	482
Nedskrivning aksjepostar	0	0
Motteke konsernbidrag	250 000	6 800
Avgjeve konsernbidrag	0	0
<b>Grunnlag betalbar skatt</b>	<b>246 361</b>	<b>-1 154</b>

**7b)** Grunnlag for berekning av utsett skatt og bruk skattesats  
Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

Beløp i 1000 kr	31.12.2	31.12.21
Anleggsmiddel	-1 787	-1 916
Gevinst og tapskonto	-1 502	-1 878
Framførbart underskot	0	254
Pensjonsforplikting	1 910	3 229
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	-341	-45
<b>Sum</b>	<b>-1 720</b>	<b>-355</b>
Ikkje balanseført utsett skatt	0	0
<b>Netto utsett fordel/gjeld (-)</b>	<b>-1 720</b>	<b>-355</b>
<b>Effekt endring skatteprosent</b>	<b>0</b>	
<b>Netto utsett fordel/gjeld (-) i balansen</b>	<b>-1 720</b>	<b>-355</b>

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

**7c)** Spesifikasjon av skattekostnaden

Beløp i 1000 kr	2022	2021
Skatt på alminneleg inntekt	0	0
Årets betabare skatt på alminneleg inntekt	54 199	0
Skatteeffekt konsernbidrag	-55 000	-1 496
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	0	-1
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	1 149	3 595
Effekt endring skatteprosent	0	0
Endring utsett skatt ført direkte mot EK (pensjon)	217	-3 955
<b>Perioden sin skattekostnad på alminneleg inntekt</b>	<b>565</b>	<b>-1 857</b>

**7d) Spesifikasjon av betalbar skatt i balansen**

Beløp i 1000 kr	2022	2021
Betalbar skatt på årets alminneleg inntekt	-801	1 750
Skatteeffekt motteke konsernbidrag	55 000	-1 496
<b>Skuldig betalbar skatt i balansen</b>	<b>54 199</b>	<b>254</b>

**NOTE 8**

## Varige driftsmiddel

Beløp i 1000 kr	Inventar, utstyr, materiell	Adm.bygg	Bustadhus, tomter og hytter	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 31.12.21	53 769	68 000	10 255	0	132 024
Tilgang kjøpte driftsmiddel 2022	3 682	0	0	4 840	8 522
Avgang 2022	646	0	0	3 682	4 328
Akkumulert avskriving 31.12.22	44 894	31 942	13	0	76 849
Balanseført verdi 31.12.22	11 911	36 058	10 243	1 158	59 370
Årets ordinære avskrivinger	3 558	1 494	3	0	5 055
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	15,1 år	50 år			

**NOTE 9**

## Investeringar i aksjar, datterselskap, tilknytta selskap og felleskontrollerte verksemder

Beløp i 1000 kr	Forretnings-kontor	Eigardel/stemmeandel SFE	Anskaff.-kostnad	Balanseført verdi
Fjord Invest AS	Førde	5,7%	7 975	500
Fjord Invest Sørvest AS	Førde	6,1%	4 000	0
Inviro AS	Nordfjordeid	6,5%	200	200
Aksello	Florø	4,1%	100	100
eSmart Systems	Halden	2,95%	8 261	8 261
Andre selskap		<15%	139	129
Eviny Elsikkerhet AS	Bergen	10%	4 846	4 846
<b>Sum andre aksjar</b>			<b>25 521</b>	<b>14 036</b>

**Datterselskap**

Beløp i 1000 kr	SFE Produksjon AS	Linja AS	Sum datter-selskap
Forretningskontor	Sandane	Florø	
Eigarandel 01.01	100%	100%	
Eigarandel 31.12	100%	100%	
Stemmeandel	100%	100%	
<b>Balanse 01.01.2022</b>	<b>1 308 582</b>	<b>796 417</b>	<b>2 104 999</b>
Konsernbidrag	-195 000	0	-195 000
Andel årets resultat	275 140	61 146	336 286
Korreksjon tidl. år	0	624	624
Estimatavvik pensjoner	-12 844	-15 484	-28 328
Utbytte	0	-86 450	-86 450
Sal av aksjar	0	0	0
<b>Balanse 31.12.22</b>	<b>1 375 878</b>	<b>755 004</b>	<b>2 130 882</b>

**Tilknytta selskap og felleskontrollerte verksemder**

Beløp i 1000 kr	Eninvest AS	Wattn AS	HyFuel AS	Skipskraft AS	Elbåtlader DA
	Tilknytta selskap	Tilknytta selskap	Tilknytta selskap	Fellskontrollert verksemnd	Fellskontrollert verksemnd
Forretningskontor	Førde	Ålesund	Florø	Florø	Florø
Eigarandel 01.01	38,75%	26,52%	33,33%	50%	50%
Eigarandel 31.12	38,75%	26,52%	33,33%	50%	50%
Stemmeandel	38,75%	26,52%	33,33%	50%	50%
<b>Balanse 01.01.2022</b>	<b>63 815</b>	<b>154 520</b>	<b>-179</b>	<b>978</b>	<b>701</b>
Kjøp av aksjar/andelar	0	0	2 000	0	100
Sal aksjar/andelar	0	0	0	0	0
Endring eigenkapital	0	0	0	0	0
Andel årets resultat	9 054	-7 540	0	349	-114
<b>Balanse 31.12.2022</b>	<b>72 869</b>	<b>146 980</b>	<b>1 821</b>	<b>1 327</b>	<b>687</b>

**NOTE 10**

## Utlån/Langsiktige fordringar

Beløp i 1000 kr	2022	2021
HyFuel AS	1 800	100
eSmart Systems	0	4 233
<b>Sum utlån/langsiktige fordringar</b>	<b>1 800</b>	<b>4 333</b>

## NOTE 11

Mellomverande mellom selskap i same konsern og transaksjonar mellom nærståande parter

	<b>Kundefordringar</b>		<b>Andre kortsiktige fordringar</b>		<b>Utlån</b>	
Beløp i 1000 kr	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Foretak i same konsern	305	2324	1 844 891	255 524	2 256 123	3 556 123
<b>Sum</b>	<b>305</b>	<b>2 324</b>	<b>1 844 891</b>	<b>255 524</b>	<b>2 256 123</b>	<b>3 556 123</b>

	<b>Leverandørgjeld</b>		<b>Anna kortsiktig gjeld</b>		<b>Langsiktig gjeld</b>	
Beløp i 1000 kr	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Foretak i same konsern	1 885	69	471 358	168 028	0	0
<b>Sum</b>	<b>1 885</b>	<b>69</b>	<b>471 358</b>	<b>168 028</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Beløp i 1000 kr	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Sal av fellestenester	55 420	60 192
Kjøp av fellestenester	3 459	1 003
<b>Netto renteinntekt</b>	<b>108 093</b>	<b>80 374</b>

Ved utgangen av 2022 er SFE Produksjon AS og Linja AS 100% eigde av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS. SFE Produksjon AS eig 100% av Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS og 56% av Svelgen Kraft Holding AS. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av Svelgen Kraft AS.

Prisinga av tenester er basert på forretningsmessige vilkår og prinsippet om armlengdes avstand.

## NOTE 12

### Finansiell marknadsrisiko

SFE-konsernet har ein vedteken finansstrategi for å handtere risiko knytt til finansmarknaden. For innlåna er det definert reglar for rentedurasjon og spreiling av forfallstidspunkt. Det er etablert rutiner som sørger for at dei vedtekne rammene vert haldne. Ein del av låneporlefølja har lang rentebinding. SFE har pr 31.12.2022 trekkrettavtale (back-stop) på 500 mill. kroner der 200 mill. kroner er trekt og kassekredittavtale på 200 mill. kroner i Danske Bank. SFE er utsett for valutarisiko gjennom etablering av lån i EUR i morselskapet. Denne valutarisikoen blir redusert gjennom at EUR-lånet fullt ut vert nytta som sikringsinstrument ved kontantstrømsikring av konsernet sine inntekter i EUR frå kraftproduksjon.

SFE nyttar rentebytteavtalar for styring av renterisiko. Konsernstyret har vedteke ein finansstrategi for konsernet som set rammer for konsernet si renteeksponering. Rentebindinga (durasjon) for SFE si låneporlefølje skal vere mellom 1 år og 5 år. Ved utgangen av 2022 var durasjonen på 2,34 år. Det er etablert sikringsrelasjoner for alle rentebytteavtalane som tilfredsstiller krava til sikringsbokføring. Urealisert vinst på rentebytteavtalane pr. 31.12.2022 er tilnærma null (påløpne renter ikkje inkludert).

SFE har pr. 31.12.2022 følgjande rentebytteavtalar:

<b>Rentebytteavtalar pr. 31.12.2022</b>	<b>Beløp (mill. kr)</b>	<b>Start</b>	<b>Slutt</b>	<b>SFE mottek</b>	<b>SFE betalar</b>	<b>Rekneskaps-prinsipp</b>
Swap	100	2013	2023	4,95 %	3 mnd Nibor + 145 punkt	Sikringsbokføring

## NOTE 13

### Bank

Posten er samansett slik:

Beløp i 1000 kr	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.21</b>
Bundne middel	1 671	2 808
Øvrige bankkonti	594 496	70 809
<b>Sum</b>	<b>596 167</b>	<b>73 616</b>

Av dette er 0,517 MNOK bundne skattetrekksmiddel.

Konsernet har ein kassekreditt på 200 MNOK og trekkrettavtale på 500 MNOK der 200 MNOK er nytta pr. 31.12.2022.

## NOTE 14

### Eigenkapital

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12.2021 til 31.12.2022

Beløp i 1000 kr	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Fond for vurderingsforskjeller	Sum
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>774 590</b>	<b>240 102</b>	<b>970 284</b>	<b>495 441</b>	<b>2 480 416</b>
Årets endring aksjar døtre/tilknytta selskap	0	0	-27 732	27 732	0
Andre endringar	0	0	0	0	0
Emisjon	0	0	0	0	0
Endring pensjonsforplikting ført mot eigenkapital	0	0	984	0	984
Endring pensjonsforplikting ført mot eigenkapital i døtre	0	0	-28 328	0	-28 328
Årets resultat	0	0	341 627	0	341 627
Utbetalt utbytte	0	0	0	0	0
Føreslege utbytte	0	0	-124 941	0	-124 941
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>774 590</b>	<b>240 102</b>	<b>1 131 893</b>	<b>523 174</b>	<b>2 669 758</b>

## NOTE 15

### Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjonærar 31.12.2022	A-Aksjar	B-Aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigardel
Sogn og Fjordane Holding AS	2 556 604	1 278 300	3 834 904	383 490 400	49,51 %
Eviny AS	1 900 275	950 138	2 850 413	285 041 300	36,80 %
Kinn kommune	239 537	119 769	359 306	35 930 600	4,64 %
Gloppe kommune	178 385	89 192	267 577	26 757 700	3,45 %
Bremanger Eigedom AS	127 495	63 748	191 243	19 124 300	2,47 %
Askvoll kommune	76 314	38 157	114 471	11 447 100	1,48 %
Stad kommune	81 347	40 676	122 023	12 202 300	1,57 %
Sunnfjord kommune	3 974	1 988	5 962	596 200	0,08 %
<b>Totalt</b>	<b>5 163 931</b>	<b>2 581 968</b>	<b>7 745 899</b>	<b>774 589 900</b>	

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan defineraast som offentlege etter industrikonsesjonslova. Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane.

## NOTE 16

### Pensjonskostnader og -forpliktingar

#### KONSERNET SINE PENSJONSORDNINGAR

SFE-konserten har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar. Det er ein offentleg kollektiv pensjonsordning (ytelsesplan) og tenestepensjon med innskotsordning. Personell født i 1963 eller seinare er overført til innskotsordninga med verknad frå 01.januar 2020. Påslagsordninga i ny offentleg tenestepensjon som vart vedtatt av Stortinget i juni 2019 er derfor ikkje innført.

#### Innskotsordning

Innskotsatsane som vert betalt av arbeidsgjever er 6 % av løn opp til 7,1 G og 18 % for løn mellom 7,1 G og 12 G.

#### Ytelsesplan i sikra (fondsbasert) ordning som er lukka

Sogn og Fjordane Energi har ein offentleg, kollektiv ytelsesordning som er lukka. SFE er medlem i Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) si pensjonskasse. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarende offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsyting basert på talet på år med opptening og løsnivået ved pensjonsalder.

Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnehjemspensjon. Alderspensjonen utgjer ved full opptening 66% av pensjonsgrunnlaget for løn opp til 12G. Alle født i 1943 eller seinare vil få pensjonen sin justert for levealder, noko som kan føre til ei pensjonsutbetaling som er mindre enn 66% av pensjonsgrunnlaget. Pensjonen vert regulert i samsvar med regelverket for offentleg pensjon. Ordninga vert finansiert ved at medlemmane betaler 2% av pensjonsgrunnlaget, ved avkasting på middel i pensjonsordninga og ved at resterande pensjonspremie vert dekkja av Sogn og Fjordane Energi.

#### Avtalefesta pensjon og ytelsesplan i usikra (ikkje fondsbaserte) ordningar

Dei usikra ordningane er lukka. Dei usikra ordningane er AFP (avtalefesta pensjon) for tilsette med ytelsespensjon (offentleg ordning) og driftspensjonsordning for enkelte tilsette med løn over 12 G. Desse er samla presentert som usikra ordning.

Det vert ikkje gitt statstilskot til AFP-ordninga som er omfatta av offentleg kollektiv pensjonsordning. Arbeidsgjever er dermed fullt ut ansvarleg for alle forpliktingar etter denne ordninga og desse er føresatt inkludert i usikra forpliktingar.

Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskottsloven kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgjever dekker det resterande. Arbeidsgjever sin del utgjer 2,5% av løn mellom 1 G og 7,1 G for arbeidstakrar frå og med året dei fyller 13 år til og med kalenderåret dei fyller 61 år. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Felllesordningen for avtalefestet pensjon.

#### Aktuarielle berekningar

Pensjonskassa er administrert av Gabler Pension Services AS og aktuarberekingar er utført av aktuar i dette selskapet. Pensjonskostnaden er berekna i samsvar med IAS19. Det har som konsekvens at alle avvik frå estimat vert amortisert straks og ført rett mot eigenkapitalen.

#### Økonomiske føresetnader

Diskonteringsrenta er satt med grunnlag i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). SFE har vurdert at marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) og konkludert med at marknaden er tilstrekkeleg likvid og har foretaksobligasjoner av høg kvalitet. Marknaden kvalifiserer dermed som grunnlag for referanserente i henhold til krava i IAS 19.83-19.86.

Dei økonomiske føresetnadane framkjem av tabell nedanfor. Norsk Regnskapsstiftelse har primo januar 2023 fastsatt veilede føresetnader pr. 31 desember 2022 som har 0,1-0,3 prosentpoeng lågare diskonteringsrente og 0,25 prosentpoeng lågare lønsvekst enn SFE. NRS sine føresetnader ville ikkje medført vesentleg endring av forpliktelsen. Estimat i nasjonalbudsjettet samt frå Noregs Bank og SSB støttar SFE si vurdering.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyser som viser konsekvensane for pensjonskostnader og -forpliktingar av å endre dei viktigaste parameterane. Resultatet er presentert i ein tabell. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2023 medan endring i forpliktning gjeld pr. 31.12.2022.

SFE	Endring diskonteringsrente	Endring løn
Sensitivitetsanalyse – beløp i 1 000 kr	1 %	-1 %
Endring kostnad	-66	82
Endring forplikting	-10 118	12 690

SFE

**Endring G**

<b>Sensitivitetsanalyse - beløp i 1 000 kr</b>	<b>1 %</b>	<b>-1 %</b>
Endring kostnad	71	-66
Endring forpliktning	12 500	-10 218

**Demografiske føresetnader**

SFE vurderer dødelighetstabellen K2013BE som det beste estimat for dødelighet i dei aktuarielle berekningane pr. 31.12.2022. Begrepet K2013BE vert nytta av Finans Norge som omtale av det beste estimatet på dødelighetsgrunnlag basert på Finanstilsynet gjeildande forsikringstekniske berekningsgrunnlag i kollektiv pensjonsforsikring (K2013). Uføretabeller er basert på K63.

**Kurva lønsvekst**

Forventa individuelt karrieretillegg i SFE sine berekningar av pensjonsforpliktning legg til grunn Gabler sin regresjonsmodell. Modellen brukar alder som ein forklaringsvariabel for storleiken på arbeidstakaren sine individuelle karrieretillegg. Ut frå historiske bestandsdata i pensjonskassa, er det laga ei lønskurve som viser at den gjennomsnittlege veksten i individuelt karrieretillegg for tilsette i SFE er fallande med alder. Berekningar viser at kurva lønsvekst gjev lågare pensjonsforpliktning enn ved bruk av lineær lønskurve.

**Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:**

	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Årleg avkasting	3,30%	2,20%
Diskonteringsrente	3,30%	2,20%
Årleg lønsvekst	3,75%	2,75%
Årleg vekst G-beløp	3,50%	2,50%
Regulering av løpende pensjonar	2,75%	1,75%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader	K2013BE, K63	K2013BE, K63
Frivilleg avgang	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0	45 år: 4,5% 45-60 år: 2,0% Etter 60 år: 0,0

**Pensjonskostnader - middel og forpliktingar****Beloep i 1000 kr**

A. Pensjonskostnad	<b>Sikra ordning</b>	<b>Usikra ordning</b>	<b>Samla 2022</b>	<b>Samla 2021</b>
Årets pensjonsopptening	1 140	209	1 349	1 607
Arbeidsgiveravgift av årets opptering	121	22	143	170
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	2 450	268	2 718	1 984
Forventa avkasting på pensjonsmidlane	-2 449	0	-2 449	-1 471
Administrasjonskostnader	700	0	700	851
<b>Total pensjonskostnad</b>	<b>1 963</b>	<b>499</b>	<b>2 462</b>	<b>3 141</b>
B. Balanseført pensjonsforpliktning				
Brutto pensjonsforpliktning ved periodens slutt	74 426	9 861	84 287	125 162
Middel ved periodens slutt	75 397	0	75 397	110 275
<b>Balanseført pensjonsforpliktning inkl. arbeidsgjevaravgift</b>	<b>-971</b>	<b>9 861</b>	<b>8 889</b>	<b>14 887</b>
C. Endring i netto pensjonsforpliktning				
Pensjonsforpliktning i inngående balanse	2 618	12 269	14 887	35 648
Resultatført pensjonskostnad	1 963	499	2 462	3 141
Aktuarielt tap (+), gevinst (-) ført mot eigenkapital	16 720	-442	16 278	-17 349
Innbetalinger inkl. arbeidsgjevaravgift	-7 427	-16	-7 443	-6 407
Utbetalt pensjon over drift ekskl. arb.g.avg	0	-152	-152	-146
Øvrige bevegelser i perioden	-13 444	-2 298	-15 742	0
<b>Balanseført pensjonsforpliktning ved slutten av perioden</b>	<b>-972</b>	<b>9 861</b>	<b>8 889</b>	<b>14 887</b>

**Samla pensjonskostnad og forpliktning i 2022**

Beløp i 1000 kr	Resultatrekneskap 2022	Balanse 31.12.22
Pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	2 462	8 889
Pensjonspremie pensjonsavtale leiente tilsette	122	1 266
Arbeidsgjever sitt tilskot til innskotsbasert ordning	1 108	0
<b>Sum pensjonskostnad/pensjonsforpliktning</b>	<b>3 692</b>	<b>10 155</b>

## NOTE 17

### Renteberende gjeld og avsettingar

Beløp i 1000 kr

Verdipapir- nummer	Børs-ticker	Type	Rente regulering	Forfall år	Rekneskapsført gjeld NOK
N00010671134	SFEN30 PRO	Obligasjonslån	Fast	2023	300 000
N00010759087	SFEN41	Obligasjonslån	Fast	2026	500 000
N00010822984	SFEN46 ESG	Obligasjonslån	Fast	2025	300 000
N00010822992	SFEN47 ESG	Obligasjonslån	Fast	2028	200 000
N00010849979	SFEN49 ESG	Obligasjonslån	Flytande	2024	400 000
N00010849987	SFEN50 ESG	Obligasjonslån	Fast	2027	200 000
N00010894579	SFEN51	Obligasjonslån	Flytande	2023	300 000
N00011013658	SFEN52 ESG	Obligasjonslån	Flytande	2026	250 000
N00011013666	SFEN53 ESG	Obligasjonslån	Fast	2031	300 000
<b>Sum rekneskapsførte obligasjonslån</b>					<b>2 750 000</b>

Lån frå Nordiske Investeringsbanken 2014-29 NOK	190 667
Lån frå Nordiske Investeringsbanken 2019-34 EUR	301 071

<b>Sum lån frå Nordiske Investeringsbanken</b>	<b>491 738</b>
--	----------------

Danske Bank, banklån	2023	300 000
Danske Bank, trekk på trekkrett	2023	200 000
<b>Sum lån frå Danske Bank, kortsiktig lånegjeld</b>		<b>500 000</b>

<b>Sum renteberende lånegjeld</b>	<b>3 741 738</b>
-----------------------------------	------------------

**Langsiktig renteberande gjeld spesifisert på forfallstidspunkt :**

Beløp i 1000 kr	2023	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
Avdrags-/forfallsstruktur:						
Obligasjonslån	600 000	400 000	300 000	750 000	200 000	500 000
Gjeld til kreditinstitusjonar	527 238	41 575	55 912	55 912	55 912	255 189
<b>Sum langсktig gjeld</b>	<b>1 127 238</b>	<b>441 575</b>	<b>355 912</b>	<b>805 912</b>	<b>255 912</b>	<b>755 189</b>

Konsernet har i tillegg etablert trekkrett og kassakreditt på tilsaman 700 MNOK som sikrar ytterlegare lånekapasitet og tryggleik med omsyn til refinansieringar av både kort og langsiktig gjeld. Pr 31.12.2022 er det trekt 200 MNOK på trekkrett slik at unytta kredittrammer pr 31.12.23 er 500 MNOK

Beløp i 1000 kr	<b>Total trekkrettar og kassekredittar</b>	<b>Unytta trekkrettar og kassekreditt 31.12.2022</b>	
		Trekt 31.12.2022	kassekreditt 31.12.2022
<b>Långjevar:</b>			
Danske Bank, trekkrett	500 000	200 000	300 000
Danske Bank, kassekreditt	200 000	0	200 000
<b>Totalt</b>	<b>700 000</b>	<b>200 000</b>	<b>500 000</b>

## NOTE 18

### Pantsetjingar og garantiar

Konsernkontoavtale inngått med Danske Bank inkluderer kassakreditt og trekkrett samt garantiar ovanfor Nord Pool og eSett Oy i samband med kraftomsetting. Alle konsernselskapa har gjensidig garantert for desse kredittane. SFE har ovanfor Danske Bank, Nordiske Investeringsbanken, og i samband med opptak av obligasjonsgjeld gjeve negativ pantsettingserklæring. SFE har såleis ikkje eigedelar som er pantsett som tryggleik for gjeld.

## NOTE 19

### Informasjon om datterselskap

Beløp i 1000 kr	SFE Produksjon AS	Linja AS
Driftsinntekter	3 288 395	671 546
Driftskostnader	2 536 075	565 622
<b>Driftsresultat</b>	<b>752 320</b>	<b>105 924</b>
Netto finanspostar	9 856	-32 118
<b>Resultat før skatt</b>	<b>762 175</b>	<b>73 806</b>
Skattekostnad	487 035	12 875
<b>Ordinært resultat etter skatt</b>	<b>275 140</b>	<b>60 931</b>
Anleggsmiddel	3 877 191	2 406 913
Omløpsmiddel	1 275 747	131 985
<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 152 938</b>	<b>2 538 898</b>
Eigenkapital	1 402 120	732 387
Forpliktingar	326 497	171 044
Langsiktig gjeld	2 033 055	0
Kortsiktig gjeld	1 391 266	1 635 466
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>5 152 938</b>	<b>2 538 898</b>

# ERKLÆRING OM ÅRSREKNESKAP OG STYRET SI MELDING FOR 2022

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen for 2022 er utarbeida i samsvar med IFRS som fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som føl av rekneskapslova, samt at
- årsrekneskapen for morselskapet for 2022 er avlagt i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eideelar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at
- styret si melding gjer ein rettvisande oversikt over utvikling, resultatet og stillinga til selskapet og konsernet, saman med ein skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane selskapa er eksponert for.

Sandane 26.04.2023

**Sigurd Erlend Reksnes**  
-styreleiar-

**Silje Skaar Sunde**  
-nestleiar-

**Arvid Andenæs**

**Jan Helge Dale**

**Henrik Oppen**

**Olin Johanne Henden**

**Ragnhild Gundersen**

**Kevin Denton**

**Mons Solheim**

**Johannes Rauboti**  
-konsernsjef-

# Revisor si melding



Statsautoriserte revisorer  
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6a, 0191 Oslo  
Postboks 1156 Sentrum, 0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA  
Tlf: +47 24 00 24 00

[www.ey.no](http://www.ey.no)  
Medlemmer av Den norske Revisorforening

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane Energi AS sin årsrekneskap som er samansett av selskapsrekneskapen og konsernrekneskapen. Selskapsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap, og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. Konsernrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap, utvida resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

#### Etter vår mening

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrift
- gir selskapsrekneskapen eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til selskapet per 31. desember 2022 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoene i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til konsernet per 31. desember 2022 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift i Noreg og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandardar) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Vi er ikkje kjent med at vi har levert tenester i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Vi har vore Sogn og Fjordane Energi AS sin revisor samanhengande i 3 år frå valet på generalforsamlinga den 17. juni 2020 for rekneskapsåret 2020.

#### Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var viktigast ved revisjonen av årsrekneskapen for 2022. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utførd og då vi danna oss ei mening om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva. Vår beskriving av korleis vi handterte forholdet omtalt nedanfor i revisjonen, er gitt på den bakgrunn.

Vi har også oppfylt våre forpliktingar beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen* når det gjeld desse forholda. Vår revisjon omfatta følgjeleg handlingar utforma for å handtere vår vurdering av risiko for vesentlege feil i årsrekneskapen. Resultatet av våre



Building a better  
working world

revisjonshandlingar, inkludert handlingane retta mot forholdet omtalt nedanfor, utgjer grunnlaget for vår konklusjon på årsrekneskapen.

2

### Sikring av framtidig sal av kraftproduksjon

#### *Grunnlag for det sentrale forholdet*

Sogn og Fjordane Energi AS produserer kraft som vert omsett i den norske kraftmarknaden. Marknadsprisen på kraft er volatil og nominert i euro. Selskapet avlastar delar av denne risikoen ved bruk av finansielle derivat for kraftpris og finansielle valutaderivat og innlån i euro. Desse derivata vert rekneskapsført til verkeleg verdi i konsernrekneskapen. For derivat som inngår i sikringsrelasjonar, og der sikringa er vurdert å vere effektiv, vert verdiendringane rekneskapsført som kontantstraumsikringar mot utvida resultat intil sikra transaksjonen finn stad. Den ineffektive delen av sikringa vert rekneskapsført over resultatrekneskapen.

Konsernet har gjort greie for sikringsbokføring i note 9.

Sikring av framtidig sal av kraftproduksjon ved bruk av kraftderivat, valutaderivat og innlån i valuta var eit sentralt tilhøve i vår revisjon som følgje av omfanget av transaksjonar, kompleksiteten av rekneskapsreglane, og den potensielt vesentlege resultateffekten på konsernrekneskapen ved verdiendringar i kraftpris og valutakurs.

#### *Være revisjonshandlingar*

Gjennom vår revisjon har vi kartlagt og vurdert utforminga av konsernet sine interne kontrollar knytt til handel og oppfølging av finansielle instrument, samt krav til sikringsbokføring av valuta- og kraftkontrakter.

Vi har vurdert konsernet sine rekneskapsprinsipp for kraftderivat, valutaderivat og innlån i valuta og sikringsbokføring mot IFRS og konsernet sin strategi for handtering av finansiell risiko. Vi har testa fullstendigheten av transaksjonar knytt til kraftderivat, valutaderivat og innlån i valuta ved å innhenta dokumentasjon frå eksterne parter over avslutta og opne posisjonar, og samanheldt desse mot eit utval av resultatførte transaksjonar og opne posisjonar innrekna i balansen.

Vidare har vi testa verdsetjing og eksistens for eit utval av konsernet sine kraftderivat, valutaderivat og innlån i valuta mot stadfestingar frå Nasdaq og bankar.

Vi har også vurdert sikringsdokumentasjonen mot krava i IFRS og vi har testa eit utval av sikringsrelasjonane og selskapet si berekning av sikringsineffektivitet. Vidare har vi vurdert presentasjon og klassifisering av dei finansielle instrumenta i årsrekneskapen og selskapet sine noteopplysningar.

### Ytterlegare informasjon

Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for ytterlegare informasjon i årsrapporten. Vår fråsegn om revisjon av årsrekneskapen og andre lovmessige krav dekker ikkje ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om styret si melding, utgreiing om eigarstyring og selskapsleiring og utgreiing om samfunnsansvar inneheld dei opplysningane som skal gis etter gjeldande lovverk og om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at slik ytterlegare informasjon er vesentleg inkonsistent med årsrekneskapen, inneheld vesentleg feilinformasjon, eller om styret si melding, utgreiing om eigarstyring og selskapsleiring og utgreiing om samfunnsansvar ikkje inneheld dei opplysningars som skal gis etter gjeldande lovkrav, er vi pålagde å rapportere det.

Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi meiner at styret si melding, utgreiing om eigarstyring og selskapsleiring og utgreiing om samfunnsansvar er konsistente med årsrekneskapen og inneheld dei opplysningars som skal gis etter gjeldande lovkrav.



## Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil som ikkje er tilskjuta.

Ved utarbeidninga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge leiinga ikkje har planar om å avvikle selskapet, konsernet eller verksemda, eller ein ikkje har noko anna realistisk alternativ.

## Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil som ikkje er tilskjuta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleghald eller feil som ikkje er tilskjuta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskjuta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar;
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll;
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege;
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, modifisere konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoene for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta;
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilet;
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følgje opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle

Uavhengig revisor si melding - Sogn og Fjordane Energi AS 2022

A member firm of Ernst & Young Global Limited



svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Vi gir revisjonsutsvalget ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei sakene vi har kommunisert med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtala i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

### Fråsegn om anna lovmessige krav

#### Fråsegn om etterleving av krav om felles elektronisk rapporteringsformat (ESEF)

##### Konklusjon

Som en del av revisjonen av årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS har vi utført eit attestasjonsoppdrag for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som inngår i årsrapporten med filnamn 5967007LIEEXZIUTS36-2022-12-31-nb i det alt vesentlege er utarbeida i samsvar med krav i delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/815 om eit felles elektronisk rapporteringsformat (ESEF-regelverket) etter forskrift gitt med heimel i verdipapirhandellova § 5-5, som har krav til utarbeidning av årsrapporten i XHTML-format og iXBRL-markering av konsernrekneskapen.

Vi meiner at årsrekneskapen som inngår i årsrapporten i det alt vesentlege er utarbeida i samsvar med krav i ESEF-regelverket.

##### Leiinga sitt ansvar

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrapporten og i samsvar med ESEF-regelverket. Ansvarset omfattar ein hensiktsmessig prosess, og slik intern kontroll leiinga finn naudsynt.

##### Revisor sine oppgåva og pliktar

Vår oppgåve er, på grunnlag av innhenta revisjonsbevis, å gi uttrykk for ei mening om at årsrekneskapen som inngår i årsrapporten i det alt vesentlege er utarbeida i samsvar med krava i ESEF-regelverket. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med internasjonal attestasjonsstandard (ISAE) 3000 – «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon». Standarden krev at vi planlegg og utfører handlingar for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som inngår i årsrapporten er utarbeida i samsvar med krav i ESEF-regelverket.

Som ledd i vårt arbeid utførte vi handlingar for å opparbeide oss ei forståing for selskapet og konsernet sine prosesser for å utarbeide årsrapporten i XHTML-format. Vi utførte kontollar av fullstendigheten og nøyaktigheten av iXBRL-markeringa, og vurderte leiinga si bruk av skjønn. Vårt arbeid omfatta kontroll av konsistens mellom markeringane av data i iXBRL og den reviderte årsrekneskapen i menneskeleg lesbart format. Vi meiner at innhenta bevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Oslo, 26. april 2023  
ERNST & YOUNG AS

*Revisjonsmeldinga er signert elektronisk*

Finn Espen Sellæg  
statsautorisert revisor

# SAMFUNNSREKNESKAP 2022

Beløp i 1.000 kr	2022	2021
Driftsinntekter	3 629 756	1 643 771
Verditap av konsesjonskraft	73 113	50 700
Forbruk av innkjøpte varer/tenester	2 022 330	975 778
<b>brutto verdiskaping i eiga verksemد</b>	<b>1 680 538</b>	<b>718 693</b>
kapitalslit (avskrivinger/nedskrivinger)	188 215	205 016
<b>netto verdiskaping i eiga verksemد</b>	<b>1 492 323</b>	<b>513 677</b>
finansinntekter	72 683	68 456
<b>verdier til fordeling frå eiga verksemد</b>	<b>1 565 006</b>	<b>582 133</b>
Meirverdiavgift netto	391 604	121 478
verdier til fordeling i alt	1 956 610	703 611

## Fordeling av verdiskaping til:

Tilsette

Brutto løn og sosiale ytingar	274 652	237 448
Skatt frå tilsette	-65 037	-59 453
Arbeidsgivaravgift	-29 791	-25 190
<b>Netto fordelt tilsette</b>	<b>179 824</b>	<b>9,2 %</b>

## Kapitalinnskytarar


Renter til kreditytarar	135 729	83 957
Kapitaluttak eigar	125 000	0
<b>Netto fordelt kapitalinnskytarar</b>	<b>260 729</b>	<b>13,3 %</b>

## Stat, kommunar

Skattar og avgifter	876 651	274 671
Skatt frå tilsette	65 037	59 453
Arbeidsgivaravgift	29 791	25 190
Meirverdi konsesjonskraft	73 113	50 700
Meirverdiavgift netto	391 604	121 478
<b>Netto fordelt stat og kommune</b>	<b>1 436 195</b>	<b>73,4 %</b>

## Verksemda

<b>Tilbakeholdt i konsernet</b>	<b>79 862</b>	<b>4,1 %</b>	<b>-64 644</b>	<b>-9,2 %</b>
<b>Sum fordelt</b>	<b>1 956 610</b>	<b>100%</b>	<b>703 610</b>	<b>100%</b>



# PRESENTASJON AV KONSERNSTYRET

## Styreleiar

### **SIGURD REKSNES (F.1977)**

Stilling: Bonde.

Utdanning: Agronom.

Har praksis som folkevald i både kommune og fylkespolitikk og ei rekke verv i styrer, råd og utval.



## Nestleiar

### **SILJE SKAAR SUNDE (F.1984)**

Stilling: Leder strategi og bærekraft i Eviny AS.

Utdanning: Master i økonomi og administrasjon – siviløkonom og master i revisjon og regnskap frå NHH.

Styremedlem i Sognekraft AS, Eviny Venture AS, NHO Vestland og Sunnfjord tomteselskap.



## Styremedlem

### **HENRIK OPPEN (F.1957)**

Stilling: Driftsteknikar ved Osland Havbruk AS.

Utdanning: Agronom

Har praksis som folkevald og som medlem av Fylkestinget i Sogn og Fjordane.



## Styremedlem

### **JAN HELGE DALE (F.1955)**

Stilling: Kommuneoverlege i Kinn kommune

Utdanning: Spesialist i almennmedisin og samfunnsmedisin.

Har praksis som folkevald i Flora kommune og ei rekke verv i styrer, råd og utval



**Styremedlem  
ARVID ANDENÆS (F.1954)**

Stilling: Pensjonist

Utdanning: Master of Management fra Handelshøyskolen BI.

Har vore Administrerende direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane fra 2001 til 2016. Har også erfaring fra Sparebank 1 Nord Norge og Danske Bank.

**Styremedlem  
OLIN JOHANNE HENDEN (F.1972)**

Stilling: Dagleg leiar i Henden Sport AS, Elvetun Eigedom AS og Nordfjord Aktiv. Er nestleiar i styret i Helse Vest.

Utdanning: Handelshøyskolen BI, Høyskolen i Oslo og Akerhus og Gimlekollen Mediesenter.

Har praksis som dagleg leiar og politikar i kommune og fylkespolitikk.

**Styremedlem  
KJELL ASLE BAKKEBØ (F.1968)**

Tilsetterepresentant\*

Stilling: Montørformann, Linja AS.

Utdanning: Fagbrev gruppe A og B.

Har jobba i tidlegare Ytre Fjordane Kraftlag og jobbar i dag på Linja sin montørbase på Stadlandet.

**Styremedlem  
ERLING AUSTREIM (F.1979)**

Tilsetterepresentant\*

Stilling: Prosjektplanleggar, Linja AS.

Utdanning: Sivilingeniør frå NTNUI.

Har tidlegare jobba i Teleconsult og Eltel.

**Styremedlem  
KEVIN DENTON (F.1980)**

Tilsetterepresentant

Stilling: Fagleiar Produksjonssentral, SFE Produksjon AS.

Utdanning: Elektronikkingeniør, Høgskolen i Bergen.

Har tidlegare jobba i Siemens Olje og Gass i Bergen.



\* Etter fusjon mellom Linja AS og Mørenett AS 8. mars er dei ikkje lenger tilsette i konsernet og følegeleg heller ikkje tilsetterepresentantar i styret.

# PRESENTASJON AV KONSERNLEIINGA

## Konsernsjef

### **JOHANNES RAUBOTI (F.1958)**

Johannes Rauboti begynte i SFE i 2015. Han er sivilingeniør i elkraftteknikk og har pedagogisk utdanning for sivilingeniørar frå NTH. Han har også bedriftsøkonomistudiet frå BI i Porsgrunn. Johannes har lang erfaring frå kraftnæring og annan industri, og kom til SFE frå stillinga som adm. direktør i kraftprodusenten Vardar.



## Konserndirektør Linja

### **ATLE ISAKSEN (F.1977)**

Atle Isaksen er utdanna sivilingeniør i elkraftteknikk frå Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU). Han kom til SFE Nett i 2003 der han har vore både prosjektingeniør, avdelingsleiar og konstituert nettdirektør. I 2020 vart han leiar for nettforvalting og utvikling i BKK Nett. Atle kom tilbake til Linja (tidlegare SFE Nett) i august 2022 som ny konserndirektør.



## Konserndirektør produksjon

### **KNUT ARILD FLATJORD (F.1980)**

Knut Arild Flatjord er utdanna automasjonsingeniør og har mastergrad innan økonomi og leiing (MBA). Han kom til SFE i 2022, og var før det regionsdirektør for GK på Vestlandet. Tidlegare har han vore avdelingsleiar for Tess og han har hatt sentrale verv i NHO Vestlandet.



**Konsерndirektør økonomi og finans  
MARTIN HOLVIK (F.1966)**

Martin Holvik byrja i SFE i 1997. Han har utdanning som siviløkonom frå sivil-økonomutdanningen i Bodø. Holvik har tidlegare mellom anna arbeidd i kommunerevisjonen i Nordfjord.

**Konserndirektør kommunikasjon  
JANNICKE LINDVIK (F.1979)**

Jannick Lindvik har bachelor i "markedsføring, internasjonalisering og ledelse" frå Høyskolen i Østfold/BI Bergen i tillegg til "PR-ledelse og strategisk kommunikasjon" ved BI Oslo. Jannicke starta som trainee i Sogn og Fjordane Energi i 2006 og har jobba i kommunikasjonsavdelinga sidan 2011.

**Konserndirektør HR og organisasjon  
OLE BENT SØREIDE (F.1961)**

Ole Bent Søreide byrja i 1992 i Firdakraft, som seinare vart ein del av SFE. Han har utdanning innan elektrofag frå Møre og Romsdal Ingeniørhøgskole, påbygging HMS/kvalitet og økonomi/administrasjon frå Horten Ingeniørskole/Tønsberg Maritime Høgskule, og i tillegg to Master of management-program innan leiing frå Handelshøgskulen BI.

**Konserndirektør IKT og digitalisering  
BJARTE LOFNES HAUGE (F.1986)**

Bjarte Lofnes Hauge har ein bachelorgard i fysikk og mastergrad innan målevitskap og instrumentering frå Universitetet i Bergen. Han byrja i SFE i 2011.





**Sogn og Fjordane Energi**

Post- og besøksadresse:  
Sørstrandsvegen 227,  
6823 Sandane  
[post@sfe.no](mailto:post@sfe.no)  
[www.sfe.no](http://www.sfe.no)

**Linja AS**

Besøksadresse:  
Kyllervegen 6,  
6906 Florø  
[www.linja.no](http://www.linja.no)

**Telefon:** 57 88 47 00